

Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning

# Bugøynes og kongekrabbe – ei redning frå Russland?

*Ei studie av kongekrabba si betydning for bygdesamfunnet Bugøynes*

---

**Hans Husøy**

*Masteroppgåve i samfunnsplanlegging og kulturforståing, november 2019*





## Forord

«No er det berre resten igjen» brukte vi på Lesehuset avslutte samtalene med, etter vi hadde oppsummert kor mykje vi hadde igjen av skrivinga. Lukke til vidare – eg er ikkje bekymra.

Mange skal rettast takk:

Hjarteleg takk til alle informantane i Bugøynes og Kirkenes.

Takk til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet for stipend.

Vegleiar Halldis Valestrand, eg vil aldri gløyme telefonsamtalen seit 21. mai.

Mine foreldre, der døra alltid er open.

Masteroppgåver viser som regel til slutten av eit utdanningsløp. Mitt utdanningsløp har vore langt og har gitt meg mykje. Det har gitt meg innsyn i nye perspektiv og innfallsvinklar for å forstå ei kompleks verd. Utdanninga har også teke meg stadar eg utan den aldri hadde sett.

Eg er overtydd om at verda ikkje berre kan levast gjennom PC-skjermar, bak tunge bøker eller på därlege kontorstolar. No er det på tide å kome seg ut i den «ekte» verda og bruke denne kunnskapen. «No er det berre resten igjen»

*«Bygda – me lengtar tilbake, men me kjeme aldri heim igjen»*

- Side Brok

Hans Husøy, Lilongwe, 15. november 2019



## **Samandrag**

Denne masteroppgåva tek føre seg Bugøynes og kongekrabba, og konsekvensane arten har hatt for dette lokalsamfunnet i Sør-Varanger kommune. Gjennom to feltarbeid sommaren 2018 og vinteren 2019, svarer oppgåva på problemstillinga: «*Kva konsekvensar har kongekrabba hatt for Bugøynes?*», og to forskingsspørsmål: «*Kva utfordringar står sysselsetjingssystemet Bugøynes ovanfor?*» og «*Korleis kan Bugøynes forståast som eit attraktivt lokalsamfunn?*» For å analysere desse har eg mellom anna brukt Jentoft og Wadel (1984b, s. 14) sine omgrep om fiskerisamfunn som sysselsetjingssystem. Dei undersøkte funksjonane i sysselsetjingssystemet var skulen, omsorgssenteret, kongekrabbefiskarar og kongekrabbebedrifta Norway King Crab. Informantane er frå desse funksjonane, samt kommunen.

Kongekrabba har vist seg som ein avgjerande faktor for Bugøynes, der arten vart sett på som redninga for bygda. Dei vidare undersøkingane har gått ut på kva utfordringar bygda har. Kutt i offentleg sektor, svak rekruttering inn i fisket og ei negativ befolkningsutvikling som passar inn nordnorsk demografi, gjer at informantane i Bugøynes viser bekymring for framtida. Funna viser til at utfordringane i lokalsamfunnet, innan mellom anna rekruttering, attraktivitet, kongekrabbefiske og få arbeidsplassar, heng saman. Dette gjer lokalsamfunnet i Bugøynes sårbart. Turisme vert sett på som ei næring med potensial, noko som kan gjere Bugøynes til eit meir attraktivt lokalsamfunn.

# Innaldsliste

<b>1.0 Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1 Introduksjon til tema .....	5
1.2 Press og lokale utfordringar .....	6
1.3 Val av tema – fish out of water .....	8
1.4 Problemstilling og forskingsspørsmål .....	8
<b>2.0 Bugøynes .....</b>	<b>11</b>
2.1 Kongekrabbeindustri i Bugøynes .....	17
2.2 Oppsummering Bugøynes 2019 .....	18
<b>3.0 «Det er jo torsk som er bread and butter for enhver fisker» Fisket har vore viktig for innbyggjarane i Bugøynes .....</b>	<b>20</b>
3.1 Sentralisering i «Problemet» Nord-Noreg .....	20
3.2 Endringar i fiskerinæringa .....	22
3.3 Utvikling i busettingsmønster.....	24
3.4 Befolkningsutvikling i Nord-Noreg og Finnmark .....	25
3.5 Fiskeri og demografi – fiskeripolitikkens paradoks .....	26
3.6 Oppsummering .....	27
<b>4.0 Lokalsamfunn, fiskerisamfunn og andre analytiske perspektiv .....</b>	<b>28</b>
4.1 Analytiske tilnærmingar .....	28
4.2 Fiskeri som sysselsetjingssystem .....	29
4.2.1 Skulen i sysselsetjingssystemet .....	30
4.2.2 Nærleik eller individualisering i Nord-Noreg .....	31
4.3 Lokalsamfunn.....	32
4.3.1 Attraktive lokalsamfunn .....	33
4.4 Ny offentleg styring.....	36
4.4.1 Auka målstyring- New Public Management .....	36
4.4.2 Betydning for lokalsamfunnet .....	37
4.5 Oppsummering .....	38
<b>5.0 Metodiske val og refleksjonar .....</b>	<b>39</b>
5.1 Prosessanalyse som metodisk verktøy – inntak til feltet .....	39
5.2 Metodisk design .....	40
5.2.1 Feltarbeid og intervju .....	40
5.2.2 Dokumentanalyse .....	41
5.2.3 Utarbeiding av intervjuguide .....	41
5.2.4 Kategorisering .....	42
5.2.5 Utval .....	42
5.3 Forskingsetikk .....	43
5.4 Metodiske refleksjonar i ettertid.....	44

<b>6.0 Kongekrabbe (<i>paralithodes camtschaticus</i>).....</b>	<b>46</b>
6.1 Kongekrabbe historie .....	46
6.2 Kongekrabbefisket i seinare tid.....	48
6.3 Regelverk.....	48
6.4 Konsekvensar av innførte artar.....	49
6.5 Spreiing sør- og vestover:.....	50
6.6 Kvoteområde .....	51
6.7 Norway King Crab .....	52
6.8 Kongekrabbe og Bugøynes oppsummering.....	54
<b>7.0 Lokale stemmer i Bugøynes.....</b>	<b>55</b>
7.1 Kongekrabba si betydning for Bugøynes .....	55
7.2 Utvikling, utfordringar og lokale bekymringar – Bugøynes 2019 .....	58
7.2.1 Fråflytting, sentralisering og urbanisering.....	58
7.2.2 Omsorgssenter .....	59
7.2.3 Skule og barnehage.....	62
7.2.4 Lokal misnøye med kommune - «Dem vil jo ha alt til Kirkenes!» .....	64
7.3 Fiskeripolitikk, kvoter og aktivitetskrav – aktørar i næringa .....	67
7.3.1 Kystbygdekamp og påverknadskraft .....	67
7.3.2 Profesjonaliseringa av fisket.....	69
7.4 Kongekrabbeturisme – framtidig næring? .....	73
7.4.1 Turisme i Bugøynes.....	74
7.5 Bugøynes og attraktivitet.....	76
7.5.1 Rekruttering til fisket.....	76
7.5.2 Skule og utdanning .....	77
7.5.3 Økonomiske verkemiddel – tiltakssone og oppstartsmiddel til fiske .....	78
7.6 Oppsummering av funn .....	79
<b>8.0 Drøfting – ei forståing av lokalsamfunnet Bugøynes som sysselsetjingssystem.....</b>	<b>81</b>
8.1 Bugøynes som sysselsetjingssystem.....	81
8.1.1 Bugøynes som funksjonelt system – ei avklaring .....	82
8.2 Utfordringar for sysselsetjingssystemet – omsorgssenter .....	82
8.2.1 Bekymring kring politisk styring.....	84
8.2.2 Budsjettfordeling med lokalsamfunn som tapar? .....	85
8.3 Kongekrabbe og kystbygdekamp .....	88
8.3.1 Utviklingstendensar i kongekrabbefisket – utfordring for sysselsetjingssystemet? .....	89
8.3.2 Mot eit nytt fiskeripolitisk paradoks? .....	90
8.4 Rekruttering til Bugøynes.....	92
8.4.1 Rekruttering av unge i fisket og bygda.....	92


8.4.2 Bugøynes som attraktivt lokalsamfunn?.....	95
8.5 Oppsummering av rekruttering og attraktivitet .....	97
<b>9.0 Avslutting og konklusjon .....</b>	<b>98</b>
9.1 Framtida for Bugøynes og forskingsfeltet .....	100
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>102</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>110</b>
Vedlegg 1: Kongekrabbe biologi.....	110
Vedlegg 2: E-post Torstein Pedersen, professor marin biologi- og økologi .....	112
Vedlegg 3: Intervjuguide – representant SVK .....	113
Vedlegg 4: Førespurnad om deltaking i forskingsprosjekt.....	115

## Figurliste


Figur 1: Oversikt Bugøynes (google.maps.com).....	1
Figur 2: Oversikt Bugøynes (google.maps.com).....	1
Figur 3: Oversikt Bugøynes (norgeskart.no) .....	2
Figur 4: Oversikt Bugøynes (norgeskart.no) .....	2
Figur 5: Foto: Hans Husøy .....	3
Figur 6: Foto: Hans Husøy .....	3
Figur 7: Bugøynes. Foto: Tomassen (2018).....	11
Figur 8: Statue til minne om finsk innvandring. Foto: Hans Husøy.....	13
Figur 9: Statue til minne om finsk innvandring. Foto: Hans Husøy.....	13
Figur 10: Annonse Dagbladet, 15. august 1989 (Tommasen, 2018).....	16
Figur 11: Innbyggjarar etter fødselstiår, 2011 (Ingilæ og Losoa, 2011, s 231-234).....	19
Figur 12: Antal fiskarar og oppfiska kvantum (SSB, 2019a) .....	23
Figur 13: Attraktivitetspyramida (Vareide m.fl. 2013, s. 20).....	34
Figur 14: Kongekrabbe klar for scanning. Foto: Hans Husøy.....	46
Figur 15: Bifangst av kongekrabbe (Havforskningsdirektoratet, 2004).....	47
Figur 16: Spreiing av kongekrabbebestand (St. meld. 17 (2014-2015)). .....	50
Figur 17: Kvoteområde uteha i blått (Fiskeridirektoratet 2019a).....	51
Figur 18: Stader NKC leverer til markert raudt. Foto: Hans Husøy.....	53
Figur 19: Sysselsetjingssystemet Bugøynes .....	80
Figur 20: Sesongvandring til kongekrabba (Stortingsmelding 40 (2006 2007)).....	111







Figur 1: Oversikt Bugøyfjord (google.maps.com)



Figur 2: Oversikt Bugøyfjord (google.maps.com)



Figur 3: Oversikt Bugøynes (norgeskart.no)



Figur 4: Oversikt Bugøynes (norgeskart.no)



Figur 5: Foto: Hans Husøy



Figur 6: Foto: Hans Husøy



## 1.0 Innleiing

Før eg reiste til Bugøynes sommaren 2018, hadde eg lest ein del om bygda: store innslag av finsk kultur, korleis bygda vart spart for tyske flammer under andre verdskrig, den smått legendariske utlysinga i Dagbladet i 1989 – der bygda la seg ut for sal, og sjølvsagt kongekrabba. Då eg kom til bygda for første gong var det utan dei store føringane – eg hadde aldri vore i Finnmark før eg landa på Høgbuktmoen sommaren 2018. Etter ein rask tur til Hesseng for å fylle bensin og kjøpe proviant hadde eg sett både kyrilliske bokstavar og bilar frå militærret. Kjensla av å vere nær russargrensa var spennande samstundes som det gjorde det klart eg var langt nord. Etter å ha snudd vestover igjen og lagt ut på den 90 minutt lange køyreturen til Bugøynes kom eg etter kvart ut mot opent slettelandskap før eg måtte bråstoppe. Fire reinsdyr midt i vegbana. Eg fekk børsta av meg det første (kultur)sjokket medan eg betrakta to ørner i luftkamp.

Eit halvt år seinare, februar 2019, tok eg igjen turen til Bugøynes. Denne gong var det eit snødekt vinterlandskap som møtte meg etter kvart som eg køyrtre frå Tyttebærsletta og ned til Bugøynes. Etter å ha innlosjert meg, satt på radio og trakta kaffi, satt eg meg ned ved vindauge. Trafikken som passerte vindauge var ikkje stor, men med jamne mellomrom passerte store lastebilar merka med logoen til «Norway King Crab» forbi.

Denne masteroppgåva skal handle om kongekrabbe og Bugøynes. I mine to møter med staden har eg forsøkt setje meg inn i kongekrabbeindustrien i bygda og kva konsekvensar den har hatt.

### 1.1 Introduksjon til tema

Bugøynes er ei fiskeribygd i Sør-Varanger kommune (SVK) med i underkant av 200 innbyggjarar, som sidan 1980-talet meir eller mindre har hatt kongekrabba i fjøresteinane. Arten som kom inn sidelengs frå russisk farvatn har skapt arbeidsplassar og gjort Bugøynes til «kongekrabbehovudstaden», mellom anna som sentrum for utvikling av fangstteknologi og marknadsføring (Seipajærv, 2018). I 2019 konkurrerer den lokale kongekrabbebedrifta Norway King Crab (NKC) på ein internasjonal marknad, og sender levande kongekrabbar til restaurantar rundt omkring i verda. På NKC sitt kongekrabbemottak i Bugøynes er det fire personar på lønninglista, og bedrifta kjøper kongekrabbe frå fiskarar i Bugøynes og kringliggende bygder. Ved full kongekrabbekvote i 2019 kan ein kongekrabbefiskar lande om

lag to tonn kongekrabbe, med ein kilopris på 165 kr/kg<sup>1</sup>. Dette gir ei tilleggsinntekt på 400 000 – 500 000 kr på eit fiske som kan ta under to veke. Desse summane har gjort at ein kan kalle kongekrabbefisket «attraktivt» og ei kongekrabbekvote for eit «gullpapir» (Nærings- og fiskeridepartementet, 2007; Hykkerud, 2016). Det var også desse beløpa som gjorde at dåverande fiskeriminister Per Sandberg peika på kongekrabben som ein av faktorane for den økonomiske veksten i Finnmark. Han såg også eit vidare utviklingspotensial innan kongekrabbenæringa (Nærings- og fiskeridepartementet 2017b). Tal frå 2018 viser at det vart fiska 2310 tonn norsk kongekrabbe med ein fangstpris på 386 millionar kroner (Statistisk sentralbyrå [SSB], 2019a). Den totale eksportprisen av kongekrabbe var om lag 580 millionar (Norges Sjømatråd, 2019).

## 1.2 Press og lokale utfordringar

Sjølv med ei potensiell inntening på 400-500 000,- på om lag to vekers kongekrabbefiske, viser det seg at ein kan stille spørsmål om kor attraktivt kongekrabbefisket faktisk er i Bugøynes. Denne oppgåva kastar ljós over nokre av utfordringane bygda står ovanfor, mellom anna fiskarflåta i Bugøynes. Totalt tel flåta i underkant 20 båtar og vert dominert av eldre menn, der kjernen er pensjonistar (Henriksen, 2019a). Den yngste vert sagt er 35 år og den nest yngste er 46. Framtidsutsiktene for fisket i bygda opplevast som dystre, og om den manglande tilveksten til fisket vert det sagt: «Hvis vi ikke får til rekruttering, ser ikke dette bra ut» (Henriksen, 2019a). Dette er ei av utfordringane Bugøynes står ovanfor, der den labre rekrutteringa innan fisket kan føre til negative konsekvensar for bygda. Endringar innan kongekrabbefisket kan også representera eit press på bygda si fiskarflåte. Denne oppgåva belys mellom anna endringa i *aktivitetskrav*, som auka før 2019 sesongen, samt at fleire reiselivoperatørar i Sør-Varanger no baserer seg på kongekrabbeturisme. Kven får retten til kongekrabba?

Lokalsamfunnet i Bugøynes har også vore utsett for press frå kommunen, der ein har ville kutta i tenestetilbodet ved bygdas omsorgssenter. Dette har vore ei utfordring tidlegare, der det har vore diskutert å flytte bebuarane ved omsorgssenteret i Bugøynes nærmere 100 kilometer inn til Kirkenes (Ballari og Mortensen, 2014). I eit lesarinnlegg skrivne på vegne av bygda sine innbyggjarar kom det fram at kutt i omsorgssenteret, bygdas største arbeidsplass, førte til stor motstand og mobilisering (Høiberget 2018). Det vart også karakterisert som ein

---

<sup>1</sup> Dynamisk minstepris for hannkrabbe over 3,5 kg.

«hån for oss i distriktet». Trass potensielle kutt i omsorgssektoren viser det seg at SVK ventar 852 fleire brukarar i 2040 enn i 2018. I 2017 gjekk 23 739,- per innbyggjar til pleie- og omsorgstenester, høgare enn både lands- og Finnmarksgjennomsnittet (Sør-Varanger kommune, 2018a). I tillegg til press på omsorgssenteret i Bugøynes, ser ein at det vert bygd mellom anna barnehage, symjehall og barneskular nærmere Kirkenes sentrum (Celsius, 2018). På ein annan av Bugøynes sine institusjonar, oppvekstsenteret – som inkluderer barnehage og grunnskule, har ein rekna seg fram til at kostnaden per elev er 291 687 kroner. Ein elev ved Kirkenes ungdomsskule kostar til samanlikning 156 442,- per år (Sør-Varanger kommune, 2018a). I tillegg vil denne oppgåva kaste ljós over demografiske trekk i regionen, for å sjå om Bugøynes i 2019 kan spegle nokre av desse – eller om at kongekrabba har fungert attraktivt i Bugøynes, slik Nærings- og fiskeridepartementet (2007) hevda.

Historisk sett vart Nord-Noreg sett på som eit «problem» i etterkrigsåra. Rapporten *Problemet Nord-Norge* (Grønås, Halvorsen, Torgersen, 1948) viste til den låge innteninga bidraget landsdelen hadde til den nasjonale økonomien. Då statsminister Kjell Magne Bondevik i 2005 presenterte stortingsmeldinga *Muligheter og utfordringer i nord*, hadde noko tydelegvis endra seg (Pedersen 2011, s. 272). «Problem» hadde blitt til «møglegheit» (Strøksnes, 2006). Tittelen til stortingsmeldinga tilseier at regionen har «utfordringar», noko som Angell, Aure, Lie, Nygaard og Ringholm (2013, s. 7) kalla «alarmerende utviklingstrekk».

I deira rapport «*Attraktive lokalsamfunn og arbeidsmarkedsregioner i Nord-Norge*», peiker forfattarane på fleire utviklingstrekk i den nordlegaste landsdel: befolkninga har vorte markant eldre dei siste 20 åra, og det er grunn til uro for eigenveksten. Aldersgruppa 18-40 år er redusert, spesielt for kvinner. Det same gjeld fødselstala. Befolkningspyramida er mykje meir topptung enn i Sør-Noreg, noko som sett sysselsetjinga i regionen under press. Om lag 40% av Nord-Noreg sin arbeidsstokk vil vere avgått med pensjon innan 2030. Fleire sektorar vil møte utfordringar med rekruttering, der den venta eldrebølgja vil styrke behovet for helsefagleg arbeidskraft. Skuleverket vil også oppleve manglende arbeidskraft som resultat av venta aldersavgang. Primærnæringane fiske, landbruk og reindrift vil møte dei same utfordringane. Det er altså eit stort gap mellom venta behov for arbeidskraft og venta befolkningsutvikling (Angell m.fl. 2013, s. 6). Korleis ser dette ut for Bugøynes? Har kongekrabba fungert attraktivt og styrka lokalsamfunnet?

### 1.3 Val av tema – fish out of water

Etter ei tid busett i Tromsø utvikla eg ei sterkare interesse for Nord-Noreg og kvifor folk vel å bu der dei bur. Eg såg på valet av oppgåve som ein framifrå måte å lære meir om ein landsdel og type lokalsamfunn eg visste veldig lite om. Denne måten å tilnærme seg ny kunnskap på, der ein omtrent ifrå eit nullpunkt, utforskar og erfarer nye felt, har til tider vore både særspennande og særslig utfordrande. For å bruke ein marin analogi har eg til gangs vore «fish out of water». Grunnen til at det vart nettopp Bugøynes som er tema for denne oppgåva, kom av at staden var interessant, og det var fleire moglege innfallsvinklar: kongekrabba som innført art og økologisk trugsel, kongekrabbe som sentral aktør i bygdesamfunnet, og om fråflyttingstendensane kanskje kunne endrast etter inntoget til kongekrabba. Det har vore skrive vitskapeleg oppgåver om Bugøynes tidlegare, men dette er ei stund sidan og det har skjedd endringar både innan kongekrabbefisket, Bugøynes og samfunnet generelt. Monsen (2004, s. 62) beskriv ei bygd med tannlege, to butikkar og 20 elevar på skulen. Den då nye ressursen kongekrabbe hadde ikkje revitalisert produksjonssystemet Bugøynes endå, men både kulturen og kompetansen var i endring. Korleis ser bygda ut i 2019, 15 år seinare? Kva har skjedd i Bugøynes og med kongekrabba? Denne oppgåva kan sjåast som ei oppdatering på tilstanden i bygda, og svarer på følgjande problemstilling og forskingsspørsmål:

### 1.4 Problemstilling og forskingsspørsmål

Problemstilling: «*Kva konsekvensar har kongekrabba hatt for Bugøynes?*»

Forskingsspørsmål 1: «*Kva utfordringar står sysselsetjingssystemet Bugøynes ovanfor?*» og

Forskingsspørsmål 2: «*Korleis kan Bugøynes forståast som eit attraktivt lokalsamfunn?*»

Før eg landa på Høgbuktmoen viste eg at landsdelen hadde utfordringar som forgubbing og fråflytting, der eg ville undersøke om kongekrabben kunne vere, eller hadde vore, ein brems i fråflyttinga, og heller bidra positivt til utviklinga av lokalsamfunnet i Bugøynes. Er kongekrabba til dømes noko som held på folket i Bugøynes og går imot straumen om fråflytting? Har kongekrabba gjort Bugøynes meir attraktivt?

Under mine feltarbeid i Bugøynes, og etter kvart som eg fekk kontakt med informantar og såg Bugøynes «frå innsida», såg eg det interessant å sjå kongekrabba sine konsekvensar frå fleire perspektiv. Eitt av desse var miljøperspektivet, der arten mellom anna er kategorisert som svært høg risiko for havfauna (Sundet, 2019). Tidlegare forsking indikerer at arten ikkje er bra for havområdet den ferdast i, og at Atlanterhavet nok ikkje vil verte det same igjen. Dette

perspektivet vert belyst i oppgåva, men etter det første møte med Bugøynes vart det meir interessant å sjå kva utfordringar staden hadde, trass nærleiken til kongekrabba og Bugøynes sin tittel som Kongekrabbehovudstad. Forskingsspørsmåla er knytt til ei antaking om at kongekrabba har betra livet i Bugøynes og at dette har styrka og gjort lokalsamfunnet meir attraktivt.

Forskingsspørsmål 1 : «*Kva utfordringar har sysselsetjingssystemet i Bugøynes?*» er difor eit forskingsspørsmål som har kome under vegs i forskarprosessen. Dette dreia seg om rekruttering i fisket, nye reguleringar for kongekrabbefiskarane og kutt i offentleg sektor representert ved skule, barnehage og omsorgssenter. Sysselsetjingssystem-omgrepet vert forklart nærmare i kapittel 4.2.

Forskingsspørsmål 2 : «*Korleis kan Bugøynes forståast som eit attraktivt lokalsamfunn?*». Det andre forskingsspørsmålet handlar om korleis Bugøynes kan forståast som attraktivt, der måten attraktivitets-omgrepet vert definert kan ha implikasjonar for korleis staden Bugøynes vert tolka av potensielle tilflyttarar. Forskingsspørsmålet har nær samanheng med rekrutteringa til bygda.

For å analysere problemstilling og forskingsspørsmål har eg nytta Jentoft og Wadel (1984) sitt sysselsetjingsomgrep, henta frå deira bok *I samme båt*. I lesinga av boka slo det meg at fleire av dei generelle utfordringane innan fiskeriindustrien på 80-talet kunne relaterast til dei utviklingstrekk og utfordringar kongekrabbeindustrien i Bugøynes stod ovanfor i 2019. Dette gjeld mellom anna rekruttering og sosialisering inn i fisket, som er viktige faktorar for å få eit godt sysselsetjingssystem. Ei liknande tilnærming har Svein Jentoft (2012), der han beskrev korleis lokalsamfunn i Nord-Noreg kan sjåast som funksjonelle eller interavhengige sosiale system. Han bruker metaforane «fotballag» og «busskø» for å forklare desse. Jentoft presenterer og ein siste metafor som kan minne om sysselsetjingssystemet. Han ser lokalsamfunnet som eit fiskegarn, der trådane i mellom knutane er personane i lokalsamfunnet. Dersom dei trådane forsvinn, mistar ein festa mellom folk, slik at garnet får hòl. Desse vert brukt i analysa og drøftinga av Bugøynes sine utfordringar.

Ottar Brox (1966; 1988) si tidlegare forsking på Nord-Noreg vert også nytta, der han ser utviklinga i norsk fiskeripolitikk ifrå eit næringsperspektiv eller lokalsamfunnsperspektiv. Brox (1998) si prosessanalyse vert også nytta som analytisk perspektiv, der ein forsøker å finne verdiane til dei handlande aktørar, deira verdi bak handling. Dette perspektivet er nytta for å gje eit bilet av kvifor dei handlande aktørane handlar ulikt.

## Oversikt vidare

**Kapittel 1** viste til innleiing og problemstilling, samt ein kort innføring i konteksten oppgåva sitt tema går føre seg i.

**Kapittel 2** vil vise til Bugøynes, for å gje eit bilet av staden og historia. Det vil også gitt eit oversikt av tilgjengeleg demografi og næringsliv i bygda.

**Kapittel 3** er ein kort gjennomgang på tidlegare forsking på Nord-Noreg og fiskerisamfunn, samt nasjonale og regionale demografiske tendensar.

**Kapittel 4** viser til teoretiske reiskapar brukt til å drøfte problemstillingar og forskingsspørsmål.

**Kapittel 5** er ein metodologisk gjennomgang, der eg mellom anna viser til mine utfordringar kring det å vere forskar i eit ukjent område.

**Kapittel 6** handlar om kongekrabba, der ytterlegare informasjon er vedlagt.

I kapittel 7 viser eg til mine funn, som eg i kapittel 8 drøftar opp mot tidlegare presentert teori og forsking.

I kapittel 9 oppsummerast oppgåva.

## 2.0 Bugøynes



Figur 7: Bugøynes. Foto: Tomassen (2018)

«(...) kan man god vanskelig tenke sig nogen mere isolert og avsides beliggenhet, det er praktisk talt en ø» - A.B. Wessel (*Optegnelser fra Sør-Varanger* (1938, s 63 i Salangi, 2016, s. 11; Storaas, 2007, s 73).


Sitatet ovanfor fortel om ei isolert bygd langt utanfor allfarveg, med sjøen som nærmeste nabo, der Barentshavet startar. Det skal seiast at vegen til Bugøynes, som vart opna i 1962, har gjort tilgangen noko enklare, sjølv om det ofte er slik at «Til Bugøynes drar bare de som skal til Bugøynes (Ingilæ og Losoa, 2011, s. 6; Salangi, 2010, s. 110). Bugøynes ligg 100 kilometer vest for Kirkenes, der ein må ta av frå hovudvegen og køyre vidare 20 minutt før ein kjem fram. Fylkesadministrasjonen i Vadsø ligg like over fjorden, ein kan sjå ljosa frå byen til venstre i biletet ovanfor. Eit nøyaktig innbyggjartal for Bugøynes har vore vanskeleg å finne, men statestikk frå 2011 viser at det budde i overkant av 200 innbyggjarar i Bugøynes. Dei fleste bur ved havet og den kjente sandstranda, resten bur enten på Tyttebærsletta eller langs Pipolaveien. Ein finn postkontor, butikk, pub, lokalmuseum, kyrkje<sup>2</sup>, restaurant, barnehage, eldresenter og barne- og ungdomsskule i bygda. Ungdomsskulen har 17 elevar, medan

<sup>2</sup> Kyrkja i Bugøynes vart bygd i 1989 (Salangi 2010, s. 97). Læstadianismen har stått sterkt i Bugøynes og bygda har vorte kalla *læstadianarbygda*. Heilt fram til 1970-talet var det læstadianarar som korkje hadde speil eller radio i eige hus. Læstadianarane godtok ikkje TV, dans, kortspel, juletre og alkohol (Storaas 2007, s. 81)


eldresenteret har sju brukarar. Kvar sommar inviterer også bygda til Bugøynesfestivalen med musikk og folkeliv.



Ein kan ikkje snakke om Bugøynes å nemne om den finske påverknaden. Ein kan høyre språket blant dei lokale og ein kan lese det av namna til innbyggjarane. Vegskiltet til bygda er både på finsk (Pykeijä) og norsk, og bygda vert kalla «Pikku Suomi» - lille Finland. Grunnen til finlendarane tok vegen til området, var klimatiske endringar i Nord-Finland og Nord-Sverige på 1800-talet. I Sør-Varanger-regionen vart ein tilboden gratis jord fram til 1863, og til ein rimeleg penge seinare (Salangi, 2010, s. 10). I 1855 budde det 29 finlendarar i Bugøynes, medan ti år seinare var det 119. Om lag ein generasjon seinare, i 1891, var det totale innbyggartalet 321, av desse var 289 finlendarar (Salangi, 2010, s. 13). Finlendarane har hatt store majoritetten av befolkninga, noko som naturlegvis har prega bygda si kultur og arv. Denne har framleis stor betydning, sjølv om ein trur «Det finske språket vil gradvis forsvinne med den eldre garde» (Salangi, 2016, s. 100). I dag kjem busslass med finske turistar til bygda for å vitje «Pikku-Suomi», og ein har satt opp statue til minne om den finske innvandringa.



Figur 8: Statue til minne om finsk innvandring. Foto: Hans Husøy



Figur 9: Statue til minne om finsk innvandring. Foto: Hans Husøy

Fisket er, og har alltid vore, den viktigaste næringa og grunnen til at folk har busett seg i Bugøynes. Det er lite beiteland i området, så om fisket slo feil stod ein ofte på bar bakke (Storaas, 2007, s. 72). Før andre verdskrig var det naudsår og kommunen måtte hjelpe til med høy og naudsarbeid for at dyr og folk ikkje skulle svolte i hel (Storaas, 2007, s. 73)

Krigen satt sine preg på Bugøynes og ein kan finne restar etter tyske installasjonar på Bugøya (Klo, Hesla og Bye, 2014). Etter at Hitler hadde innsett at russiske styrker ville kome til Nord-Noreg, beordra han brenning av Finnmark. Bugøynes vart likevel spart for flammane. Då tyskarane skulle trekke seg ut av Bugøynes hausten 1944, vart dei etter ein avtale med den tyske kommandanten og batterisjefen Peter Paul Flach, ei av få bygder i Finnmark som vart spart (Klo, Hesla og Bye, 2014; Salangi, 2016, s. 171). Kommandant Flach visste at russarane berre var nokre mil unna og beordra fiskarane i bygda om å frakte seg og sine soldatar ut av Bugøynes. Som takk skulle bygda bli spart<sup>3</sup> (Klo, Hesla og Bye, 2014). Dette har gjort at ein i Bugøynes kan sjå fleire bygg med arkitektonisk særpreg frå 1800-talet. Spesielt i sjøkanten kan ein sjå fleire Varangerhus, som med si spesielle utforming kombinerer hus, fjøs, bod og liknande under same tak (Robertson, 2008, s. 28; Storaas, 2001, s. 36).

I etterkrigsåra og fram til 1960 budde det om lag 400 personar i Bugøynes (Salangli, 2016, s. 21). Innbyggartalet i 1980 var 416 (Salangli, 2016, s. 45). Av statestikk vist i Salangli (2016) ser ein det var merkbart fleire born og ungdommar på 60-talet jamført med 80-talet. På alderstrinn 20-29 var det eit klart overskot av menn i bygda heilt frå 60 til 80-talet (Salangli 2016, s. 47). Antal bustadhus auka også stort frå 70 til 80-talet, med 88 bustadhus i 1970 og 128 i 1980 (ibid. s. 48).

På starten av 70-talet vart det nye fiskebruket i bygda opna. Ein begynte å produsere fiskefilet og det vart også ein eigen trålar tilknytt fiskebruket. Dette sørga for stabil levering året rundt (Salangi, 2016, s. 123). Fiskebruket hadde nytt og moderne utstyr som råstofflager, skjærehall og fryselager med frysemaskin. Sysselsetjinga på fiskebruket var stor for ei lita bygd. Det var bruk for sesongarbeidarar som ofte vart henta frå Finland. Desse hadde ingen språksosiale problem, sidan heile den vaksne lokalbefolkinga var tospråkleg (Storaas, 2007, s. 73) Under loddepakking var det 111 personar på lønningslista, medan det jobba 11 på trålaren (Salangi, 2016, s. 123). Både kvinner og menn jobba på fiskebruket, der kvinnene som regel dreiv med pakking av fiskefilet. Mange unge menn fekk seg jobb på bruket, noko som gjorde at bygdas

---

<sup>3</sup> Peter Paul Flach var godt likt av befolkninga og vitja Bugøynes etter krigen i 1961. Då han drog vinka heile bygda han av gårde (Klo, Hesla og Bye, 2014).

fotballag, Bølgen IF hadde gode lag utover 70-talet. I tillegg til fiskarbruket vart det bygd ny slipp på hamna, som reparerte båtar. Her jobba det mellom fem og ti mann på slutten av 70-talet (Salangi, 2016, s. 124). Organisasjonslivet i bygda levna også til, med mellom anna korps og andre lag og foreiningar som såg dagens lys. Kjøpekrafta auka og folk kjøpte bil og reiste på bilferie (*ibid.*). Mange av ungdommane gifta seg på 70-talet med påfølgjande bryllaupsfestar på samfunnshuset. På 70-talet var det 5-8 fødslar årleg, og det vart bygd eit nytt bustadfelt like ved sentrum, Tyttebærslutta. Som ein kan lese var dette eit samfunn i vekst, og for å sitere Salangi (2016, s. 126): «Det som skjedde på 70-talet, er noe av det mest betydningsfulle i Bugøynes historie. Optimismen var kommet tilbake, og folk trivdes med tilværelsen».

# **VIL NOEN TA IMOT OSS?**

Finnes det et sted sør i Norge som kunne tenke seg en befolkningsøkning på ca. 300 mennesker?

Vi som spør er innbyggerne i fiskeværet Bugøynes i Øst-Finnmark som nå er gått lei. De siste årene har vært en stadig kamp for å opprettholde bosetningen.

Grunnen er resultatene av feilslått fiskeripolitikk, noen som bl.a. førte til at fiskerbruket – vår hjørnestensbedrift – ble slått konkurs i 1987. I løpet av de to årene som har gått har ingen klart å starte opp fiskerbruket igjen. Dette skyldes byråkratisk rot og manglende vilje blant byråkrater og politikere. (Faktisk diskuterer de ennå hvem som eier bruket!).

Nå føler vi at tiden er inne til å legge alt bak oss, og starte på nytt et annet sted. Vi vil unngå å bli utbrent og utslikt i vår kamp for tilværelsen til ingen nytte. Vi vil bruke kreftene et sted hvor vi kan jobbe for en framtid for oss selv og våre barn. Vi ønsker å flytte samlet – samholdet blant folk i Bugøynes er sterkt.

Den voksne del av befolkningen har variert yrkesmessig bakgrunn. Både når det gjelder faglig kompetanse og pågangsmot har vi mye å gi. 50 barn i skolepliktig alder følger med.

Vi er interesserte i å flytte til et sted sør for Trøndelag. Selv om det for tiden kan være vanskelig med arbeidsplasser også der så lar vi oss ikke skremme. Vi kan hjelpe til med å skaffe nye arbeidsplasser.

Skriftlig henvendelse til:

**Aksjon Bugøynes  
9935 Bugøynes**

Figur 10: Annonse Dagbladet, 15. august 1989 (Tomasen, 2018)

Etter auka innbyggartal og optimisme på 70-talet vart det ein tilsvarende nedgang og pessimisme utover 80-talet. Fiskarbruket, med sine 45 tilsette, gjekk konkurs for andre gong i 1987, og føya seg med det inn i rekka av filetproduksjonsanlegg i Finnmark som gjekk konkurs på 80-talet (Finstad, 2014, s. 227). Dette gjorde at 40% av dei vaksne Bugøynes-væringane gjekk arbeidsledige i 80 veker. Innbyggartalet vart halvert, ungdommen reiste vekk og barnefamiliar følgde etter (Storaas, 2007, s. 73). Dei attverande tenkte at noko måtte gjerast. Styret i Aksjon Bugøynes rykka difor ut i Dagbladet med annonsen den 15. august 1989.

Ein tek feil om ein trur denne annonsa handla om å flytte frå Bugøynes. Det handla meir om eit sterkt ynske om å bli verande (Ingilæ og Losoa, 2011, s. 172). Annonsa skulle i første omgang fange journalistar si merksemd, som skulle leggje press på politikarar og byråkratar (Ingilæ og Losoa, 2011, s. 175). Det hjelpte også at det var Stortingsval denne hausten, som ville medføre eit ytterlegare press på politikarar som eventuelt hadde omtala seg positiv til Bugøynes. Annonsa skapte stort rabalder i norsk presse, mellom anna som hovudoppslag i riksavisene og i NRK. Det var også interesse frå utanlandske TV-selskap, noko som var «(...) adskillig mer enn vi i vår villeste fantasi hadde forventet»<sup>4</sup> (Ingilæ og Losoa, 2011, s. 177).

Ingen av innbyggjarane reiste frå bygda, og ein fekk retta sokkeljoset mot ei regional utfordring. Støtta Bugøynes-væringane fekk kom ikkje i kroner, særordningar eller stønadar. Den viktigaste støtta var «den som gikk ut på at vi skulle bli der vi var og sloss videre. Og vi er her fortsatt» (Ingilæ og Losoa, 2011, s. 178).

I tida etter innrykket i Dagbladet, og då Bugøynes var på hovudoppslag i media, lot dei store og direkte endringane vente på seg. Inn frå aust kom kongekrabba som for alvor vart gjeldande for Bugøynes.

## 2.1 Kongekrabbeindustri i Bugøynes

Etter bygda hadde lagt seg ut for sal, kom kongekrabba og ein fekk på nytt stor mediedekning i bygda (Seipajærví, 2018). Sidan kongekrabbefisket på 1990-talet berre var eit forskarfiske, var kvotene for små og fangstperioda for kort til at det gav faste arbeidsplassar. Men alt av forsking, produktutvikling og sal og marknadsføring av kongekrabbe var knytt til bygda. Dette førte til stor merksemd og optimisme. Som Seipajærví (2018) seier: «Kongekrabben og

---

<sup>4</sup> Fekk tilbod om å verte adoptert av ein indianarfamilie frå Canada, hjelp frå sine forfedre frå Finland, frå Provance i Frankrike, Smøla, Egersund, Florø og Vennesla. Ei kvinne frå Trondheim hadde starta innsamlingsaksjon for dei naudstilte born i bygda (Ingilæ og Losoa 2011, s. 178; Tomassen 2018).

alt det det førte med seg kunne være den katalysatoren bygda trengte for å snu oss fra pessimismen». Sidan 90-talet har Bugøynes berre vorte kalla kongekrabbehovudstaden.

Bygdas første kongekrabbebedrift var Arctic Products. Bugøynes Kongekrabbe AS var den andre, og såg dagens ljós i år 2000. I bygda var det då rundt 25-30 sesongarbeidarar og båtar frå heile Nord-Noreg kom til bygda for å fylle kvota si (Seipajærví, 2018). På denne tida vart kongekrabba selt i nedfryst form, der clusteret<sup>5</sup> vart partert og selt. Sidan den gong har det vore fleire kongekrabbebedrifter i Bugøynes som har kome og gått. Denne oppgåva tek føre seg Bugøynes i 2019, og difor bygdas kongekrabbebedrift i 2019. Dette er Norway King Crab (NKC), som har vart etablert i Bugøynes i 2008. Meir om kongekrabba og NKC vert presentert seinare i oppgåva.


## 2.2 Oppsummering Bugøynes 2019

Bugøynes har ei rik historie, med stor finsk migrasjon på 1800-talet som pregar bygda også i 2019. Bygda vart ikkje brent under krigen og opplevde relativt stor befolkningsvekst i etterkrigsåra. Stor tilflytting primært grunna fiskebruket medførte folkeliiv på 70-talet. I 1980 var det 400 innbyggjarar i bygda. Fiskebruket vart slått konkurs for andre gong i 1987, noko som medførte stor arbeidsledigheit, og at bygda la seg ut for sal i Dagbladet 15. august 1989. Omkring samstundes kom kongekrabba inn frå aust, med ei påfølgjande periode med prøving og feiling for å kapitalisere på kongekrabba under forskarfisket. På tidleg 2000-tal ser kongekrabbebedrifter dagens ljós i Bugøynes, og omsorgssenteret vart bygd i 2007.

I 2010 budde det 214 personar i bygda (Ingilæ og Losoa, 2010, s. 231-234). Av desse var 112 menn og 92 kvinner. 69 av desse var fødde før 1951. I 2010 var det 54 personar som var fødde etter 1981. I dag reknar ein det bur mellom 200 og 180 personar i Bugøynes

---

<sup>5</sup> Skulderparti og bein



Figur 11: Innbyggjarar etter fødselstiår, 2011 (Ingilæ og Losoa, 2011, s 231-234)

Sett vekk ifrå Norway King Crab sin kongekrabbefabrikk, har bygda få andre lønna arbeidsplassar i dag. Utan om skulen, butikken og NKC er den største arbeidsplassen omsorgssenteret. I 2019 har dei 17 tilsette, og står bak 9,7 årsverk. Snakk om kutt i offentlege arbeidsplassar og nedlegging av eldresenteret har i seinare tid vore ei utfordring for folket i Bugøynes (Høiberget, 2018).

Fiskenæringa i bygda er ikkje det som den ein gong var, sjølv om kongekrabbennæringa har sett dagens ljós i Bugøynes. I 2017 var det registrert 18 fiskarar med bustadadresse i Bugøynes, der 16 var på blad B, som heiltidsfiskarar (Fiskarmanntalet, 2017). Ein avisartikkel frå same år viser at det totale talet var 22 (Sandø, 2017). Alderen til desse var ikkje oppgitt. I ein annan avisartikkel frå 2019 kjem det fram at majoriteten av fiskarane er pensjonistar (Henriksen, 2019a). Ved sidan av fisket, er det nokre få som driv med turisme.

### 3.0 «Det er jo torsk som er bread and butter for enhver fisker»

#### Fisket har vore viktig for innbyggjarane i Bugøyne

For å forstå livet og utfordringane i ei bygd som Bugøyne, må ein forstå at Bugøyne er ein del av ein større samfunnskontekst. Sentralisering og fråflytting frå rurale områder er ein del av større nasjonale og internasjonale tendensar, noko som har gjort seg gjeldande for busetting og fiskeriindustrien i Bugøyne. I den samanheng er det viktig å forstå at kystfisket etter torsk har vært det viktigaste for sysselsetjing og buseting i den nordlege landsdel (Holm, Finstad og Christiansen, 2014, s. 188). Difor vil eg i dette kapittelet ta føre meg utviklinga innan fiskeripolitikk, spesielt kvotepolitikk, samt utviklingstrekk innan den nord-norske demografien.

Dei relativt store endringane i fiskeripolitikken sidan andre verdskrig har vore avgjerande og samanhengande årsaker til at fiskerisamfunn i Nord-Noreg har dei utfordringane dei har i dag (Zachariassen og Christensen, 2014, s. 352-354). Som tidlegare vist auka aktivitetskravet for kongekrabbefiskarane for 2019, frå 100 000,- til 200 000,-. Aktivitetskravet står i *direkte samanheng* med landing av kvit fisk, då spesielt torskefisket, som ein av informantane viser til i tittelen av dette kapittelet. Tilgangen til kvit fisk og torsk må difor sjåast som ei *absolutt nødvendigheit* for tilgangen til kongekrabbefisket.

Dette delkapittelet kan forståast som ei vidare historisk kontekst slik ein lettare kan forstå småsamfunns einsidige næringsverksemde og utfordring når denne verksemda vert truga. Mitt case med Bugøyne vert ikkje direkte belyst i denne samanheng, men kan vere greitt å ha bakhovudet etter kvart som oppgåva seinare skal dreie seg mot bygda. Sentraliseringstendensen ein har sett sidan etter andre verdskrig vert også beskrive i dette delkapittelet.

#### 3.1 Sentralisering i «Problemet» Nord-Noreg

Nord-Noreg var den regionen i Noreg som vaks raskast i perioda 1815-1950 (Brox, 1989, s. 76). Likevel vart landsdelen betrakta som «eit problem», der ein i 1939 kom fram til at Nord-Noreg bidrog med 6,2% av nasjonalproduktet, medan landsdelen hadde 12% av befolkninga (Grønås, Halvorsen, Torgersen, 1948, s. 9). Nord-Noreg vart difor sett på som eit særslig uproduktivt område, basert på dei makroøkonomiske modellane analysane som vart lagt til grunn i rapporten «Problemet Nord-Norge». Den autoritative dommen rapporten utgjorde vart gjeldande for tydelege politiske grep. I 1951 satt Gerhardsen-regjeringa i gang

«*Utbyggingsprogrammet for Nord-Norge*», som var ei finsikta samling av tiltak som skulle svare på diagnosane samfunnsøkonomane hadde stilt (Fjæra, 2013). Dette innebar mellom anna å unngå ei spreitt busetjing i nord, og å gjennomføre ei sentralisering av både jordbruk og fiskerinæringa (Petterson, 2017). Ein ville tilføre næringslivet investeringskapital og auka og lønsam sysselsetjing i distrikta (Tvedt, 2013). *Utbyggingsprogrammet for Nord-Norge* var mellom anna grunnlaget for Ottar Brox (1966) sin klassikar *Hva skjer i Nord-Norge*.

I «*Hva skjer i Nord-Norge?*» slo Ottar Brox eit slag for regionen som hadde vore betrakta som eit problem for sentralmakta. I boka beskrev han den rasjonaliteten som var innebygd i fiskarbøndenes<sup>6</sup> og andre bygdefolk sine lokale tilpassingar, ein praksis som var prega av miljøvenlege ressursuttak og vedlikehald av lokalsamfunn. Denne rasjonaliteten var eit klart brot med økonomane sine visjonar om produktivitet og lønsamheit (Røvik, Jentoft og Nergård, 2011, s. 14). Fiskarbøndene, samt den spreidde busetjinga langs kysten, vart sett på som noko som stod i vegen for modernisering og utvikling av Nord-Noreg. Difor ville ein rasjonalisere dei rådande næringsstrukturane. Målet med den nye politikken var industrialisering, gjennom ei form for modernisering av fangstleddet, og å få nok arbeidskraft innan den veksande nasjonale industrisektoren. Myndighetene ville altså få nordlendingane vekk frå sine lokalsamfunn, og over i dei meir produktive industrinæringane. Staten meinte også at dersom det vart færre fiskarar, ville det verte meir fisk til dei som igjen, noko som ville ein fordel for nordlendingane. Staten meinte med dette at fråflyttinga frå bygda var uunngåeleg og ynskjeleg (Fjæra, 2013). Fiskarbonden i nord vart med dette trua, noko Brox hadde mange meininger imot.

Han meinte kystbefolkinga burde halde fram med å utnytte fiskeressursen på ein enkel måte, i staden for å verte proletariske arbeidarar hjå rike rederar med moderne utstyr (Fjæra, 2013). Brox meinte at fiskarbondens arbeidsstruktur korkje var til hinder for økonomisk utvikling i landsdelen, eller for innbyggjarane si velferd. Han avviste med dette førestillinga om at Nord-Noreg var ein primitiv landsdel (Fjæra, 2013, s 22). Folk i nord ville ikkje få det betre om dei flytta, slik myndighetene meinte, og han argumenterte for at ein heller burde legge til rette for den eksisterande næringsstrukturen med fiskarbonden i hovudsete, som hadde fungert over mange år.

Eit viktig perspektiv her, og som Brox kritiserte myndighetene for, var at han meinte Nord-Noreg bestod av mange lokalsamfunn, og ikkje næringar. Ein kunne ikkje analysere næringa i

---

<sup>6</sup> Kombinasjonsyrke fiske og landbruk

lokalsamfunnet isolert sett, ved å ta den ut av si lokalsamfunn-kontekst, sidan dei alltid ville gripe inn i kvarandre. Difor meinte Brox det var lokalsamfunnet ein burde ta vare på, ikkje næringane. Brox meinte dei økonomiske analysane bar preg av dette, noko som for han gav særslit meining. Ein burde heller gi merksemd til den forskinga som «som hadde ambisjon å gi «*helhetlige analyser av lokale samfunn*» (Brox, 1984, s. 58). Desse hadde ikkje målsetjinga å generalisere heile Nord-Noreg, sidan den eine bygda med 300 innbyggjarar kunne oppleve store barnekull og fleire bustader, medan nabobygda med dobbelt så mange innbyggjarar opplevde nedgang. Skulle ein forstå folkeflytting og avfolking, måtte ein kunne avdekke skilnadane mellom lokalsamfunn med ulik befolkningsutvikling. Dette perspektivet vert sett nærmare på av fleire, der spesielt Jentoft og Wadel (1984) og Jentoft (2012) vert forklart og seinare drøfta seinare i denne oppgåva.

### 3.2 Endringar i fiskerinæringa


Som sagt ville myndighetene sentralisere fiskeriindustrien og sysselsetje fleire i industrien.

Samstundes kom det fleire og fleire reformar innan fisket frå starten av 1950-talet. I det norske fisket gjekk den teknologiske utviklinga fort og nye fangstreiskapar som til dømes kunstfiber i reiskapar, ekkolodd, og ringnot vart tilgjengeleg for mange fiskarar (Holm, Finstad og Christiansen, 2016, s. 189). Dette gjorde fisket meir effektivt, noko som førte til press og overfiske på fiskebestandar på 1970-talet<sup>7</sup>. Ein innsåg at ressursen måtte beskyttast og starta med ei innføring av kvoter, deltakar- og reiskapsbegrensingar og periodiseringar av fisket frå statleg hald (Steinset, 2018). Dette var eit resultat av myndighetene sin «*Langtidsplan for norsk fiskerinæring*» frå 1977, mellom anna med eit ynskje og målsetjing om «*berekraftig ressursforvaltning*», og «(...)

Den store torskekrisa i 1989 var eit resultat av eit nytt og strengare ressursregime i norsk fiskerinæring (Holm, Finstad og Christiansen, 2016, s. 189). Torskekvota i 1989 vart redusert frå 290 000 til 178 000 tonn, grunna lågare bestand enn tidlegare. Den sterkt reduserte kvota gjorde at kystflåta allereie den 18. april måtte stoppe fisket, noko som førte til krisetilstandar i småsamfunn langs kysten (Hallenstvedt, 2018). Dette var det første totalforbodet mot å fiske torsk i Noregs historie og vart rekna om eit sjokk for mange lokalsamfunn (Finnstad, Holm og

<sup>7</sup> Mellom anna sild, makrell og lodde (Hallenstvedt, 2018)

Christiansen, 2014). Det som er interessant for denne oppgåva er resultatet av torskekrisa: torskefisket frå og med 1990 vart formelt regulert, altså at myndighetene laga båtkvoter for kven som kunne fiske og kor mykje ein kunne fange (Maurstad, 1998, s. 29). Ein delte i to kvoter, der dei som var mest avhengig av inntektene av torskefisket fekk kvoter (Andersen, 2011, s. 259). Dette var dei store aktørane, trålenæringsa. Trålarane meinte dei sjølv burde prioriterast, sidan dei var viktige for råstofftilførsel til filetindustrien på land og kunne skape arbeidsplassar der (Holm, Finstad og Christiansen, 2014, s. 202). Med dette vart fiskeressursen begrensa til få, velståande hender (Fjæra, 2013, s. 50). Dette markerte eit skilje i norsk fiskerihistorie. Tidlegare var havets ressursar for alle, og om ein ville, kunne starte eit fiske og fange det ein ynskte (Maurstad, 1998, s. 29). Dette var no over. I eit større perspektiv kan ein seie fiskerikrisa i 1989 betydde eit «endelig farvel til den åpne fiskeriallmenningen» (Finstad og Holm, 2013). Slik vart den frie fiskeressursen privatisert, og rike enkeltindivid kunne eige ein stadig større del av fiskekvotane. Dette var i favør dei store aktørane, der dei store fekk tilgang til eksklusive kvoter, medan mange av dei små aktørane måtte slutte med fisket (Fjæra, 2013).



Figur 12: Antal fiskarar og oppfiska kvantum (SSB, 2019a)

### 3.3 Utvikling i busettingsmønster

I den nord-norske landsdelen har utfordringar kring fråflytting, forgubbing og nedgang i fiskeria vore gjeldande sidan 1970 (Zachariassen og Christensen, 2014, s. 352). På eit nasjonalt nivå har dei siste 70 åra har innehaldt industrialisering, modernisering og urbanisering, der ein har bevega seg frå krig, gjenreising og kollektivisme. Det har med andre ord skjedd ei stor teknologisk- og samfunnsmessig utvikling i Noreg, der mellom anna velferdsstaten vart til. Denne perioden kan kallast ei av dei største overgangsperiodane i vår tid (Helle, Eliassen, Myhre, Stugu, 2006, s. 419). I det neste vert det kort vist til demografiske trendar, og seinare korleis dette har sett ut for Nord-Noreg.

Innlands flytting er sterkt prega av livsfase, der ungdom mellom 18-30 år i stor grad flyttar inn til byområda. Grunnane til flytting kan vere utdanning, skaffe seg jobberfaring eller å söke sosial kontakt (Sørli, 2012, s. 129). Alt i alt har det norske flyttemønsteret i heile etterkrigstida vore sentraliserande, der fleire har flytta frå perifere områder til meir sentrale strøk enn omvendt (Sørli, 2012, s. 117). Den langvarige flyttesentraliseringa av unge vaksne har ein sjølvforsterkande effekt, der den eine generasjonen etter den andre flyttar på same måten, og med dette tek ein med seg sitt fruktbarheitspotensiale til byane (Leknes, Løkken, Syse og Tønnesen, 2018, s. 5). Tradisjonelt sett har fruktbarheita vore større på bygdene enn i byen, noko som har bidrøge til ein balanse mellom befolkning i bygd og by. Her har det dei siste ti åra skjedd ei endring, der innslaget av førskuleborn per innbyggjar er høgare i storbyområda enn i landet elles. Dagens born og unge under 20 år er den første generasjonen dette er gjeldande for (Sørli, 2012, s. 118).

Vidare seier (Sørli, 2012, s. 119) at arbeidsmarknaden tradisjonelt sett har rekruttert frå bygd til by. Det vert sagt at dersom byområda kan rekruttere lokal arbeidskraft, samstundes som fråflytting frå distrikta held fram, kan det føre til mindre konkurranse i arbeidsplassane i distrikta. Dette kan føre til fleire arbeidsplassar på bygda og gjere at fråflyttinga frå distriktet stoppar. Sørli presiserer at resonnementet fordrar at arbeid held fram å vere den viktigaste faktoren for flytting frå land til by. Ei endring i motivet bak å flytte vert også nemnt av Sørli, der faktorar som stadsattraktivitet og nærliek til familie er viktige når folk vel bustad. Stor valfrileik gjer at ein kan velje bu- og arbeidsstad utifrå andre forhold enn arbeidsmarknaden og tilgjengelegheit for arbeid.

Når det gjeld framtidsutsiktene og tendensen for dei mindre kommunane, ser desse ut til å miste fleire av sine innbyggjarar og at dei større byane vert endå meir befolka (Leknes, Løkken, m. fl. 2018). Sentraliseringa vil med andre ord halde fram, særleg blant dei unge

vaksne. I framtida ser ein at venta levealder vil auke og at dei eldre får betre helse. Noregs populasjon vil generelt sett verte eldre, noko ein ser ein indikasjon på i distrikta i dag. I dei større landsdelssentra i år 2040 vil den mest vanlege alderen vere 40, medan den er 70 i dei minst sentrale kommunene (Leknes, Løkken m. fl. 2018, s. 25).

### 3.4 Befolkningsutvikling i Nord-Noreg og Finnmark

Etter som velferdsstaten og fiskeri- og næringsindustri utvikla seg, såg ein ein klar tendens for vårt nordlegaste fylke fram mot årtusenskiftet: folk flytta der i frå. Om lag alle kystkommunane i Finnmark hadde befolkningsnedgang, og i visse kommune var denne nedgangen dramatisk (Zachariassen og Christensen, 2014, s. 352). I frå 1970 til 2011 hadde sju av kystkommunane ein befolkningsnedgang på meir enn 40%.

Ein kan seie den generelle befolkninga i Nord-Noreg har vorte markant eldre dei siste 20 åra, der andelen i aldersgruppa 18-40 år har vorte sterkt redusert, særleg hjå for kvinnene. Det same gjeld fødselstala. Befolkningspyramida er mykje meir topptung enn i Sør-Noreg (Angell m. fl. 2013). Den viktigaste grunnen til nedgang i befolkninga i Finnmark er det einsidige næringslivet som har vore basert på fiske og fiskeindustri (Zachariassen og Christensen, 2014, s. 354). Dette har gjort fiskerkommunane sårbare for svingingar som følgje av internasjonale konjunkturar. Tendensen viser også at dei finnmarkingane som flyttar, ofte flyttar langt, sidan store delar av Finnmarksbykysten har den same sårbarheita (ibid.). Mange tettstader opplev utfordringar som forgubbing, fråflytting og nedbygging. Det har vore ein svak befolkningsnedgang i kystnære lokalsamfunn (Arbo og Hersoug, 2011, s. 230). Landsdelen har ei svak auke i befolkninga og eit flyttemønster der regionsentera har ei jamn tilflytting, medan perifere strøk avfolkast. Dei unge er den dominerande gruppe av dei som reiser, og det er tilsynelatande lite som tyder på at denne utviklinga vil stoppe med det første. Finnmark fylke opplevde befolkningsvekst i etterkrigsåra, med ein topp på 79 000 på midten av 70-talet. Sidan den gong har innbyggartalet gått litt ned, men har vore nokså stabilt kring 75 000 heilt sidan 70-talet (Askheim og Thorsnæs, 2019). I 2018 budde det i overkant av 76 000 innbyggjarar i Finnmark, medan det er spådd landets svakaste fylkesmessige vekst fram mot år 2040 med 78 000 innbyggjarar (Leknes, Løkken m.fl. 2018). Tendensen viser også at det er dei store regionssentra i Finnmark som vil vakse i framtida. Dette gjeld Alta, som har vekst kontinuerleg i heile etterkrigstida, men også Hammerfest og til dels Sør-Varanger kommune

(Angell, Eikeland, Grunfeld, Lie, Myhr, Nygaard, Pedersen, 2012, s. 198). Sør-Varanger kommune har svak befolkningsvekst. I 2018 var folketalet 10 153, og SSB (2018) spår ei svak befolkningsutvikling til 2040 til 10300 innbyggjarar<sup>8</sup>. I mellom 2017 og 2018 hadde Sør-Varanger ein befolkningsnedgang på 0,3% (Sør-Varanger kommune, 2018a, s. 4). I Bugøynes har innbyggartalet vore i underkant av 200 dei siste åra.

### 3.5 Fiskeri og demografi – fiskeripolitikkens paradoks

I Noreg er det brei politisk semje om å behalde hovudtrekka i busettingsmønsteret, og sikre likeverdig levekår i heile landet (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2017). I tillegg viser både Havressurslova og Deltakarlova<sup>9</sup>, to av dei mest sentrale fiskerilovene, at formålet med fiskeripolitikken skal vere å bidra til sysselsetjing og busetjing i kystkommunane (Trondsen, 2013, s. 345). Ser ein dette opp i mot realiteten, der sentralisering, fråflytting og forgubbing er utfordringar for kystkommunene, er ønsket langt unna røynda. Trondsen (2013, s. 356) peiker på den institusjonelle organiseringa og maktfordelinga i fiskeriet sine verdikjeder. Han meiner fiskerimyndighetene i stor grad står fram som eit serviceorgan for mektige aktørar, medan fiskeripolitikken sitt bidrag til busetjing og sysselsetjing kjem i andre rekke. Dei viktigaste myndigheitavgjerslene førebuast innan eit avgrensa nettverk av sterke rederinteresser, i allianse med byråkratar i fiskeriforvaltninga og legitimerande fagøkonomar med felles oppfatning av kva som gir mest økonomisk effektivitet (*ibid.*). Skal ein ungdom starte eit fiske må vedkommande kjøpe kvoter av andre redarar, som har fått rettighetene gratis frå staten. Dette gjer at tilgang på kapital vert avgjerande for at kystnære samfunn skal kunne få fiskerettar, noko som er langt unna tida før privatiseringa av fiskeriet i 1990, der kven som helst kunne fiske og skape seg eit overskot (Maurstad, 1998; Strøksnes, 2006; Nilsen, 2011; Brox, 2011). Resultatet av desse utviklingsdrivarane meiner Trondsen (2013, s. 356) mellom anna har vore auka konsentrasjon av kvotemakt, nedgang i fiskarar, avindustrialisering og sysselsetjing- og befolkningsnedgang i kystkommunene.

---

<sup>8</sup> Hovudalternativ SSB (2018). Høg nasjonal vekst = 11200 og Låg nasjonal vekst = 9700

<sup>9</sup> Havressurslova (Av 6. juni 2008, nr 37: §1: «Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei villevante marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna»

Deltakarlova (Lov om deltakselen i fisket av 26. mars 1999 nr. 15: §1): «Å tilpassa fiskeflåtens fangstkapasitet til ressursgrunnlaget for å sikre en rasjonell og bærekraftig utnyttelse av de marine ressursene», «å øke lønnsomheten og verdiskapningen i næringen og gjennom dette trygge bosetting og arbeidsplasser i kystdistrikta», og «legge til rette for at høstingen av de marine ressurser fortsatt skal komme kystbefolkningen til gode» (Trondsen 2013, s. 345)

### 3.6 Oppsummering

Denne delen av oppgåva har vist til utviklinga i fiskeripolitikk og demografiske trekk for Noreg og Nord-Noreg. Fokuset på ei meir kapitaleffektiv fiskerinæringer har gått i disfavør den torskfiskande sjarkeigaren, som kan sjåast på som ryggsøyla i eitkvart kystsamfunn (Maurstad, 1998). Den teknologiske utvikla, statleg sentraliseringspolitikk, samt kvoteordninga og privatiseringa av fisket frå 1990, kan sjåast på som historiske faktorarar som har gjort at mange fiskarar ikkje kunne tevle om dei store kvotene. Trondsen (2013, s. 355) oppsummerer: «Det er en sterk sammenheng mellom fordeling av fiskerettigheter, antall aktive yrkesfiskere og kystbosettingen i Nord-Norge». Fråfallet innan fisket har av somme vorte oppfatta som ei utskyving, der mellom anna reguleringspolitikk har «skulda» (Johnsen, Vik, Sønviksen, 2013, s. 303). Forfattarane peiker også på ei endring grunna velferdsstaten og meir regulerte liv.

Nord-Noreg si generelle utvikling sjåast ofte i samanheng med tendensar innan fisket og befolkningstal. Det Ottar Brox gjorde på 60-talet, har også vorte vektlagt i andre forskarar sitt arbeid. Det vert lagt vekt på dei statelege føringane som har fokusert på sentralisering og effektivisering, medan nokre ser nærare på ei endring i haldningar og verdiar. Dette kan sjåast i ljós av Bugøynes, der samanhengen mellom nedgang i fisket og dei demografiske hovudtrekka til ei viss grad kan teikne eit bilet av tilstanden i Bugøynes. Låg tilflytting og at dei yngre reiser ser ut til å vere utviklingstrekk i Nord-Noreg. Korleis har dette spelt seg ut for Bugøynes? Har kongekrabba bidrøge positivt for Bugøynes i 2019?

## 4.0 Lokalsamfunn, fiskerisamfunn og andre analytiske perspektiv

I denne delen av oppgåva vil eg presentere det eg ser på som relevante analytiske perspektiv for å forstå Bugøyne i 2019. Av sentrale teoriar er Brox (1998) si prosessanalyse. Ei prosessanalyse kan sjåast som både ein teori og ei metodisk tilnærming til feltet. I denne delen vil eg kort gjere greie for kva som meinast med ei prosessanalyse, medan i metodekapittelet vil eg forklare korleis prosessanalysa har vorte nytta som metodisk inntak til felt. I tillegg vert sysselsetjingssystem-omgrepet nærmere forklart, samt ei forklaring på lokalsamfunn og attraktivitets-omgrepet. Til slutt vert ny offentleg styring gått igjennom. Oppgåva si overordna problemstilling er: «*Kva konsekvensar har kongekrabba hatt for Bugøyne?*», medan forskingsspørsmåla er: «*Kva utfordringar har sysselsetjingssystemet i Bugøyne?*» og «*Korleis kan Bugøyne forståast som attraktivt?*»

### 4.1 Analytiske tilnærmingar

«*Determinantene i slike prosesser er (...) aktørenes verdier, hva de er ute etter, målet for deres strev, det som gir beslutninger retning*» (Brox, 1998, s. 64).

I denne oppgåva vert det sett på dei ulike nivå mellom informantar, bygdesamfunn og endringar i storsamfunnet. Å sjå på samspelet mellom nivåa, og isolert analysere dei, har vore ein ambisjon for denne oppgåva. Brox (1998, s. 61) seier at ei prosessanalyse vil fyst gå utifrå visse antakingar eller hypotesar. Ein kjenner til utfallet, så ser ein kva som kan ha resultert i dette utfallet. Det andre er å lokalisere handlande einingar (Brox, 1998 s. 62). Det tredje er å sjå begrensingar eller moglegheiter desse har, og til slutt sjå på grunnar til ulik handling. I denne oppgåva har eg gått utifrå visse antakingar før feltarbeidet, til dømes at kongekrabba hadde spelt positivt inn for bygda. Ei anna antaking var at kongekrabba kunne fungere attraktivt: at det ville fungere rekrutterande for fisket og difor busetnaden i bygda.

Der Barth (I Brox, 1998, s. 63; s. 106) seier «Large scale society takes place between people», kan dette sjåast som ein måte å forstå mikrofenomen som uløyseleg knytt til større mønster. Brox (1998, s. 64) seier dei komplekse aggregata i samfunnet vert generert av uoversiktlege prosessar, der forskarens jobb er å isolere desse og analysere korleis dei verkar saman. Det viktige er at det skjer *fleire* hendingar samstundes, og at desse går i kvarandre. Dei ulike sosiale fenomena må beskrivast i termar som også fortel oss noko om korleis dei endrast (Brox, 1998, s. 64). Utgangspunktet for forskinga er å avdekke rasjonaliteten i enkeltavgjersler, og setje dei opp i mot den problematiske heilheita, som er utgangspunktet for forskinga (Brox 1998, s. 72).

#### 4.2 Fiskeri som sysselsetjingssystem

For å forklare utfordringane i Bugøynes vil eg bruke omgrepet sysselsetjingssystem, henta frå Jentoft og Wadel (1984) si bok *I samme båt*. Omgrepet viser til ein systemteori som tek sikte på å avdekkje kva prosessar som bestemmer det generelle sysselsetjingsnivået i eit samfunn (Jentoft og Wadel, 1984c, s. 187). Forfattarane ser fiskerisamfunn som organiske sysselsetjingssystem med ei sterk og gjensidig avhengigheit mellom hushald, fiskeflåte, fiskeindustri og anna lokal verksemd (Jentoft og Wadel, 1984c, s. 186). I denne oppgåva er det den gjensidige avhengigheita som er interessant, og kva som kan skje dersom ein eller fleire av delane i sysselsetjingssystemet er truga.

I eit større perspektiv kan sysselsetjingssystem lokaliserast på både regionalt, nasjonalt, kontinentalt og lokalt nivå. Det kan også identifiserast på ulike måtar, frå hushald, lokalsamfunn til bransjar og næringar (Jentoft og Wadel, 1984b, s. 11). På den måten kan den lokale skulen eller eldresenteret også sjåast som eit sysselsetjingssystem, det same som lokalsamfunnet sett under eitt. For å kome til eit svar på korleis sysselsetjingssystemet er sett saman, vert koplingane mellom ulike etatar, som til dømes helse-, sosial- og trygdevesenet, og dei andre institusjonane i lokalsamfunnet avgjerande (Jentoft og Wadel, 1984, s. 185). Difor handlar det systematiske innan sysselsetjingssystemet ikkje berre om dei økonomiske banda mellom aktørane i lokalsamfunnet, men vel så mykje om dei sosiale. I denne oppgåva ser eg nærmare på *lokalsamfunnet* som eit sysselsetjingssystem, og korleis arbeidsoppgåver er fordelt for å oppretthalde sysselsetjingssystemet i lokalsamfunnet Bugøynes.

Svein Jentoft (2012, s. 306) viser til ei likande forklaring, der han viser til ei forståing av nordnorske lokalsamfunn ved å vise til bilete som tidlegare har vore, og som framleis kan vere styrande for det som skjer i regionen. Han peiker på at dersom det politiske synet går ut på å behalde og utvikle lokalsamfunn, vert sektorane og næringa eit middel og ikkje eit mål i seg sjølv. Om målet er motsett, å utvikle næringa, vert tradisjonelle lokalsamfunn basert på småskala fiskeindustri sett på som ineffektive og ulønsame. Dette perspektivet er henta frå Brox (1966), men også Jentoft og Wadel (1984c, s. 180-3), som seier kvart lokalsamfunn bør forståast ut frå sin eigen kontekst og ut i frå systematiske analyser av lokalsamfunn. Jentoft (2012) spelar vidare på Robert Boudon (1979) sine omgrep om interavhengige og funksjonelle sosiale system, der han brukar metaforane «fotballag» og «busskø» for å forklare kystnære lokalsamfunn i Nord-Noreg. Den sosiale samhandlinga i «busskøa» er prega av konkurranse og marknadsandelar, medan i «fotballaget» er det overvekt av organisasjon,

arbeidsdeling og samarbeid. Jentoft (2012, s. 307) seier at i «busskøa» vert færre personar sett på som eit gode, medan innan «fotballag» vert færre personar sett på som eit problem.

I ein siste metafor viser Jentoft korleis lokalsamfunnet kan henge saman som eit fiskegarn (Jentoft 2012, s. 308). Menneska i lokalsamfunnet vert knutane i garnet, og trådane er dei sosiale relasjonane som bind folk saman – dei sosiale knytepunktene som til slutt utgjer lokalsamfunnet. Om ein tråd i garnet ryk, vil trådane som bitt folk saman ikkje finne noko feste, og hølet vert mykje større enn knuten. Konsekvensane av dette vert at systemet vil rakne og rekrutteringa til fisket vil svikte. Jentoft vil vise korleis samanhengane i det fiskeriavhengige lokalsamfunnet heng saman, ikkje berre mellom person og person, men også til dei funksjonane lokalsamfunnets innbyggjarar utgjer. I denne oppgåva kan Bugøynes representere fotballaget, og bestå av skulen, barnehagen, fiskarflåte og omsorgssenter, dei institusjonane i lokalsamfunnet som er under press og som har vore undersøkt. Om ein del av fiskegarnet ryk kan også store delar av lokalsamfunnet i fare.

#### 4.2.1 Skulen i sysselsetjingssystemet

Sidan 80-talet har det vore kasta ljós over skulen sin posisjon i sysselsetjingssystemet, og utfordringa skulen kan setje til rekruttering inn til fisket. Innføringa av niårig obligatorisk skule vart av Tom Tiller (1984, s. 49) karakterisert som: «(...) kanskje det største innhogg i det tradisjonelle rom for rekruttering til fiskeyrkjet». Hetland (1984, s. 45) fortel at dreininga vekk frå fisket til skulegang vart oppmuntra av foreldre, som på 1980-talet sa det kunne vere viktig å ha noko i bakhand, sidan fiskeyrkjet er hardt, og at mange slutta tidleg med heilårsfisket. Oppfordringa kom trass foreldra viste lokalsamfunnet var avhengig av rekruttering (Hetland 1984, s. 45). Ein naturleg del av det å vere fiskar er at det består av ei rekke arbeidsoppgåver som må utførast uavhengig av arbeidstid og arbeidsstad. Dette gjer at ein skil mellom å ha eit arbeid og å utføre eit arbeid. At ein «utfører arbeid» gjer at ein kan beskrive fiskeyrkjet som eit levemåteyrke (Gerrard 1975 I Hetland 1984, s. 43). Hetland (1984, s. 45) nemner også at utdanning vert ein kanal ut av lokalsamfunnet, og at dei nye kvalifikasjonane ungdommane får, gjer det vanskelegare å returnere.

Utviklinga i storsamfunnet kan av somme karakteriserast under sekke-omgrepene *kunnskapssamfunnet* (Kramvig, 2011, s. 113). Ho viser til Richard Sennett (2009) som ser på kunnskap og utdanning som viktig for å kunne leve eit framgangsrikt liv. Stor vekst innan utdanning har av fleire vorte sett på som eit trugsmål for rekrutteringa innan fisket. I dag er

92,8% av landets 16-18-åringar i vidaregåande opplæring (SSB, 2019b), noko som kan føre til at ungdom i mindre grad trekkast mot fiskeria. Dette forsterkast av nedbemannning i fiskeflåta, som gjer at færre er i direkte kontakt. Dess færre som kjem i kontakt med fiskeria gjennom familie, dess færre vert rekruttert inn i fisket (Johnsen, Vik og Sønviksen, 2013, s. 306). Dei sosiale relasjonane i fiskerisamfunn vert difor endra etter kvart som talet på fiskarar minkar (*ibid.*).

#### 4.2.2 Nærleik eller individualisering i Nord-Noreg

40 år etter Brox (1966) analyserte tilstanden i Nord-Noreg, gav idehistorikar Morten Strøksnes (2006) ut si bok med same tittel. Boka, som er ein frittståande oppfølgjar til Brox, er ein historisk gjennomgang av utviklinga og endringane landsdelen har vore igjennom. Når det gjeld fiskerinäringa er Strøksnes samd med Brox i at utviklinga har gått feil veg. Strøksnes trekker store linjer mellom den globale verda og dei samtidstrekk som hadde endra seg frå då Brox skreiv si. Ungdomane sine moglegheiter kan sjåast som ein sentral skilnad (Fjæra, 2013). Der Brox meinte ungdommar flytta grunna därlege økonomiske tider, meinte Strøksnes dette ikkje var gjeldande i like stor grad.

Strøksnes peikte på at ungdommar reiste ut både av eiga vilje og lyst, styrt av sosiale og kulturelle faktorarar. Denne «flyttetrangen» tok del i ein individuell tankegang moderne ungdom vert «påført». Unge nordlendingar i dag forventast å gripe den moglegheita dei har til å flytte, og bruke sjansen til personleg utvikling moglegheita representerer. Strøksnes (2006, s. 71) skriv at denne moglegheita er eit resultat av rikdommen velferdsstaten har bidrige med, og moderniteten. Den har gitt ungdommar fridom til å «finne seg sjæl», sjølv om han meiner dette også vert sett på som ei form for «tvang». Unge som tek over familiebedrift, landbruksområde eller fiskebåt vert til dømes sett på som «taparar», uansett kor økonomisk fornuftig ei slik avgjersle er. Dette er fordi dei ikkje har leita eller søkt sjølv. Med dette meiner Strøksnes situasjonen er snudd på hovudet jamfört med tida til Brox (1966).

Johnsen, Vik og Sønvisen (2013, s. 314) meinte det var transformerande krefter i det norske velferdssamfunn som trakk Noreg mot eit meir regulert liv. Som Strøksnes (2006) også nemner, var det denne moderniseringsprosessen med auka levestandard og velferd, som gjorde Nord-Noreg til Nord-Noreg. Den gjer også at utviklinga i ulike sektorar er ulik og at det er vanskeleg å peike på ein enkel årsakssamanhang for at folk forlèt sine yrker. Dei seier fråfallet i fiskeriindustri ikkje naudsynt handlar om ei spesifikk regulering, men at det også kan vere som følgje av ei endring i oppfatning og verdiar. Johnsen, Vik og Sønviksen (2013, s. 314) seier dette dømevis kan vere eit ynskje frå fiskaren sin familie, der det å leve eit

sikkert og stabilt liv veg tyngre. Stabilitet og tryggleik for fiskaren har vore ein av grunnane til at ein har forsøkt å endre fisket frå eit sesongbasert og ustabil aktivitet, til ein forutsigbar haustingsaktivitet (ibid.). Dei peiker på at fiskeriet gjer det vanskeleg å ha eit «vanleg familieliv». Livet som fiskar inneberer uregelmessige arbeidstider, perioder vekke frå heimen og svingande inntekt, noko som kan utfordre familiens ønske om stabilitet.

Ulrich Beck meiner summen av faktorane globalisering, eit klassesamfunn på hell og ei endring i samansetting av kjernefamilien, gjer at livsløp og identitet ikkje utgjer klare navigeringspunkt. Resultatet vert individualisering og at ein må ta eigne val, sidan dei tilskrivne sosiale posisjonane ikkje lenger eksisterer. Beck meiner dette ikkje handlar om at ein plutseleg har begynt å velje sjølv, men at det er ein form for strukturell tvang «i et deregulert, destandardisert og destabilisert samfunn», som har gjort oss til herre over å løyse våre identitetsproblem. «Vi er dømt til å velge» (Aakvåg 2008, s. 270).

#### 4.3 Lokalsamfunn

Sjølv om det ofte er avhengig av størrelse, kan omgrepene «lokalsamfunn» oftast reknast som område eller samfunn under kommunenivå, til dømes bydelar, tettstader, bygder eller grender (Haugen og Villa, 2016, s. 18). Til dagleg snakkar ein ofte om lokalsamfunn når det er snakk om små stader «der alle kjenner alle». Små fysiske avstandar gir samhandling og felles utfordringar, problem eller oppgåver kan skape lokale institusjonar – både administrative eller uformelle (Aarsæther, 2014 I Haugen og Villa, 2016, s. 18). Ein av fleire definisjonar av lokalsamfunn kan vere «samhandlingar mellom personar som kjenner tilhald til området og som har ei felles problemforståing og forpliktelsar» (Haugen og Villa, 2016, s. 18).

Lokalsamfunnet kan vere ei felles eining i kampen for å til dømes behalde den lokale skulen, få ny veg, eller i motstanden mot noko som oppfattast å vere ein ytre trugsel (Haugen og Villa, 2016, s. 18). Desse trugslane kan vere mellom anna urbanisering, modernisering og dei generelle teoriane om globalisering. Villa (2016, s. 180) seier desse teoriane kan bidrege til at fokuset på lokal stad vert nedvurdert. Røvik (2011, s. 24) kallar omgrepet *modernisering* normativt, der ein modernist vil snakke om positive konnotasjonar som til dømes framsteg, høgare nivå av rasjonalitet, effektivitet og sivilisasjon. På den andre sida ser modernitetsskeptikarar dette som ei hovudkjelde til sentralisering, avfolking av distrikta, og kapitalintensiv rovdrift på naturressursar.

Innan *samfunnsvitskapen* er oppfatninga av rural som regel forbunden med harmoni, stabilitet og som ein trygg og roleg stad. Motsett er det urbane sett på som støy, stress og som ustabilt og upersonleg (Villa, 2016, s. 180). I den dominerande *diskursen* kring urban og rural kan ein sjå at det urbane er overlegen det rurale, at by er overlegen land (*ibid.*). Folk i periferien vert ikkje sett på som likeverdige jamført med folk frå sentrum, men som «tilbakeliggende, ikke helt på høyde med folk i sentrale strøk» (Paulgaard, 2012, s. 95). Uavhengig av positiv eller negative konnotasjonar, det er ofte ein tidsmessig skilnad mellom dei. Her har forskarar forsøkt å tydeleggjere moderniseringsomgrepet ved å skilje mellom før-moderne og ikkje-moderne samfunnstypar ved hjelp av Ferdinand Tönnies. Hans samfunnstype *Gemeinschaft*, representerte det tradisjonelle samfunn, med tette band på bygda, og overskot på solidaritet og samhald. På motsett side var *Gesellschaft*, som var det moderne bysamfunnet der ein hadde forretningsmessige relasjonar og svakare sosiale band (Tjora, 2018). Forståinga av rurale og urbane lokalsamfunn kan seiast hatt ein påverknad for at rurale lokalsamfunn vert sett på som tradisjonelle, umoderne og stilleståande (Haugen og Villa, 2016, s. 19). Dette er ein grunnleggande dikotomi i førestillinga mellom sentrum og periferi, der dei geografiske skilnadane har vorte knytt til karakteristikkar som *framsteg* eller *bakstreversk* (Paulgaard, 2012, s. 94).


Sjukepleiar og antropolog Heidi Haukelien (2012) seier i ein artikkel om omsorgssektoren i bygde-Noreg at «Det er en seiglivet forestilling at bygda representerer en mosetting til modernisering, at den er mer «tradisjonell»». Ho meiner eit slikt perspektiv overser at landsbygda i Noreg tidleg vart endra av moderne institusjonar med formaliserte roller, i større grad enn i urbane områder. Dei tette relasjonane på bygda behøv med andre ord ikkje å stå i motsetnad til høg grad av rollespesialisering, slik ein oftare ser i byen. Frå dette perspektivet er ikkje bygda naudsynt meir tradisjonell enn byen, sidan ein har evna å mikse gammal og ny kunnskap, handtere formelle, offentlege relasjonar og å tilpasse sentrale retningslinjer til ein lokal kontekst. Små kommunar har ifølgje Haukelien (2012) utnytta velferdssystemet på ein betre måte enn i byen.

#### 4.3.1 Attraktive lokalsamfunn

Dei siste tiåra har det vore viktig for dei skiftande regjeringane å behalde hovudtrekka i befolkningsmønsteret, og oppretthalde busetjinga i heile landet (Vareide, Ueland Kobro, Hakeland, Jarvan, 2013, s. 19). Attraktive lokalsamfunn er eit sentralt tema for å møte

målsetjingane, og har kome som eit resultat av fleire stortingsmeldingar<sup>10</sup>. Ulike program som «Småsamfunnsatsningen», «BLEST» og «Boligetablering i distrikene» konkretiserer dette. «Merkur-programmet» er eit anna, som støttar nærbutikkane i distriktene, og som Bugøynes også er ein del av. Attraktivitet for lokalsamfunn vert ofte knytt til demografisk utvikling, kulturliv, levekårsvariablar og det stadlege næringsliv. Det overordna målet er busettinga i distrikta, og ei naturleg antaking er at vekst i næringsliv, godt kulturliv, trygge oppvekstkår, kan skape ei vedvarande og tiltakande busetjing der innsatsen setjast inn. Attraktivitet kan difor ha mange uttrykk, men med ei felles målsetjing om god og betra flyttebalanse til staden (Vareide, m.fl. 2013, s. 19).

For å skape stadleg attraktivitet, tek ein utgangspunkt i at det er menneskjer som skaper staden. Dette fordi folk jobbar der, folk vitjar staden eller at folk bur der. Utviklinga skjer i samspelet mellom desse tre, som vist i figuren under. Figuren er nytta i Telemarkforsking si måling av stader si attraktivitet, og utviklinga i attraktivitet over tid. I målinga er lokalsamfunnsattraktivitet knytt til lokale forhold, og forhold som kan påverkast lokalt. Påverknad utanfor ramma av staden si eiga påverknad, er strukturelle forhold og økonomiske rammer.



Figur 13: Attraktivitetspyramida (Vareide m.fl. 2013, s. 20)

<sup>10</sup> «Hjarte for heile landet» (St.meld. nr. 21 (2005-2006)), «Lokal vekstkraft og framtidstru» (St. meld. nr. 25 (2008-2009)), «Ta heile Norge i bruk» (St.meld. 13 (2012-2013)), «Berekraftige byar og sterke distrikta» (Meld. St. 18 (2016-2017)), «Levende lokalsamfunn for fremtiden» (St. Meld. 5 (2019-2020))

Dei nedste triangla handlar om næringsgrunnlaget til staden, der «besøk» kan målast på fleire måtar. Ein er likevel mest oppteken av om besøket kan skape grunnlag for sysselsetjing, busetjing og vidareutvikling av lokalsamfunnet (Vareide m.fl., 2013, s. 20) «Bedrift» er knytt til produksjon av varer og tenester som vert eksportert ut av lokalsamfunnet.

Korleis lokalsamfunn står fram som attraktive lokalsamfunn, varierer. Dette kan spesielt gjelde småkommuner som er truga av avfolkning, der Grimsrud og Båtevik (2016, s. 286) seier: «Det er ingen enkel oppgave å skulle nå ut med et budskap om at stedet er attraktivt når utgangspunktet for en slik erklæring er at altfor mange flytter derifra». I tillegg til dette kan ein seie stadar i dag tevlar med kvarandre om attraktivitet, og om å bli velt av potensielle tilflyttarar. Dette har kome som ein konsekvens av auka mobilitet, endra flyttebalanse og eit moderne, kunnskapsbasert arbeidsliv, noko som gjer at lokalsamfunnet har vorte utsett for endringar (Lysgård og Cruickshank, 2016, s. 95). Dette gjer at spørsmål kring kva lokalsamfunnet representerer må stillast (Lysgård og Cruickshanck, 2016, s. 96).

Kva som vert sett på som attraktivt vil variere etter kva posisjon ein har i lokalsamfunnet. Arbeidsplassar kan vere attraktivt for ferdigutdanna studentar, medan moglegheiter for rekreasjon tiltrekk kanskje turisten. Lysgård og Cruickshanck (2016, s. 97-8) nemner tre tilnærmingar for å forstå staden si attraktivitet, der den første handlar om å sjå på attraktivitet opp i mot motivasjonsfaktorar for migrasjon. I denne oppgåva vert dette berre kalla «motivasjon for migrasjon». Denne tilnærminga seier forfattarane er problematisk fordi denne beslutninga ikkje kan reduserast til ein enkeltfaktor. Tradisjonelt sett har arbeidsmoglegheiter vore den avgjerande faktor for migrasjon, men dette har endra seg der nærliek til familie og stadsattraktivitet no er viktig for kor folk busett seg (Sørli, 2012, s. 119). Den andre handlar om å forstå lokalsamfunn si attraktivitet som noko som er i endring, og som kan påverkast og marknadsførast. Den tredje går ut på å sjå på staden si evne til å tiltrekke seg kompetanse (Lysgård og Cruickshank 2016, s. 99). I denne oppgåva vert den første attraktivitets-dimensjonen til Lysgård og Cruickshanck (2016) mest vektlagt.

#### 4.4 Ny offentleg styring

For å forstå ei av utfordingane Bugøynes står ovanfor har eg valt å inkludere endringa innan styringssett i norsk offentlegheit, fordi avhengigheita av Sør-Varanger kommunes politiske, og difor økonomiske disposisjonar, kan sjå ut til å bli stadig viktigare for bygda. Bugøynes sitt omsorgssenter som fell inn under helse- og omsorgssektoren vil vektleggast, sidan mindre lokalsamfunn ofte mistar funksjonar innan denne sektoren til regionsentera som følgje av NPM-reformar (Christensen, 2003, s. 16).

##### 4.4.1 Auka målstyring- New Public Management

Auka bruk av prinsipp henta frå NPM har vore synleg i norsk offentlegheit over lengre tid (Johnstad, Klausen og Mønnesland 2003; Berg, u.d.). Norsk politikk, ideologi og offentlegheit har bevegd seg frå eit konservativt-liberal hegemoni, via eit sosialdemokratisk, til noko som kan minne om eit nyliberalistisk hegemoni (Hermansen 2011, s. 35). Dette har mellom anna Gerrard (2016, s. 88) peika på som ein drivar for sentralisering av skule, barnehage, helse og andre offentlege tenestetilbod. Ein har også sett element av NPM i bruk innan organiseringa av kommunar, fylke, høgare utdaning og spesielt innan helse- og omsorgssektoren (Hansen, 2018). Nyseter (2017) viser til forsking som seier NPM er øydeleggande for offentleg sektor, «(...) som skal drive tjenesteyting ovenfor enkeltindividar med ulike behov og ikke produksjon av forbruksvarer».

NPM styrast av ein idelogisk skepsis til stat og politikarar, og har basis i økonomisk teori med sterkt vekt på effektivitet. Inspirasjonen til NPM er henta frå privat sektor og ei manegement-orientering. Dei administrative leiarane skal virke som managera og styringsstrukturen skal forenklast med færre styringsnivå og leiarar – mindre byråkrati (Christensen 2003, s. 15). Ein har meir fokus på kvantitative mål og verkemiddel, med måling av resultat og belønning eller straff utifrå desse. Kostnadskutt, auka arbeidsdisiplin, individuelle kontraktar og å motsette seg krav frå fagforeiningar og individuelle kontraktar er også viktige aspekt (Johnstad, Klausen og Mønnesland, 2003). Christensen (2003) seier NPM-prinsippa mellom anna vil at dei lokale tenestene skal drivast meir effektivt og tenester skal konkurransesettjast eller privatiserast. Effekten av dette er at politikarane si rolle svekkast, effektiviteten aukar, og at den offentlege sysselsetjinga kjem under press (ibid.). For kommunale helsetenester kan dette vise til ei avpolitisering, der politikarar ser over budsjett og overlèt ansvaret til einingsleiar, som gir dilemmaet vidare til sine tilsette (Haukelien 2012). Denne prosessen meiner ho

Haukelien (ibid.) kan vise til eit demokratisk problem, der forventningane til tenestene vert utforma utan dialog med dei som har ansvaret for å utøve dei.

Om NPM-reformar har ei politisk slagside, vert av Johnstad, Klausen og Mønnesland (2003) sett på som ein implikasjon, der dei bruker omgrepet «forvaltningspolitikk» som døme. Dei peiker på at omgrepet betraktar organiseringa av offentleg sektor som ein del av politikken, og ikkje som eit reindyrka, upolitisk, teknisk felt. Difor vil endringane i offentleg sektor, forvaltninga, vere eit politisk spørsmål. Endringane i offentleg sektor kan også ha globale konnotasjonar (Johnstad, Klausen og Mønnesland, 2003). Forfattarane nyttar omgrepet «høgredreiling», som ikkje berre har vorte brukt som forklaring på mange parti sine ideologiske forskyvingar, men også som ei referanse til tiltak som privatisering og konkurransesutsetjing. Forfattarane forklarer at dersom ein aksepterer premissa om at desse endringstiltaka er basert på ideologiske grunnhaldningiar, kan NPM-reformane kallast ein «identifiserbar “reformpakke” som er spredt over landegrensene» (Johnstad, Klausen og Mønnesland, 2003).

#### 4.4.2 Betydning for lokalsamfunnet

Christensen (2003) seier tidlegare forsking viser til innsparing på 15-20%, og at dei frigjorte midla kan brukast til andre samfunnsoppgåver, til dømes i distrikta. Resultat frå New Zealand og Australia viser at sosial ulikskap, arbeidsledigkeit og fattigdom kan auke, og at dei politiske målsetjingane om integrering og hjelp til svake brukarar vert svekka. Lovpålagte sosiale omsyn kjem i press av driftsmessige omsyn (Christensen, 2003, s. 4). Sjølv om ein er villig til å ta dei sosiale belastningane auka effektivisering i offentleg sektor betyr, kan effekten av NPM i det store biletet lete vente på seg. Pengar ein sparar ved kutt i arbeidsstokken kan bety at trygde- og sosialbudsjettet aukar, der konsekvensen ofte er eit *veksande* offentleg byråkrati, og ikkje motsett som det ofte vert lova innan NPM-reformar.

Brukarane av dei offentlege tenestene i periferien kan oppleve NPM-reformar som problematiske sidan tilgjengelegheta og tilbodet vert därlegare. Strukturrasjonaliseringa og regionaliseringssprosessen i kjølvatnet av NPM-reformar har difor ein lite kundevenleg profil (Christensen, 2003, s. 11). Dette kan spesielt gjelde eldre i periferien som ikkje har tilgang til eller kunnskap om til dømes internettloysingar det offentlege tilbyr. Innføringa av NPM-reformar gjer at den regionale utviklinga innan sysselsetjing og busetjing vert meir uviss og mindre politikarstyrt. Den vert heller marknadsstyrt. I si oppsummering seier Christensen at NPM har klare implikasjonar for distrikts- og regionalpolitikken, der erfaringane viser at sysselsetjinga i distrikta skjærast ned og relokaliseras, noko som fører til ei ulik fordeling av

velferd. Vidare seier han at NPM-reformar fører med seg ei ytterlegare sentralisering, der sentrum si sysselsetjing og tenesteproduksjon vert styrka, noko som påverkar busetjingsmønsteret i periferien.

#### 4.5 Oppsummering

I denne delen har eg presentert dei analytiske reiskapane eg vil bruke for å forstå, tolke og kome til svar på problemstilling og forskingsspørsmål. Kapittelet har vist til lokalsamfunnsomgrepet, korleis attraktivitets-omgrepet kan forståast, samt sentrum-periferidikotomien. Sysselsetjingsomgrepet til Wadel og Jentoft (1984) og Jentoft sine metaforar kan vise til korleis nord-norske lokalsamfunn kan vere sårbare dersom dei opplev press. Jentoft sine metaforar spelar vidare på Boudoun sine sine sosiale system, og Brox (1966) sine perspektiv på lokalsamfunn. Til slutt har eg beskrive viktige trekk ved ny offentleg styring, og vist moglege konsekvensar denne styringsideologien kan ha.

## 5.0 Metodiske val og refleksjonar

Målet med denne masteroppgåva har vore å vise korleis kongekrabba har påverka Bugøynes. Etter feltarbeidet har problemstilling og nye forskingsspørsmål kome til, mellom anna å sjå nærmare på utfordringar Bugøynes sitt sysselsetjingssystem står ovanfor. For å oppfylle forskingsmessige ideal vil eg i det neste presentere korleis eg har kome fram til mine funn. Først vil eg vise til prosessanalyse, og klargjere at dette har vore ein induktiv-metodisk inngang for å forstå det sosiale fenomen Bugøynes. Mine forskingsmessige tilnærmingar vil verte presentert, før eg viser til utvalet, samt forskingsetiske val undervegs i Bugøynes og i analyseprosessen. Til slutt i dette kapittelet vil eg vise til val av tema, og implikasjonar manglande forkunnskapar kan ha hatt.

### 5.1 Prosessanalyse som metodisk verktøy – inntak til feltet

Som vist i teorikapittelet, kan prosessanalyse også nyttast som metodisk inntak til feltet. I denne delen vil eg ta føre meg Brox (1998) og Grønhaug (Vike, 2010) sine syn på kva ei prosessanalyse er, og korleis den har vorte nytta i analysa. Prosessanalyse spelar på sosialantropolog Fredrik Barth si forsking. I denne oppgåva kan også Reidar Grønhaug si forklaring av Barth si prosessanalyse sjåast som nyttig. Grønhaug sine «prosedurale reglar» for korleis ein skulle oppdage og beskrive den sosiale røynda, vert presentert av Halvard Vike (2010):

*«Et sosialt felt – for eksempel lokalitet – kan identifiseres ved å se på relativ varighet i interaksjon mellom et begrenset antall personer i et begrenset rom som samtidig deler felles sosiale fora og håndterer en serie oppgaver. Dette skaper gradvis økende kompleksitet, former for informasjon som anvendes på tvers av situasjoner, og et sett av felles, sentrale hendelser, og et potensial for spenning og konflikt».*

Bugøynes er *lokaliteten* der ein *handterer* dei same *oppgåvene*. Dei vert eitt av fleire *sosiale felt* i denne studia. Informantane i Bugøynes og Kirkenes vert dei handlande aktørane i denne studia, og dei representerer sosiale felt eller sysselsetjingssystem. Brox (1998) seier det handlar om å gå fram og tilbake mellom nivåa: analysere dei isolert og setje dei saman med heilskapen den er ein del av. Då vil ein kunne beskrive den sosiale røynd (Vike 2010). I denne studia vert «heilskapen» Bugøynes.

## 5.2 Metodisk design

I denne oppgåva er det brukt eit variert utval kvalitative metodar for å gje svar på oppgåva sine problemstillingar og forskingsspørsmål. Ved to høve, august 2018 og februar 2019, reiste eg til Bugøynes for å gjennomføre feltarbeid og intervju. Opphaldet varte i fire og seks dagar. Alle intervju er gjennomført i månadsskiftet februar/mars 2019 i samband med Kirkeneskonferansen<sup>11</sup>.

### 5.2.1 Feltarbeid og intervju

Feltarbeid og deltakande observasjon vert ofte brukt om kvarandre i litteraturen. Delamont (2007, I Thagaard, 2009, s. 65) seier skilnaden mellom dei er at i feltarbeidet går forskaren «ut i felten» og oppheld seg i eit anna miljø. Omgrepet «deltakande observasjon» viser til dei framgangsmåtar forskaren brukar i feltarbeidet, der ein vanlegvis kombinerer desse med intervju. Denne kombinasjonen synst å vere den mest føremålstenlege framgangsmåten for å forstå og setje seg inn i Bugøynes-samfunnet.

I intervjuet kan ein få innsyn i informantens sine tankar om kvardagsliv og erfaringar (Tjora, 2013, s.104), medan ein i feltarbeidet kan observere mindre einingar som kan gje informasjon om generelle samanhengar (Thagaard, 2009, s. 66). Feltarbeidet er også med på å forme kunnskapsproduksjonen og inntrykket ein får av staden. Kielland og Nilsen (2013, s 198.) seier dette kan kome ved å gå rundt på staden, besøke butikken og det å reise til staden. Dei nemner også tilnærminga *raske feltarbeid* der ein går breitt ut, og forsøker å skaffe seg eit overblikk og hente inn så mykje empiri som mogleg. Det første opphaldet i Bugøynes kan betraktast som dette. Raske feltarbeidet kan ha eit preg av «stuntforsking», der ein endrar planar underveis etter kvart som ein finn interessante funn (Kielland og Nilsen, 2013, s. 194).

Under vegs i begge feltarbeida kom eg i samtale med fleire av bygda sine innbyggjarar. Dette skjedde dømevis på veg til å handle, til eit planlagt intervju eller når ein var ute for å sjå seg rundt. Aase og Fossåskaret (2014, s. 31) fortel om *feltsamtalar*, som er ikkje-planlagde intervju, lik daglegdags prat. Desse kan gje svar på spørsmål ein ikkje hadde tenkt på (Aase og Fossåskaret, 2014, s. 32), noko som kan bidra til ei betre forståing av Bugøynes som lokalsamfunn, historia og staden<sup>12</sup>. Svar som ikkje gav tilstrekkeleg informasjon vart oppfølgt med spørsmål om samtalepartneren hadde tips til andre ein kunne snakke med. Denne metoda kallast gjerne «snøballmetoda» (Tjora, 2013, s.151), der ein nyttar informantane sine nettverk

<sup>11</sup> Konferanse i Kirkenes med fokus på politikk, nærings- og samfunnsutvikling i nordområda ([www.kirkeneskonferansen.no](http://www.kirkeneskonferansen.no))

<sup>12</sup> Tips om fjelltur til Bugøynestoppen (497 moh.) og kyrkjegudsteneste.

for å få ei betre forståing. Dette var noko somme av informantane vart spurt om, både i dei planlagde og i feltsamtalane. Snøballmetoda viste seg veldig nyttig og enkelt, der «alle kjente alle» og fleire av informantane var i slekt.

### 5.2.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalyse er ei metode nytta i studie som er basert på tekster skrive for eit anna formål enn det som omfattast i forskingsarbeidet (Thagaard, 2009, s. 62). Omgrepene *dokument* kan i vid forstand reknast som alle skriftlege kjelder (Lynggaard, 2012, s 154). Val kring kva dokument som har påliteleg informasjon har vore gjennomtenkt, spesielt når det gjeld informasjon om Bugøynes. Sidan det er eit lite lokalsamfunn, er det i liten grad skilt ut som eige område for offentleg statistikk. Når det gjeld informasjon om bygda si historie har det vore nytta lokalbøker som er skrivne av bygda sine innbyggjarar. Mangel på andre kjelder er grunnen til desse er valt. Med dette har ein kanskje inkludert fleire stemmer frå Bugøynes. Desse kan utgjere det Lyngaard (2012, s. 160) kallar ein «autoritet i feltet».

Av andre verk for både historisk og fagleg forståing, har *Hvor går Nord-Norge?* (2011; 2012; 2013) og *Norges fiskeri- og Kysthistorie* (2013; 2014; 2015) brukt. Desse vart i stor grad brukt etter det første feltarbeidet. Stortingsmeldingar og Statistisk sentralbyrå er også nytta. Før feltarbeid vart Brox (1966) og Strøksnes (2006), samt andre bøker omhandlande lokalsamfunnsskulen lest. Avisartikkelar er også nytta.

### 5.2.3 Utarbeiding av intervjuguide

For å kome til eit svar på problemstillingar og forskingsspørsmål har det vorte utarbeida intervjuguidar<sup>13</sup>. Intervjuguiden sin funksjon er strukturande og styrande for kva intervjuet skal handle om (Tanggaard og Brinkmann, 2012, s. 28). For å utarbeide intervjuguidar vart det lest om regelverket kring kongekrabbe, samt avisartikkelar om Bugøynes. Intervjuguidane er tematisk utarbeida (Tanggaard og Brinkmann, 2012, s. 31). Intervjuguidane er tilpassa dei ulike informantane, der dei har fått spørsmål på bakgrunn av deira arbeid eller funksjon.

Bakrunnen for dette valet var ei antakning om at informantantar frå ulike arbeidsplassar stod betre rusta til å gi uttrykk for sine erfaringar, enn dersom ein skulle utarbeide ei generell intervjuguide. Informantane mine er difor strategisk utvalt (Thagaard, 2013, s. 60). Det er nytta bandopptakar under intervjuet, og teke notat undervegs. Dette for å sikre at informantane

---

<sup>13</sup> Intervjuguide er vedlagt. Viser til intervju med representant administrasjon SVK

sine utsegn oppfattast så korrekt som mogleg. I intervju med *Fiskar 1* vart ikkje bandopptakar brukta. Intervjua gjekk i alle tilfelle føre seg etter informantens ønskje.

#### 5.2.4 Kategorisering

Like etter intervjeta var ferdige, vart transkripsjonen gjort raskast mogleg. Transkripsjonen vart skrive på bokmål og viste til kroppsspråk, lydar, og tenkjepausar. Den vart skriven pragmatisk, der den munnlege forma er forsøkt oversett til skriftleg så godt som mogleg. Sitata i oppgåva har vorte finskrive, men inkluderer teiknsetting som «(...)» og representerer hopp i råmaterialet for å fa fram informantens poeng. Somme stader vert det vist til tenkjepausar «...», og forklaring av lyd, dømevis (latter), for å understreke dømevis glede. Sitata i analysedelen er skrive på bokmål for å skape distanse mellom oppgåvetekst og sitat.

«Data (blir) ikke passivt samlet inn, men blir aktivt *produsert* av forskeren» (Aase og Fossåskaret 2014, s. 129). Dette viser til eit sosialkonstruktivistisk syn, der det er ein overgang frå forskaren sine observasjonar og inntrykk til dei presenterte data. Ein kan sjå på kategorisering som ordnande eller som ei begrensing (Thagaard, 2009, s. 151). I analyseprosessen vart informantane sine utsegn kategorisert etter tema. Dette kallar Aase og Fossåskaret (2014, s. 130) ei analytisk kategorisering. Å gå frå intervjuet til ei kategorisering viser til ein interaksjon mellom forskaren si forståing og tendensar i datamaterialet (Thagaard, 2009, s. 151). Kategoriseringa skal ha som formål å ordne og skape oversikt, noko som kan vere hjelpsamt og naudsynt i eit datamateriale. Denne oppgåva har mellom anna brukt Jentoft (2012) sine metaforar, som også kan sjåast som kategoriar. For å relatere ein kategori til ein anna, må ein forstå kva kontekst ein kategori vert plassert i (Aase og Fossåskaret, 2014, s. 137-8). Legitimiteten for å bruke dei etablerte kategoriane, ligg i å forstå til dømes kva Jentoft meiner, samstundes kva informantane meiner.

#### 5.2.5 Utval

Informantane er velt ut på bakgrunn av kven som kunne gje ei forklaring på problemstilling og forskingsspørsmål eg hadde før ankomst Bugøynes. For å kome i kontakt med desse vart det primært brukt e-post, samt snøballmetoda. Informantane er frå Bugøynes sine viktigaste institusjonar, samt ein representant frå administrasjonen i Sør-Varanger kommune (SVK). Desse er skjematiskt presentert nedanfor. Det vart gjennomført åtte intervju, der det eine var gruppeintervju. Gruppeintervjuet tok stad i Norway King Crab-fabrikken i Bugøynes. Fem av

dei andre på gjekk også føre seg i Bugøynes, medan dei to siste i Kirkenes. Av utvalet er alle i 30-åra eller eldre og informantane er både kvinner og menn. I tillegg til dette vart det gjennomført ein del korte og lengre feltsamtalar med delar av befolkninga.

Informantane er anonymisert og vil vise til følgjande beskriving:

Sysselsetjingssystem	Anonymiserte informantar
Skule	Representant skuleverk1 Representant skuleverk2
Omsorgssenter	Leiar omsorgssenter
Kongekrabbefiskar	Fiskar1 Fiskar2
Sør-Varanger kommune	Representant SVK
Norway King Crab fabrikk Bugøynes	Mann1 Mann2 Mann3 Mann4
Norway King Crab leiing	Dagleg leiar NKC

### 5.3 Forskingsetikk

Informert samtykke, konfidensialitet og openheit kring det å vere med i forskingsprosjektet vert sett på som viktige prinsipp innan forsking (Thaagaard, 2009, s. 224). I denne oppgåva vart det ved å sendt ut informasjonsskriv<sup>14</sup> til informantane. Prosjektet er innsendt til Norsk senter for forskingsdata (NSD). I etterkant av intervjuet har eg teke kontakt med alle informantane, samt tilbode sitatsjekk og informert om korleis dei kan kjenne igjen i den ferdige oppgåva.

Å anonymisere informantar på ein stad som Bugøynes kan vere utfordrande, sidan lokalsamfunnet er relativt lite og «alle kjenner alle» (Aase og Fossåskaret 2014, s. 213). I denne oppgåva kunne ein anonymisert staden, men det synast likevel betre å gje eit stadleg døme på lokalsamfunn i Nord-Noreg. Ved ei stadsanonymisering kunne viktig kontekst forsvunne.

---

<sup>14</sup> Informasjonsskriv er vedlagt

Det er nærliggande at lesarar i Bugøynes eller Kirkenes vil kunne spore kven som har sagt kva. Somme informantar sa dei kunne stå fram med namn, medan somme oppfattast meir forsiktig. Dette var ei forskingsmessig utfordring teke på alvor. Etter korrespondanse med informantane og tilbod om sitatsjekk, vart det utelatt personinformasjon. Spørsmål kring forskingsspørsmål 1 er ikkje noko nytt fenomen i bygda. Det har ikkje vore ytringar om spesifikke personar. Fråvær karakterisert som «sensitive» spørsmål gjer at informantane sine utsegn verkar truverdige. Om spørsmåla hadde inkludert meir sensitive spørsmål ville dette ført ytterlegare anonymisering.

I eitt av intervjua vart orda «konkurs» og «nedlegging» brukt, noko som vart oppfatta negativt av informanten. Snakkesaligheita om forskingsspørsmål 1 varierte. Ei liknande oppleving i feltet var oppfordringar om å vinkle oppgåva på ein viss måte, helst til bygda sin fordel. Dette er betraktingar teke på alvor, sjølv om dei oppfordrande kommentarane frå informantane kunne vore meint på fleip.

#### 5.4 Metodiske refleksjonar i ettertid

Utgangspunktet for denne oppgåva var å undersøkje kongekrabba sine konsekvensar for lokalsamfunnet i Bugøynes. Desse antok eg var positive. Etter det siste feltarbeidet i 2019 viste mine funn at biletet verka samansett. Dette førte til ei anna tilnærming, frå å handle om kongekrabba isolert, til å i større grad inkludere dei andre institusjonane i Bugøynes. Dette kan forståast i ljós av den hermeneutiske sirkel, der ein vandrar mellom forståing og forforståing, heil-del-heil, for å skape betre innsikt i fenomenet, det sosiale felt Bugøynes. Det minner også om ei prosessanalytisk tilnærming der ein sett funn opp mot den problematiske heilheita.

Innan hermeneutikken vert omgrepet «fordommar» sett på som den bagasjen ein bruker i sin prosess for å forstå verda. Gadamer (1989, i Højberg, 2004) meiner fordommene har sitt opphav i vår tradisjon, historie og kulturelle arv. Fordommane er naturleg fundert i samfunnet, og vert ein del av vår forståing som bind oss til samfunnet, og lærer oss å forstå verda. Gadamer forsøker å vise at ein ikkje kan ha ei rein, objektiv og fordomsfri forsking. Det er for han «... en illusjon at tro, at vi kan gå til tingene fordomsfrit» (Højberg, 2004, s. 322). Innan hermeneutikken vert konteksten sett på som avgjerande, der historia til aktørane vert vektlagt. Å setje seg inn i aktøren sine tankar vert avgjerande for å forstå og gjennomføre forsking med kvalitet. Den hermeneutiske sirkel handlar om at ein del av noko må forståast som del av heilheita (Alveson og Sköldberg, 2018). Innan aletisk hermeneutikk, ei retning i hermeneutikken, vil ein sirkel mellom forståing og forforståing vere gjeldande. Prinsippet er

at ein beveger seg mellom forforståing og forståing for å få ei djupare forståing av det undersøkte fenomenet (Alveson og Sköldberg, 2018). Forforståing kan forklarast som at vi alltid har ei tidlegare forståing av den noverande forståinga. Vi undersøkjer med andre ord aldri eit sosialt fenomen forutsetningsløyst, sidan vår mening alltid bygger vidare på ei allereie tillært forståing av verda (Højberg 2004).

Det faktum at eg aldri hadde vore i Finnmark før felterbeidet i 2018, og at lokalsamfunn og fiskerifeltet var nye forskingsområde, kan sjåast både som ei ulempe og som ein fordel. Eg hadde ikkje så veldig mange forforståingar om livet i nøyaktig Bugøynes og korleis ting stod til, sett vekk ifrå det som vart lest for å utarbeide intervjuguidar. Sjølv om vitskapleg forsking innan hermeneutikken vil ta utgangspunkt i dei forforståingar ein har, vil eg seie mitt møte med feltet vart gjort så uavhengig som mogleg. I analysedelen har eg inkludert sitata frå intervju, noko som kan vere ein måte å vise til informantane sine opplevingar. Likevel, sitata er eit resultat av mi kategorisering, og plassert utifrå kva eg synast gir det mest sannferdige biletet. Den vidare analysa og seinare diskusjon, vert difor eit uttrykk for mine eigne forforståingar, der fullstendig objektivitet vil vere umogleg.

Tilnærminga til felterbeidet i Bugøynes kan ha gjort utforminga av intervjuguide mangefull grunna manglande forkunnskap. Sett i ettertid har desse manglar. Det har heller ikkje vorte inkludert unge stemmer, noko som kunne belyst problemstillinga ytterlegare. Størstedelen av forkunnskapar om norsk fiske, teori, historie, demografiske tendensar og kvardagsliv, har vorte innhenta i ettertid av felterbeidet 2019. Avstand og nærleik til feltet kan sjåast som ei forskingsmessig utfordring, der avstanden før felterbeid 2019 kan reknast som ei svakheit ved oppgåva. Eit lengre felterbeid og ei deduktiv tilnærming kunne difor vore føremålstenleg,

Dette metodekapittelet har vist til ferdsel i Bugøynes og Kirkenes, og korleis eg har kome fram til mine funn. I det neste vert informasjon om kongekrabba presentert, før mine funn vert presentert og seinare drøfta.

## 6.0 Kongekrabbe (*paralithodes camtschaticus*)



Figur 14: Kongekrabbe klar for scanning. Foto: Hans Husøy

### 6.1 Kongekrabbe historie

For å finne grunnen til at arten er i norsk farvatn må ein attende til 1961, då russiske forskarar sette ut 1000 hokrabber, 2000 hankrabber og 10 000 yngel i Murmanskfjorden (Olsen, 2003). Krabben vart henta frå det nordlege Stillehav i Det japanske hav utanfor Vladivostok og Kamtsjatkahalvøya<sup>15</sup>. Deretter vart kongekrabbane frakta med tog tvers igjennom Sovjetunionen frå sitt naturlege habitat, til Kolahalvøya og Murmansk (Siikavuopio og Dale, 2003, s. 35). Temperaturen i Barentshavet er relativ lik temperaturen i Det japanske hav, noko som mogleggjorde det russiske forsøket. Hovudmålet til russarane var å etablere ein stor bestand i løpet av tretti år og drive kommersiell fangst på sikt. Det russiske forsøket vart avslutta i 1969 (Monsen, 2004).

---

<sup>15</sup> Kongekrabba vert av somme kalla kamtsjaktakrabbe



Figur 15: Bifangst av kongekrabbe (Havforskningsdirektoratet, 2004)

Den første registrerte norske fangsten av kongekrabbe skjedde som bifangst i 1977 (Nilsen, 2003a, s. 7). Gjennom heile 80-talet var bifangst av kongekrabbe eit stort problem for garn- og linefiskarar i Varangerfjorden. Dette gjaldt fisket etter kveite, torsk og rognkjeks, og bidrog til mellom anna brukstap, tap av fangst og fangsttid (Dørum, 2003, s. 13). Dette førte til at ein i 1992 starta med forskarfiske av kongekrabbe, der ein delte kongekrabbekvota mellom Noreg og Russland<sup>16</sup>. Etter forskarfisket slutta i 2001, vart det i 2002 opna for kommersiell fangst av kongekrabbe i Finnmark (Nærings- og fiskeridepartementet, 2007; Monsen, 2004). 127 norske båtar deltok med ei total norsk kvote på 100 000 dyr. Forskarfisket etter kongekrabba gjaldt i fyste omgang fiskarar som hadde vore plaga med bifangst av kongekrabbe i sitt vanlege fiske. Dette står i dag som eit sentralt poeng for kven som får ta del i kongekrabbefisket (Nærings- og fiskeridepartementet, 2007).

<sup>16</sup> Noreg og Russland samarbeida om reguleringa fram til 2008 (Nærings- og fiskeridepartementet, 2015)

## 6.2 Kongekrabbefisket i seinare tid

I tida etter kommersialiseringa av kongekrabbefisket har næringa opplevd økonomisk vekst.

Tal frå 2018 viser at det vart fiska 2310 tonn norsk kongekrabbe med ein fangstpris på 386 millionar kroner (SSB, 2019a). Den totale eksportprisen på kongekrabbe var om lag 580 millionar (Norges Sjømatråd, 2019). I 2018 var det 853 båtar i det norske kongekrabbefisket (Ripman, 2018). Fiskarar leverer til mottak i fiskevær i Nord-Noreg, som eksporterer både levande og fryst kongekrabbe til norske eller utanlandske kundar.

Etter ein starta med eksport av levande kongekrabbe, slik som NKC i Bugøynes, har marknadsprisen på råvara auka kraftig sidan 2013 (Måsø og Johansen, 2017). Den dynamiske minsteprisen per kilo kongekrabbe er 165 kroner for størrelse over 3,5 kilo (Råfiskelaget, 2019). Kongekrabbefiskarane i Bugøynes får 210 kroner kiloen. Det er desse summane som har gjort at ein har kalla kongekrabbefisket «attraktivt» og ei kongekrabbekvote for «gullpapir» (Nærings- og fiskeridepartementet, 2007; Hykkerud, 2016). Dette fordi ein kan fiske kongekrabbekvota på relativt kort tid med høg profitt. I dag er kongekrabba den mest verdifulle sjømaten Noreg kan tilby (Seipajærv, 2018).

## 6.3 Regelverk

I 2019 vart det ei lågare kvote enn tidlegare år, der ein med full kvote kan fiske i underkant av to tonn kongekrabbe (Fiskeridirektoratet, 2019a).

Kvotefaktor	Fartøykvoter
0,1	0,19
0,25	0,49
0,5	0,97
1	1,94

For å få tildelt kongekrabbekvote som yrkesfiskar i Aust-Finnmark er det fleire føresetnadar og krav som må oppfyllast, mellom anna:

- fartøyet du fiskar med må vere merkeregistrert i Aust Finnmark
- eigar av fartøyet og hovedsmann må vere ført i fiskarmanntalet
- eigar av fartøyet må vere ført i fiskarmanntalet i Aust-Finnmark, og ha vore ført der dei siste tolv månadane

- under fangst må eigar sjølv vere hovedsmann om bord i fartøyet (Fiskeridirektoratet, 2019a).

Som sagt var eit av dei første krava for kven som fekk ta del i kongekrabbefisket, at fiskarar som var plaga med bifangst av kongekrabba skulle vere prioritert. Dette har fungert som ein gyllen regel heilt sidan kongekrabba var ei plage for linefiskarar i Finnmark. Vidare kjem det fram at «*Fangst av kongekrabbe har ikke ment å utgjøre et selvstendig driftsgrunnlag for enkelte fartøy*» (Nærings- og fiskeridepartementet, 2015).

#### 6.4 Konsekvensar av innførte artar

Kongekrabba er som andre innførte artar ein trugsel mot naturlege økosystem (Nærings- og fiskeridepartementet, 2015). Generelt kan ein seie innførte artar bør behandlast varsamt, sidan dei kan forstyrre artsmangfaldet allereie eksisterande økosystem. Dei samfunnsøkonomiske kostnadane knytt til eit utval framande artar kan vere mellom 1,4 og 3,9 milliardar kroner (Klima- og miljødepartementet, 2018). Når det gjeld kongekrabba viser ei studie frå 2007 av dei djupe områda i Bøkfjorden i Sør-Varanger, at naturlege artar i botnfaunaen har lidd under kongekrabba sitt nærvær. Sjøstjerner, muslingar og børstemakk vart borte (Nærings- og fiskeridepartementet, 2015). I Porsangerfjorden har ein også liknande resultat, der undersøkingar i 2008 og 2010 viste at bestanden av sjøstjerner, sjøpinsvin og slangestjerner var sterkt redusert etter invasjonen av kongekrabba. Om det er ein klar kausalitet mellom kongekrabba og redusert bestand av biomasse i dei nemnte områda er likevel ikkje sikkert. Temperatursvingingar, varierande biomasse i ulike delar av Porsangerfjorden og stor variasjon i samansettninga av botndyr og varierande habitat, kan påverke observasjonane (ibid.). Fråværet av store individ som muslingar og sjøstjerner kan likevel indikere at kongekrabba har gjort betydelege avtrykk i botnfaunaen i områder av Porsangerfjorden.

Ein omfattande forskingsartikkel frå 2018 viste at kongekrabba i Porsangerfjorden hadde tilpassa seg og funne sin stad i økosystemet. Det viktigaste funnet var at den hadde teke over rolla til sjøstjerner og sneglar og utraderert store sjøstjerner. Vidare kom det også fram at den har liten effekt på fiskeressursar, sjølv om kongekrabba sin innverknad for havfaunaen elles er stor (Pedersen mfl. 2018). Dette er igjen med på å setje spørsmålsteikn bak kongekrabba sin påverknad i det naturlege økosystemet (Nærings- og fiskeridepartementet, 2015).

Kongekrabba er vurdert til «Svært høy risiko» av Fremmedartsbasen (Sundet, 2019). Dei er


underlagt Artsdatabanken som er ein fagleg, «(...) uavhengig, bruttofinansiert etat under Klima- og miljødepartementet» (Om Artsdatabanken, 2019).

E-post<sup>17</sup> Torstein Pedersen, professor i fiskeribiologi- og økologi, 17.3.2019:

«I hvor stor grad det er problematisk at den (kongekrabbe - mi utheting) utraderer store sjøstjerner og snegl kommer litt an på hvilket syn på naturen man har. Hvis man mener at naturen har en stor egenverdi er det klart at disse dyrene har en viktig funksjon og egenverdi i økosystemet.

Hvis man derimot ser på naturen fra et sterkt menneskesentrert ståsted og kun er opptatt av kortsiktige økonomiske konsekvenser er neppe tap av sjøstjerner og snegl sett på som viktig. Kongekrabbe har stort invasjonspotensiale. I artikkelen som du nevner er det anvendt et stort datamateriale og den undersøker og indirekte effekter i hele økosystemet og ikke bare på bunndyrbyttedyrene. Atlanterhavet kommer aldri til å bli som før etter denne invasjonen.»

## 6.5 Spreiing sør- og vestover:




Figur 16: Spreiing av kongekrabbebestand (St. meld. 17 (2014-2015)).

<sup>17</sup> Sjå vedlegg 2 for mine spørsmål i e-post

Sidan arten vart utsett i Murmansk har kongekrabba vandra vestover inn i norsk havområde. Dette har gjort at ein har vore bekymra for vidare spreing ut av frifiske-sona. Funn av kongekrabbe har vore gjort fleire stadar sør langs norskekysten, mellom anna i Lofoten, Trøndelag, Kristiansund og så sør som Bergen (Miljøstatus, 2017). Kongekrabbas far, russiske Jury Orlov, som var med på utsettinga av kongekrabba på tidleg 60-tal, var mellom anna overtydd at kongekrabba kom til å ende opp i Middelhavet. Han var ein av få med dette oppfatninga (Olsen, 2003). Den viktigaste grunnen til spreting av kongekrabbebestanden er havstraumar som tek med seg krabbelarvar (Nærings- og fiskeridepartementet, 2007). Det vart sagt at vaksne krabbar si vandring langs havbotnen på jakt etter ny næring også kunne vere ein grunn. Det finn ein i dag ikkje nokon grunn til å hevde. Det som tilsynelatande hindrar vidare spreting er havtemperaturen (Oug, Sundet og Cochrane, 2018).

Allereie i 2003 vart det sagt at ein hadde nådd eit punkt der ein ikkje kunne stoppe arten si utbreiing – at det var umogleg å drive eit desimeringsfiske (Nilsen, 2003b).

## 6.6 Kvoteområde



Figur 17: Kvoteområde utevla i blått (Fiskeridirektoratet 2019a)

Kongekrabbefisket er delt inn i to fangstområde for å bevare og samstundes hindre spreiing av kongekrabbe i norsk farvatn (Nærings- og fiskeridepartementet, 2007). I områder vest for 26° aust har det sidan 2004 vore fritt fiske av kongekrabbe, primært for å hindre spreiing vestover. Resultatet av det frie fisket vest for 26° aust er at spreiingshastigheita vestover er redusert, sjølv om årsakene ikkje kan garanterast å ha vore innføringa av det frie fisket (Nærings- og fiskeridepartementet , 2015). I det kvoteregulerte fisket i Aust-Finnmark har ein kunne utnytte ressursen godt gjennom eit strengt regulert kvotesystem. Kvotesystemet for kongekrabbe er regulert av Fiskeridirektoratet. Etter kvart som bestanden har spreidd seg lengre vest i Finnmark har bifangsten av kongekrabbe også øydelagt for fiskarane vestanfor kvoteområdet.

For desse fiskarane vest for 26°-linja har det vore ein kamp for å få vere med i kvoteområdet. Fiskarar i grensekommuna Måsøy fekk ikkje ta del i kongekrabbefisket, trass at line- og garnfiskarar i Måsøy også var hardt råka av bifangst av kongekrabbe (Tromsø Consulting Group, 2018). Grensekommuna vart innlemma aust for 26°-linja i 2017. Dette har hatt ringverknadar for Måsøy kommune, som med sine om lag 1200 innbyggjarar opplevde ei endring frå fråflytting til tilflytting. Tilgangen til kvoteområdet vert sett på som ein viktig faktor for auka optimisme (Klo, 2017; Måsøy kommune, 2017).

For 2019-sesongen vart aktivitetskravet for kongekrabbefiskarar i Aust-Finnmark auka. Tidlegare har tilgangen til kongekrabbekvoter vore tilgjengeleg for fiskarar som har landa pelagisk fisk for meir enn 100.000,-. Dette har auka til 200.000,- i 2019 (Forskrift om reguleringa av fangst av kongekrabbe, 2017). Det auka aktivitetskravet har vore oppe til debatt i ulike instansar og fiskarlag langs kysten over lengre tid, noko denne oppgåva vil sjå nærare på i kapittel 7 og 8.

## 6.7 Norway King Crab

I Bugøynes har Norway King Crab slått seg opp innan eksport av levande kongekrabbe, og hevdar seg på ein global marknad. Omsetjinga i 2016 var på 52 millionar og har fire personar på lønningslista i Bugøynes (Breivik og Johansen, 2017). Norway King Crab kjøper levande kongekrabbe frå i underkant av 20 båtar i Bugøynes, og får også levering frå kringliggjande stader som Vadsø, Vardø, Nesseby, Kiberg og Tana. Sidan 2017 har dei også vore fiskemottak (Randa, 2019). Den levande kongekrabben har vist seg å vere populær på marknaden, der krabben er ferskare og lettare å tilberede enn i fryst tilstand. Den levande kongekrabba har lågare produksjonskostnadar samanlikna med eit fryst clusterparti, i tillegg

til at ein mistar mellom 40-60% av vekta til den levande kongekrabba ved fryst metode (Seipajærv 2003, s. 32).

Etter lossing av kongekrabber på kaia i Bugøynes, veg og kategoriserer dei tilsette hjå Norway King Crab krabbane. Her bruker ein scanning av ei QR-kode, festa i skalet til kongekrabba. Scanninga og QR-koda vert med kongekrabba heile vegen frå båt til kunde. Ved scanning av koda får kunden opp informasjon om krabben: bilet av kven som har fiska den, når og kvar den vart fiska. Bruken av kvar kongekrabbe si unike QR-kode har Norway King Crab brukt innan marknadsføring, for å selje inn historia til kvar unike kongekrabbe<sup>18</sup>. Dette skal fortelje at kongekrabba på din tallerken er noko annleis enn serieprodusert fiskemat. Den har vorte fiska for hand i eit friskt og iskaldt klima nært Barentshavet. Det er dette NKC sel: ei eksklusiv, levande råvare med «sporing og story».



Figur 18: Stader NKC leverer til markert raudt. Foto: Hans Husøy

Etter å ha teke kongekrabba inn for registrering, kategorisering og kontroll, vert nokre lagra i lokala til Norway King Crab i store kar med vatn. Her kan ein lagre om lag 15 tonn

<sup>18</sup> Sjå Monsen (2004, s. 73) for marknadsføringsstrategiar for kongekrabbe

kongekrabbe. Under mitt feltarbeid fekk eg observere korleis eitt tonn kongekrabbe vart motteke, behandla og klargjort for frakt til Trollbukt i Lebesby kommune. Der har Norway King Crab eit anna mottaksanlegg. Kongekrabbane skulle deretter fraktast vidare frå Trollbukt til sitt mykje omtala kongekrabbehøtel på Gardermoen (Breivik, 2017; Mortensen, 2015). Denne transporten vert gjennomført med fullasta lastebil og tek om lag 40 timer. Frå Oslo Lufthavn er ikkje vegen til verdsmarknaden lang.

## 6.8 Kongekrabbe og Bugøynes oppsummering

Kongekrabba er i norsk farvatn på grunn av russiske forskrarar som satt ut ein bestand i Murmansk på 60-talet. Krabba vandra vestover inn i norske farvatn, og finnmarksfiskarar var plaga med bifangst av kongekrabbe på 70- og 80-talet. På starten av 90-talet starta forskingsfisket med base i Bugøynes. Dette vart avslutta i 2001, medan det kommersielle kongekrabbefiske starta i 2002. I 2018 eksporterte Noreg kongekrabbe for 580 millionar, og det var 853 kongekrabbefiskarar i Noreg i 2018. Full kongekrabbekvote var på 1,94 tonn i 2019. Fiskar som leverte ved Norway King Crab Bugøynes fekk 210kr/kg i februar/mars 2019.

Dei *økologiske* effektane av kongekrabba vert av myndighetene vurdert til risikograd «svært høy». Spreiinga vidare vestover ser ut til å vere avhengig av havtemperatur. Ein har delt i to områder ved 26°-linja, der Måsøy kommune etter ei tid fekk vere med i kvoteområdet aust for 26°-linja. Aktivitetskravet har auka frå 100 000,- til 200 000,- der kongekrabbefiskaren må lande kvit fisk for 200 000,- eller meir for å ta del i kongekrabbefisket i 2019.

## 7.0 Lokale stemmer i Bugøynes

*«(...) den dagen bygda var til salgs var det et desperat rop om hjelp til storsamfunnet. På en eller annen måte hørte russerne oss og sendte kongekrabben hit. Så da ble vi på en måte hørt.» (Fiskar 2).*

I ettertid av Aksjon Bugøynes i 1989 var det som sagt ikkje all verda til hjelp å få. Ropa etter hjelp vart ikkje høyrt av sentrale myndigheiter og storsamfunnet. Hjelpa kom ikkje i form av norske aktørar, men som sitatet over viser, frå russisk side av Barentshavet. I denne delen av oppgåva vil eg vise til dei viktigaste funna. Det har vore gjennomført intervju med 12 informantar, og saman med inntrykk frå to felterbeid vil dette utgjere grunnlaget for å kunne svare på oppgåvas problemstilling. Eg har valt å presentere datamateriale tematisk, der eg først vil vise til informantane sine erfaringar kring kongekrabba i Bugøynes, og kva denne har gjort for bygda. Som tidlegare vist har kongekrabba gått frå plage til ein verdifull ressurs i kort avstand frå kaia i Bugøynes. Kongekrabba er vurdert til risikograd *Svært høy* (Sundet, 2019), og i ei tid med stadig større fokus på natur og eit berekraftig miljø, meiner eg det er føremålstenleg å vise kva informantane frå Bugøynes meiner om kongekrabba frå dette perspektivet. Vidare vert utfordringane bygda står ovanfor belyst.

### 7.1 Kongekrabba si betydning for Bugøynes

Sidan slutten av 1970 har kongekrabba både vore ei utfordring og moglegheit for fiskarar i Bugøynes. Etter ei periode med uvitheit kring krabba, starta ein opp forskingsfiske på 90-talet. Mykje av dette tok utgangspunkt i Bugøynes, som var ei av bygdene var plaga av kongekrabbe som bifangst. Under og i etterkant av forskarfisket starta kongekrabbebedrifter opp i Bugøynes, mellom anna Varanger Kongekrabbe AS og Arctic Products. Sidan 2008 har Norway King Crab AS (NKC) etablert seg i Bugøynes, og har sidan 2013 gjort seg gjeldande innan eksport av levande kongekrabbe. Dei får levert kongekrabbe frå om lag 20 båtar frå Bugøynes, samt andre fiskeribygder i nærleiken. Omsetjinga i 2016 var på 52 millionar og hadde fire personar på lønningslista i Bugøynes (Breivik og Johansen, 2017).

Alle informantane såg på kongekrabba som noko positivt, som ei sjølvfølgje:

*«Det er ingen som er negative til kongekrabbe her på Bugøynes» - (Representant skuleverk 1)*

Ein av fiskarane peika på det same, der betydninga for Bugøynes vert sett i direkte samanheng med kongekrabba.

*«Hvis vi ikke hadde hatt kongekrabben hadde det ikke vært noe Bugøynes her» -  
(Fiskar 2)*

Informantane hadde eit klart positivt syn på kongekrabba, at den meir eller mindre har vore ei redning for bygda. Dette stemmer godt med inntrykket frå lokalbøker (Seipajærv 2018; Ingilæ og Losoa 2010; Salangi 2010; 2016). På spørsmål om ein har tankar om kongekrabba sine konsekvensar for havbotnen:

*«For oss er det en fordel at vi har en kongekrabbe. Det er jo levelig for bedriften, sant, Der er arbeidsplasser, vi har Bistroen. Det har jo ringvirkninger. Dem sier det blir så mye, at de kommer krabbende opp i fjæra, det er bare tull. Bare tull. Det regulerer seg selv» -( Representant skuleverk 1).*

Informanten peiker her på korleis Bugøynes har drege fordelar av kongekrabba, der den har skapt arbeidsplassar for NKC, fiskarar og på Bistroen som serverer kongekrabbe. Det vert vidare sagt at arten regulerer seg sjølv. Kongekrabba kan ha ei negativ påverknad på havbotnen (Sundet, 2019), noko som har gjort at myndighetene innførte ei deling mellom frifiske-sona og kvoteområdet, aust og vest for 26°-linja. Nærings- og fiskeridepartementet (2007; 2015) viser at ein ved ei slik ordning vil kystsamfunn tene på ressursen, samstundes som ein forsøker ta vare på det naturlege artsmangfaldet i frifiskesona.

Kongekrabba har sidan utsettinga frå Murmansk på 60-talet spreidd seg vest- og sørover, og det er funne kongekrabbar så langt sør som i Bergen (Miljøstatus, 2017). Om den eventuelle spreininga vidare vart det sagt på fabrikken til NKC:

*«Den går ikke lengre sør enn Nordkapp. Kanskje max. til Alta. Hvis sjøtemperaturen er over ti grader går den ikke der» (Mann3)*

Ein av kongekrabbefiskarane seier derimot noko anna:

*«Man ser jo at det dukker opp nye grupper for eksempel inn i Altafjorden, det vil vel bli den nye fjorden (...). Så den sprer seg jo, det gjør den (...) den vil nok spre seg over hele Finnmarkskysten» (Fiskar2)*

Usemjå visast også igjen med dagleg leiar i NKC:

Dagleg leiar NKC: *«Det med at kongekrabben skal ha full fart nedover kysten og bre seg nedover Gibraltar, det kommer aldri til å skje. Temperatur. Den må ha fire grader en gang i året for å reproduksjon og den spiser ikke over ti grader.*

Hans: *Hvor langt sørover...*

Dagleg leiar NKC: *Du kan få en eller annen som sikkert kan forville seg langs Lofoten»*

Det var generelt ulike svar når det gjaldt kor langt ein trudde kongekrabba kunne spreie seg, der havtemperatur stort sett vart brukt som argument for kvifor spreiinga stoppa. Den tidlegare forskinga er ikkje heilt samstemt når det gjeld kor langt sør den kan gå, men kongekrabben trivs best i havtemperatur mellom +2° C og +7° C. Samstundes kan den overleve temperaturar frå -1,6° C opp til 18°C (Sundet m. fl. 2019). Dei fleste av informantane var generelt ikkje så veldig opptatt av å prate om «farane» knytt til kongekrabba. Dei såg på den som ein ressurs, noko positivt: *«man snakker ikke om krabben som en plage»* - (Fiskar1)

At informantane ikkje vektlegg dei negative følgjene kongekrabba kan ha for havfaunaen, var ikkje eit overraskande funn. Som sitata over viser til, er det kongekrabba som har heldt liv i bygda og ringverknadane er positive. Ein kan med andre ord seie den sosiale og økonomiske berekrafta synast å ha forrang for den økologiske når det gjeld kongekrabbeindustrien i Bugøynes. Kongekrabba kan også ha ein funksjon som identitetsskapar og felles referanse for bygda:

*(...) hvis alle har ei holdning om at denne krabben har han NAMN fiska eller noen andre i Bugøynes fiska (...) Det bygger et sterkere samfunn. Med at vi får tilhørighet alle sammen»* - (Fiskar2)

## 7.2 Utvikling, utfordringar og lokale bekymringar – Bugøynes 2019

«*Vi er interessert i at det skal skje noe. Det skal sirkulere. Det skal pulsere*» -

(Representant skuleverk 1)

Sitatet fortel at innbyggjarane vil at ting skal skje, noko som vart forklart med fleire dømer. Det vert fortalt at ting skjer i bygda, og folk oppfattast som flinke til å initiere aktivitetar av ulikt slag, sjølv om ein kanskje ikkje er så mange. Dette kjem stort sett i form av bygdas Helselag som initierer idrettsaktivitetar, men også Bistroen som arrangerer mellom anna quiz, strikkeklubb, kor og språkkaffe. Sommarens store happening er Bugøynesfestivalen, Mann 3 fortel: «*Hvis du kommer der, så sitter vi alle sammen sånn (rytmisk nikking på hodet)*». Det vert sagt at festivalen trekk til seg folk som tidlegare har reist frå bygda, men at også nye fjes tek turen den siste helga i juli<sup>19</sup>.

Av representant frå administrasjonen i Sør-Varanger kommune (SVK) i Kirkenes vert det sagt om Bugøynes:

«*De har skole, de har barnehage, de har eldresenter, de har fiber, de har et livskraftig helselag som arrangerer masse*»

Dette viser til ein no-tilstand som kan sjåast som eit kvart anna lokalsamfunn.

«*Vi har jo alt. Jeg bor bare tre timer unna Oslo. Ikke sant? Vi har, en tredjedel er lån, som alle andre har, vi har lave bokostnader, alle de tingene ligger til rette. Vi har verdens raskeste fibernett her, hyperraskt. Vi har alle tingene som ligge til rett for at man skal kunne bosette seg her. Men likevel er det ting som tyder på at det er ikke slik det blir*» - ( Fiskar 2)

Historisk har Nord-Noreg vorte meir eller mindre sentralisert etter andre verdskrig (Sørlie, 2012, s. 117). Ei av dei større samfunnstrekka ved Nord-Noreg er stor utflytting (Angell, 2012 m.fl.).

### 7.2.1 Fråflytting, sentralisering og urbanisering

Dette har også Sør-Varanger kommune og Bugøynes merka, der representant frå SVK fortel:

«*Urbaniseringa skjer enten vi vil det eller ikke, bare at her slår det ned som en hammer. Vi har befolkningsnedgang her for første gang på lenge, her i Sør Varanger,*

---

<sup>19</sup> 25-27 juli 2019 (Frå Bugøynesfestivalen si Facebook-gruppe)

*fra -17 til -18. Og det blir de store sentra i Finnmark som blir å vokse i tida fremover. Alta, Hammerfest og Sør Varanger. Og det vil skje på bekostning av de små kommunene i Finnmark. Og så vil vi se en utflytting av folk fra Sør-Varanger. Det er vår store utfordring. Vi kan ikke bare selge friluftsliv og fint vær.»*

Sitatet stemmer godt med overordna tendensar for den nordnorske landsdel, der informanten peiker på utfordringane for SVK. Flyttemønstra viser at dei store regionsentera vil vekse seg større på bekostning av dei små, noko som inngår i ein nasjonal trend som har vore gjeldande sidan etterkrigsåra (Sørli, 2012, s. 117). For Sør-Varanger kommune har dette «slått ned som ein hammar». I samtale om fråflytting fortel Fiskar2:

*«Det er som alle andre plasser på Nordkalotten og ellers ut i hele verden – det er det at det er mye mer spennende å bo i Oslo eller i en storby»*

Nøyaktige tal om befolkningsutviklinga i Bugøynes dei siste åra har vore vanskeleg å få tak i, men det vert fortalt om ei eldre befolkning og at bygda står ovanfor utfordringar med forgubbing. Dette samsvarer både med landsdelsnivå og nasjonalt nivå (Angell, m.fl. 2013, s. 6; Leknes, Løkken m. fl. 2018, s. 25). Trass majoriteten av Bugøynes si befolkning er over 50 år, vert det stadig snakka om kutt i bygdas omsorgssenter. Lesarinnlegget til Høiberget (2018) har vist at dette har ført til stor missnøye blant fleire av innbyggjarane i Bugøynes.

## 7.2.2 Omsorgssenter

*«Disse truslene med å legge ned omsorgssenteret, det er jo hvert år, så hører vi jo akkurat det samme» - (Mann2)*

I pleie- og omsorgssektoren i Sør-Varanger kommune er det venta 852 fleire brukarar i 2040 enn i 2018. Tal frå same år viser at det gjekk 23 739 kroner per innbyggjar til pleie- og omsorgstenester, høgare enn både lands- og Finnmarksgjennomsnittet (Sør-Varanger kommune, 2018a, s. 59-60). I 2018 vedtok kommunestyret i Sør-Varanger ein omstettingsplan der kostnadane innan helse- og omsorgssektoren skulle takast ned 21 millionar i løpet av 2020 (Sør-Varanger kommune, 2018b). I 2019 har omsorgssenteret på Bugøynes 17 tilsette og står for 9,7 årsverk. Om omsorgssenteret sine kostnadane vert det sagt:

*«Det jeg frykter med det, er at man tenker fra kommunenes side at det er for dyrt å opprettholde et sånn tilbud i Bugøynes» - (Fiskar 2)*

Flesteparten av dei tilsette på omsorgssenteret er kvinner, der fleire er gift eller i forhold med fiskarar<sup>20</sup>. Informantane på NKC-fabrikken fortel at desse truslane ikkje er noko nytt og at ein høyrer om det same kvart år.:

*Mann 3: Vi fikk faktisk beskjed om at Arbeiderpartiet skulle ikke, før det er kommunevalg her, dem skulle ikke legge ned omsorgssenteret (...) Og dem vant ganske stort i Bugøynes. Over 50%, og dem har ikke lagt ned. Men nå kommer kommunevalget i år igjen, og hvis noen andre vinner, så kan de finne ut "nå legger vi ned". Så vi vet ikke hva som skjer. Hvert fjerde år har vi mareritt.*

*Mann 2: Så er det hvorfor skal de legge ned? De har fullt med brukere, brukerne trives. De som er på avlastning fra Kirkenes og kommer hit, de stortrives her.*

*Mann 1: De vil jo ikke tilbake til Kirkenes.*

Informantane i Bugøynes sine erfaringar om kutt eller nedlegging av omsorgssenteret var stort sett negative. Dei såg på nedlegging som uforståeleg, sidan brukarane tilsynelatande var særsla nøgd med sine opphold. Det vert også fortalt om ein ustabilitet og «mareritt» kvart fjerde år grunna kommuneval. Kven som får den politiske makta seiast å ha påverknad for omsorgssenteret sin lagnad, der det etter kommunevalet i 2019 igjen vart Arbeidarpartiet (AP) som vart det største partiet i Sør-Varanger kommune. Av informanten vert det uttrykt at kven som sitt på den politiske makta i kommunen, vil vere viktig for omsorgssenteret sin vidare eksistens. Sidan AP vart største parti i Sør-Varanger i kommunvalet 2019, vert det interessant korleis dette spelar seg ut, og om lovnadane frå kommunevalet i 2015 framleis vert gjeldande i tida etter 2019. Informantane fortel korleis omsorgssenteret og usikkerheita kring nedlegging og kutt også har hatt konsekvensar for rekrutteringa til bygda:

*«Så ser du på rekrutteringen. Ja, han har en datter som utdanner seg og jobber som sykepleier (...). Hun har lyst å bo i Bugøynes. Hun har foreldrene her og vokste opp her (...) Men... "Skal jeg flytte til Bugøynes? Det kan jo legges ned neste år. Kanskje*

---

<sup>20</sup> Tre av dei tilsette ved omsorgssenteret hadde ektefelle som er kongekrabbefiskarar, og ytterlegare to har vore kongekrabbefiskarar.

*jeg bare skal bli her eller flytter til Tromsø". Så det blir mye vanskeligere å ta folk inn når du har en usikker arbeidsplass» - (Mann3).*

Sitatet viser til Bugøynes sin arbeidsmarknad kan oppfattast som ustabil, grunna trugslar om nedlegging. Dette kan svekke Bugøynes sine moglegheiter for rekruttering, og gjer at staden står fram som mindre attraktiv. På omsorgssenteret fortel ein også om utfordringar, sjølv om omsorgssenteret slik det står i 2019, framleis vert verande. Leiar ved omsorgssenteret fortel:

*«Men selvfølgelig, vi er under omstilling igjen, men det blir ikke nedleggelse. Enda Men så tenker vi at eldrebølgen kommer, dem har behov for å ha oss her uansett. Men vi er jo... Det er jo det å drifte utkant, sånn her, altså så mange ansatte på så få brukere. Så vi er jo litt dyr i drift på en måte. Men jeg tenker om vi ikke hadde vært her, så måtte man jo kjørt til byen og det hadde vært enda flere inn på sykehjemmet og det er jo enda dyrere i drift» - (Leiar Bugøynes omsorgssenter)*

Potensielle kutt på omsorgssenteret var ein trussel alle informantar i Bugøynes opplevde. Effektiviteten på Bugøynes omsorgssenter, der det er 9,7 årsverk på sju brukarar og totalt 17 tilsette, vil harmonere därleg med dei ideologiske rettesnorene NPM baserer seg på, som effektivitet, mål, rasjonalisering, resultat og konkurranse. Her vil nok tala og reknestykket spele i Bugøynes sin disfavør, noko leiaren på omsorgssenteret forstår og som dei tilsette ved NCK viser bekymring for. Konsekvensane for ei eventuell nedlegging av omsorgssenteret vil vere store. Informant fortel:

*«(...) hvis du stenger eldresenteret... Kona mi jobber der, kona hans jobber der, kona til NAMN jobber der, skjønner du? Det holder oss også her. (...) Det er veldig viktig. Hvis den stenges, og det diskuteres hvert år når det er budsjett på kommunestyret, så diskutes nedleggelse av skolen, nedleggelse av barnehage, nedleggelse av omsorgssenteret. Det er som en trussel.» - (Mann 3)*

Informanten viser til dei store ringverknadane dersom ein stenger eldresenteret, og viser til at fleire av dei tilsette sine livspartnarar har omsorgssenteret som arbeidsplass. Omsorgssenteret har stor overvekt av kvinner, medan det på NKC-fabrikken kun er mannlege tilsette. På denne måten kan ein sjå korleis sysselsetjingssystemet Bugøynes heng saman, der utfordringar for ein av bygda sine institusjonar, kan føre til utfordringar for sysselsetjinga i ein anna institusjon. Dette grunna det kjønnsdelte arbeidslivet i bygda. Omsorgssenteret vert beskrive som ein institusjon som held på Bugøynes sine innbyggjarar, samstundes som ein opplev

trusselen når det kjem budsjett frå kommunestyret og «mareritt» kvart fjerde år i samband med kommunevalet.

Ein av konsekvensane av dei kommunale nedskjeringane har folket i Bugøynes allereie fått merke. I samtale med informant om omsorgssenteret kom vi inn på dette temaet:

*«Bare det at dem kutta matlevering gjør at butikken plutselig har skjært ned åpningstidene med to timer hver dag. Og for meg er det et veldig dramatisk signal de sender og da stiller jeg meg spørsmålet: hva er det neste som skjer? Vil butikken forsvinne? Har vi butikk bare tre ganger i uka?» - (Fiskar 2)*

Maten som vert servert på omsorgssenteret har tidlegare vore kjøpt frå lokalbutikken, men vert no produsert på eit storkjøkken i Kirkenes. For informanten hadde dette alvorlege følgjer:

*(...) jeg tror alle de tingene der er bare en start på en sånn kollektiv nedleggelse av små steder som Bugøynes. Det høres brutalt ut, men jeg tror det er sånn det er» - (Fiskar 2)*

### 7.2.3 Skule og barnehage

Skulen i Bugøynes er ein grunnskule og har i 2019 17 elevar totalt. Av desse er seks niande og tiandeklassingar. Skulen har fire fulltidslærarar, «(...) og så er det noen som har litt i barnehagen». I tillegg jobbar ein person av og til med finskundervisning. Med dette kan ein seie det er totalt seks tilsette på skulen.

Tal frå kommunen om kostnadsnivået på ulike skular i Sør-Varanger viser at ein elev i Bugøynes kostar 291 687 kroner. Ein elev ved ungdomsskule i Kirkenes kostar til samanlikning 156 442,- (Sør-Varanger kommune, 2018a).

Det vert fortalt om nedgang i elevtalet:

*«(...) elevtalet har jo sunket ganske mye de siste årene. Jeg tror at for bare en tre-fire år siden var det 26 og nå er vi jo 17» - (Representant skuleverk 2)*

Ein annan av informantane fortel om elevtalet:

*«Jeg kom hit før 40 år siden (...). Da var det 87 elever (...). Så sier de: "De flytta", men det var ikke det som var grunnen. Grunnen var at før hadde hver familie fire, fem*

*og seks barn. I dag har dem to, knapt det. Det er grunnen til at elevtalet går ned» - (Representant skuleverk 1).*

Det vart sagt fråflytting ikkje var grunnen til nedgangen, der låge fødselskull vert heller sett på som årsak. Informantane på kontoret til Norway King Crab forklarte følgjande når det var snakk om den lokale skulen:

Mann 3: *du kjørte forbi Neiden?*

Hans: *Ja*

Mann 3: *Dem har jo stengt skolen der. Så de er allerede på vei til å dø, den bygda der, hvis den ikke er død allerede. (...) og neste tur er vi»*

Som informanten viser til, har skulen i grannebygda Neiden vorte nedlagt<sup>21</sup>, og informanten seier den bygda er på veg til å døy. Sidan Neiden mistar fleire og fleire innbyggjarar grunna nedlegging av skulen, seier informanten det ikkje er lenge igjen før det same skjer med Bugøynes. Informanten har rett i at skulen i Bugøynes har utfordringar, men representanten frå kommunen seier følgjande om nedlegging av skulen i Bugøynes:

*«Skolen kan aldri bli lagt ned der, den er for langt unna» - (Representant SVK)*

Med for langt unna meinast det at pendlaravstanden til andre skular er for lang, samt at: «*Det er vanskelig for en 10-åring å flytte på internat i Kirkenes*», som ein av informantane sa. Skulen på Bugøynes kan med dette sjåast som «sikra» for kutt og nedlegging, trass den er om lag dobbelt så dyr å drifta per elev enn ein ungdomsskuleeleve i Kirkenes. Det fleire av informantane peikte på som ei utfordring for skulen, var at elevtalet var lågt med tanke på å oppretthalde skuletilbodet i framtida. Skulen hadde 17 elevar i 2019, der seks av desse var 9.- og 10.-klassingar. Om to år er det totale elevtalet 12, sidan det berre kjem inn eitt born opp frå barnehagen og inn i skulen. Dette sett press på barnehagen som då berre har eitt born igjen. Framtida for barnehagen vert forklart:

*«Hvis det ikke er unger i barnehagen, så er det jo helt opplagt. Man kan jo ikke ha en barnehage som er stående tom, med et menneske som er på jobb» - (Fiskar2)*

Den andre fiskar-informanten hadde også ei liknande forteljing:

*«Jeg hadde besøk fra noen fra et annet småsted som klagde om hvor liten barnehage de hadde. Da så jeg bygdas barnehage-tante sammen med barnehagens eneste barn*

---

<sup>21</sup> Vedteke nedlagt oktober 2018

*på det tidspunktet. Da pekte jeg og sa: "Der er vår barnehage". Det er klart man ikke kan ha det sånn» - (Fiskar 1)*

Informantar frå skuleverket er klar over den låge rekrutteringa, men peiker på at det ikkje er deira ansvar å få elevar inn i skulen:

*«(...) det er jo arbeidsplasser som først og fremst trekker folk da. Og om skolen hadde blitt lagt ned, hadde jo i alle fall ikke folk flyttet hit. Og i alle fall ikke unge folk. Hvis skolen forsvinner, da... Da er det takk og farvel» - (Representant skuleverk2)*

Det vert peikt på arbeidsplassar som attraktivt for å få folk til Bugøynes, og at det ikkje var opp til skuleverket å få folk til Bugøynes. Informanten peikte på at dersom skulen vart lagt ned vil det i alle fall ikkje kome unge folk til Bugøynes. Utan skule vil bygda ha store vanskar med å vere attraktive for småbarnsfamiliar, noko som kan bety takk og farvel, slik informanten seier. Informanten held fram:

*Det blir jo litt som en sirkel (...) [dersom] krabbefisket hadde blitt utvidet kunne man fått flere ansatte som kunne tenkt seg og blitt værende, da hadde det blitt flere unger her. Blir det flere unger, da må man ha flere lærere. Så det er jo en sånn rundgang da, som kunne skapt ting» - (Representant skuleverk 2)*

Bugøynes si avhengigheit av kongekrabbefisket, og ønskje om større kongekrabbekvote for å få fleire arbeidsplassar, vart også nemnt av informantane på NKC-fabrikken:

*«Mye avhenger av krabbekvota og hvor mye krabbe det er i sjøen. (...) Jeg håper det blir mer kvote, for da blir det mer stabil arbeidsplass (...). Mindre krabbekvote betyr, ikke bare mindre penger, men det betyr mindre jobb, skjønner du. Og kanskje kundene ikke får det de vil ha og det blir sånne negative bivirkninger. Så vi er nødt til å få krabbe» - (Mann 3)*

#### 7.2.4 Lokal misnøye med kommune - «Dem vil jo ha alt til Kirkenes!»

Det virka som at det var semje hjå fleire av informantane at trugslane dei opplevde var knytt til kommunen. Funna presentert ovanfor inngjekk i ei større missnøye med korleis politikarar på kommunalt og nasjonalt nivå, kunne avskrive små lokalsamfunn som Bugøynes:

*«Når du ikke bor på denne plassen her, når du ikke har direkte kontakt med de små samfunnene, så er det lett å bare: "Bugøynes: vi taper 500.000 der. Nei, vi bare stenger". Men du taper 20 millioner med å stenge. Da flytter han, da flytter han, da flytter han – da dør hele plassen, skjønner du? Men "Hvem som bryr seg", skal du si. De som er i Oslo? (...) De som skal avgjøre om bygda sin framtid, kommunestyret for eksempel, sant. De kommer ikke til Bugøynes. De er alle sammen i Kirkenes (...) Og det er litt sånn lett å stenge ting og tang: "Ja, vi stenger barnehagen, vi stenger skolen, vi skal spare penger". Det har blitt alt, penger, penger, penger. Og da er vi sårbare her faktisk. Veldig sårbare.» - (Mann 3)*

Informanten viser til det han oppfattar som ein manglande kontakt mellom Kirkenes og Bugøynes. «Alt handlar om pengar», noko som ifølgje informanten gjer bygda sårbar. Den fysiske og mentale avstanden mellom Bugøynes og Kirkenes var eit gjennomgåande funn under mine opphold i Bugøynes. Det vart sagt at folk i Kirkenes og kommuneadministrasjonen ikkje visste korleis livet i Bugøynes var, og det var ei misnøye med at det var folk utan innsyn i bygdelivet som skulle bestemme. Mann2 fortel:

*«Det er klart, alt sammen skal sentraliseres og dem vil jo ha alt til Kirkenes, i kommunen. De bryr seg ikke om utkantstrøkene i det hele tatt. Veldig lite i hvert fall»*

Mine funn viser så langt at forslaga om kutt i omsorgssektoren var noko informantane var vande til, og at ein kvart fjerde år hadde mareritt relatert til den politiske styringa i kommunen. Mi tolking er at den politiske styringa i Kirkenes for innbyggjarane i Bugøynes representerer innsparinga og kutta omsorgssenteret opplev, og som det vert retta misnøye mot. Informantane seier innsparingar og fokuset på pengar gjer bygda sårbar. Skulen vert også sett på som truga, der ein ser konsekvensen av skulen nedlegging i grannebygda Neiden. Representant ved SVK si forklaring om at skulen aldri vert nedlagt kan sjåast som positivt for lokalbefolkinga i Bugøynes. Bekymringa er likevel knytt til rekrutteringa inn i skulen og barnehage, der det totale elevtalet om to år har gått frå 17 til 12. Utfordringar kring rekruttering vert sett nærmare på etter dei viktigaste funna om kongekrabba vert presentert.

Kongekrabba i Bugøynes har informantane sett på som avgjerande for bygda si overleving. Ringverknadane vert sett på som positive for Bugøynes, trass dei potensielle negative økologiske konsekvensane. Kongekrabbefisket i Bugøynes står likevel ovanfor endringar. Den mest aktuelle endringa under mitt feltarbeid, februar/mars 2019, var auke i aktivitetskravet. I

følgje Foreskrift om reguleringa av fangst av kongekrabbe (2017) auka aktivitetskravet frå 100 000,- til 200 000,- for 2019-sesongen. Kva kan skje med kongekrabbefisket når dette aukar? Kva konsekvens har det for fiskarane i Bugøyfjord? Og kva skjer med sysselsetjingssystemet? I tillegg har somme av aktørane i denne prosessen jobba for å høgge aktivitetskravet frå 100 000,- til 500 000,- (Jensen 2016). Kva tankar sett det i gang i fiskarane i bygda? I tillegg til dette, ser Bugøyfjord-fiskarane på rekrutteringa til fisket som dyster (Henriksen, 2019a). I det neste vert dette belyst.

## 7. 3 Fiskeripolitikk, kvoter og aktivitetskrav – aktørar i næringa

Gjennom norsk fiskerihistorie har innføring av kvotesystem og reguleringar innan fiskerinæringa vore mykje diskuterte tema, der Jentoft (1984, s. 151) seier fiskeriavhengige lokalsamfunn er sårbare for endringar innan fiskeripolitikken. Sjølv om kongekrabbefisket er relativt nytt, har det vore gjennom fleire endringar sidan det kommersielle fisket starta i 2002. Endringa i aktivitetskravet i 2019 vart møtt med misnøye av fiskarar i Bugøynes, og det vart fortalt at det kunne gjere at dei som allereie sleit med å få landa fisk tilsvarende 100 000,- no hadde mindre sjansar til å innfri aktivitetskravet for å ta del i kongekrabbefisket. Dette var fordi fiskeinnsiget i Varangerfjorden varierer stort<sup>22</sup>, og at kvotene på kvit fisk regulerast så langt ned at ein ikkje når aktivitetskravet:

*«For på 70 og 80-talet var det en sel-invasjon som gjorde at det ikke var en eneste fisk i fjorden her. Og det er også sånn som man bør ha i bakhodet. At det er ingenting som vokser inn i himmelen. (...) For det er ikke sikkert det kommer fisk. Det vet man ikke. Og da har vi et problem»* -(fiskar 2)

Sidan fiskarane i Bugøynes er busett der dei er, vert vegen ut til kysten lang. Med små båtar som ikkje er bygd for lange ekspedisjonar, møter båtane ei avgrensing og fiskarane også ei tidsavgrensing. Fiskaren i Bugøynes vert med dette avgrensa til sitt nærområdet i Varangerfjorden. Og om ikkje fisken dukker opp her, og ein ikkje når aktivitetskravet, mistar fiskaren tilgangen til kongekrabba:

*«Man kan ikke levna seg på kongekrabbefisket, og det vil jo være forferdelig fordi her er jo... Kongekrabben er jo rett utenfor moloen, altså fem minutter unna så er det kongekrabbe. Kanskje det er inni havna her også. Og da ville det være trassig om jeg skulle bli nekta fordi jeg har ikke nådd kriteriene i fjar og fordi det ikke kom fisk her. Da vil jo det være en tragedie for meg»* - (Fiskar 2)

### 7.3.1 Kystbygdekamp og påverknadskraft

I debatten om auka aktivitetskrav ville nokre aktørar ha denne opp til 500 000,- (Jensen 2016).

På spørsmål om denne utviklinga fortel Fiskar2:

---

<sup>22</sup> Fisket utanfor Bugøynes og austover i 2019 seiast å vere det beste nokon gong. Eit mannskap på tre landa ti tonn fisk på to sjøvær som gav ei utbetaling på 170 000,- (Henriksen 2019b)

*«(...) i fjor var det 100, i år er det 200. Så om fem år er det kanskje 500.000 og da vil ikke vi klare, med de kvotene vi har, å nå de aktivitetskravene» -*

Informanten fortel at dersom aktivitetskravet går opp til 500 000,- vil ein miste tilgangen til kongekrabba fordi ein ikkje når aktivitetskravet. Denne potensielle auka går imot Fiskarlag i Varangerfjorden si haldning:

*«Vi har en holdning om at man generelt bør holde den på 100.000. Og det gjelder for så vidt alle Fiskerlag i fjorden her. Men Fiskerlaget i Båtsfjord, de presser på for å få 500.000. Og da blir det jo til slutt at den lille mann blir jo ikke hørt i Fiskarlagssammenheng når vi skal begynne å vedta det på høyere nivå.» - (Fiskar2 )*

Informanten peiker på Fiskarlaget i Båtsfjord som ein pådrivar for ei ytterlegare auke, og at Bugøynes vert «den lille mann» når vedtak skal fattast. Representanten frå Sør-Varanger kommune ser også korleis det auka aktivitetskravet kan spele negativt inn:

*«Men for Bugøynes, for at den bygda der skal overleve, så er det ikke sunt kanskje med en sånn type regulering på en høyna aktivitetsplikt. Det kan føre til at det blir færre fiskere. Men det kan også føre til at båter blir så store at det blir mer aktivitet på land. Hvis man har såpass stor båt at man klarer å fiske mer, så kan fiskemottaket få tak i mer. Så, det er ikke enten eller, det er ikke svart hvitt.»*

Representanten frå SVK meiner det auka aktivitetskravet kanskje ikkje spelar positivt inn for Bugøynes-fiskaren, men at biletet ikkje er svart kvitt. Det er nærliggande å tenkje at aktiviteten på land og for NKC-fabrikken vert større dersom fleire og større båtar kjem inn til mottaket i Bugøynes, noko som kan generere fleire arbeidsplassar her. Det kan også tenkjast at dette vert eit spørsmål om kva som monnar mest: på den eine sida kan dei større båtane føre til fleire lokale arbeidsplassar på NKC-fabrikken, og difor lokal sysselsetjing. På den andre sida vil nokre av dei mindre lokale fiskebåtane ikkje kunne delta, og difor svekke sysselsetjinga. Ser ein dette opp i mot Brox (1966), kan dette sjåast som eit val mellom å utvikle næringa eller behalde lokalsamfunnet først. Dette er tilsynelatande også det same argumentet som vart brukt av rederia i etterkant av torskekrisa i 1990, der dei mindre fiskebåtane mista si kvote på bekostning av dei større (Andersen, 2011, s. 259). Fiskar 2 held fram og forklarer hans versjon for kvifor Båtsfjord og andre bygder vil auke aktivitetskravet:

*«Det er en gang sånn at de store, som har store båter ved kysten, i Båtsfjord, Kjøllefjord, Gamvik, og de plassene (...) vil presse på for å få et økt aktivitetskrav. For*

*at da ser man at: «Ok, da vil ti av båtene i Bugøynes forsvinne», og da vil de få en større kvote og ei større uttelling. Og det er jo litt skremmende»*

Informanten viser til eit økonomisk rasjonale bak handlinga til dei andre aktørane, samt dei konfliktane som har vore i forkant av årets auke. Kongekrabbefiskarar frå Bugøynes kan stå i fare for å miste kongekrabbekvota si til større aktørar, dersom dei ikkje når aktivitetskravet. Informanten seier det er aktørar på kysten, som Båtsfjord, Gamvik og Kjøllefjord som pressar på for auka aktivitetskrav, noko som går på bekostning av båtane i Bugøynes. Dette kan gjere at retten til å fiske kongekrabbe på sikt forsvinn for Bugøynes-fiskaren. Informanten fortel at dei mindre Fiskarlaget ikkje vert høyrt og etterlyser ei større omsorg for kvarandre:

*«Så det er liksom, vi har ikke den her, hva skal man si, sosialismen som jeg føler i alle fall vi kanskje burde hatt. At vi er mer sosial med naboen, vi må ta mer hensyn til naboen, til den andre også. Selv om jeg klarer meg, er det ikke sikkert naboen klarer seg. Så jeg mener vi må ha en felles holdning hvor vi bryr oss om hverandre.» -*

(Fiskar 2)

Representanten frå administrasjonen i SVK seier følgjande om den økonomiske utviklinga og kystfisket:

*«Så kommer debatten da, hvis vi skal leve av fisk, mat, i framtida, hvordan skal vi leve at det da? Skal det være nasjonalromantisk eller skal det være kapitalistisk, vekstorientert? (...) det her handler ikke om man er marxist eller kapitalist. Det handler egentlig om hvilke ideologier som har vunnet frem opp igjennom tida. Markedsøkonomien er styrende i hele verden i dag og vil alltid være det i fremtiden»*

### 7.3.2 Profesjonaliseringa av fisket

Som fiskar-informantane har vist til så langt, vil det vere ei tragedie om ein mistar tilgangen til kongekrabbefisket. Igjen, det er viktig å understreke at kongekrabba i 2019 representerer ei inntening på om mellom 400- og 500 000 kroner, dersom kiloprisen held seg kring 210,- og ein har full kvote på om lag to tonn. Ved at aktivitetskravet aukar, kan ein med andre ord verte prisa ut av kongekrabbefisket. I følgje Fiskar 2 var det mest brukte argumentet frå Båtsfjord og dei andre kystfiskarane, at ein ved å auke aktivitetskravet, vil få vekk deltidsfiskarane, dei som ikkje har like store føresetnadnar til å drive eit profesjonelt fiske. Dette kan sjåast i ljós av den historiske utviklinga i fisket, der ein går mot ein meir og meir profesjonell fiskar. Representanten frå administrasjonen i Sør-Varanger kommune ser på høgning av aktivitetsplikta som eit forsøk på å profesjonalisere næringa. Informanten peiker

på kor endringa kjem frå, kven det nye aktivitetskravet gagnar og kven det får negative konsekvensar for:

*«(...) man kan se på hvem som er den sterkeste lobbyisten da. Opp mot det statelige opp mot departementet, opp mot statsråd. Hvem har makta opp mot fiskeriministere og Fiskeri- og næringsdepartement, for å få gjennom de endringene man vil ha (...) Tror du deltidsfiskere vil ha aktivitetsplikt? Nei. Tror du deltidsfiskere vil ha en viss lengde på båten for å fiske kongekrabbe? Nei. Hvem er den reguleringa til for da? Er de til for små lokalsamfunn, den typiske distriktpolitiske tankegangen, eller er det for å profesjonalisere, få vekst, skatteinntekter?»*

Dei stadige reguleringane innan kongekrabbefisket vart opplevd problematisk for kongekrabbefiskarar i Bugøynes. Informanten frå SVK meiner desse reguleringane fører til ytterlegare profesjonalisering, ei regulering som ikkje går i fordel deltidsfiskarar.

Tal frå Fiskarmanntalet (2017) viser at det var 18 fiskarar med bustadadresse i Bugøynes. Av desse var 16 heiltidsfiskarar og to deltidsfiskarar. Alderen til desse er ikkje oppgitt, men av avisartikkelar kjem det fram at kjerna av Bugøynes sine fiskarar er i slutten av 60-åra (Henriksen, 2019a). Om det auka aktivitetskravet på 200 000,- vil setje desse ut av kongekrabbefisket er etter mitt syn lite truleg, sidan dei fleste er heiltids yrkesfiskarar. Det som derimot opplevast meir bekymringsverdig, var den profesjonaliseringa Båtsfjord-flåten jobbar mot, med eit aktivitetskrav på 500 000,-. Fiskar 2 seier då at deira kvoter på kvitfisk vert for låg til at dei når dette aktivitetskravet. Bugøynes-fiskaren får ikkje landa nok fisk.

Frå intervju med dagleg leiar Norway King Crab:

Hans: «*Dette aktivitetskravet som blei økt i år, fra 100 til 200, tanker om det?*»

Dagleg leiar NKC: «*Jeg trenger en profesjonell fisker. Og jeg tror en profesjonell fisker, hvis du ikke greier å fiske for 200.000 da tror jeg ikke du greier å lage deg et levebrød. Jeg tror ikke du greier å lage deg nok å leve av selv. Og da får heller ikke jeg som industrieier på land det volumet fisk og krabbe som jeg trenger. Så jeg er i utgangspunktet for en aktiv fisker som drar ut og prøver å profittmaksimere. For mange er aktivitetskrav det de må fiske og det de gidder å fiske, og det er etter min mening, en usunn struktur. (...) Jeg tror enhver næring i dag så tror jeg du må*

*profesjonaliseres. (...) Folk har liksom en attåtnæring, enten en annen jobb, helt eller delvis ved siden av. Jeg har ikke noe sans for det. Jeg vil ha den proffe fisker.*

Hans: *100% fult...*

Dagleg leiar NKC: «*Ja, som er der ute for å gjøres et best mulig stykke arbeid. Og kan tjene så mye penger at han kan investere i en god båt og i trygghet. Investere i holdt på si normal inntekt. Veldig mange av de som gjør dette her er eldre fiskere som har gjeldfri båt, gjeldfri hus. Jeg tror det er bedre at dette går til ungdom og å rekruttere inn, enn av gamle mennesker skal stå der å...*

*(...)*

Dagleg leiar NKC: *En båt bør ligge på omtrent 1,5-2 millioner kroner for at du skal ha et livsgrunnlag. Og det gjør de gode sjarkfiskerne. (...) De som er dyktig og gode hele året. De må ha minimum det. Da er de i den båtklassen et par år. Det eneste målet de har er å kjøpe seg større båt, kjøpe seg kvote og bli yrkesfiskere. Og den veien, man kan like det eller ei, men jeg tror det er den riktige veien og den eneste veien»*

Med dette ser ein at der aktivitetskravet møter motstand frå enkelte fiskarar i Bugøynes, fortel dagleg leiar i NKC og representant frå kommuneadministrasjonen om ei utvikling mot meir spesialisering og den profesjonelle fiskar. Dette kjem i form av eit auka aktivitetskrav. Dagleg leiar i NKC sine utsegn viser at han er positiv til ei auke i aktivitetskravet fordi det låge aktivitetskravet kan føre til ein usunn kultur, der kongekrabbefiskaren har ei attåtnæring.

Dette er same haldning som Nærings- og fiskeridepartementet (2015), som seier at fangst av kongekrabbe ikkje skal utgjere eit sjølvstendig driftsgrunnlag for enkelte fartøy. Informanten seier at tilgangen til kongekrabba heller burde gå til yngre krefter og rekruttering. Det som ser ut til å vere ei utfording er at det nesten ikkje finns unge fiskarar i Bugøynes, og at kongekrabbekvota fiskaren i Bugøynes har, ikkje *kan* fiskast av andre enn dei resterande eldre.

I utgangspunktet vil det vere nærliggande å tru at utviklinga med høgna aktivitetskrav ikkje vil spele direkte negativt inn for NKC sin del, sidan dei tek i mot kongekrabbe frå fleire fiskerisamfunn. Likevel kan det innan sysselsetjingssystemet Bugøynes ha implikasjonar, der «trådane» mellom innbyggjarane heng tett saman. Dersom kongekrabbefiskaren i Bugøynes mistar si kvote kan dette spele negativt inn på husstanden og i verste fall føre til fråflytting frå

lokalsamfunnet. Dette vil bety færre folk i til å jobbe mot det felles målet (Jentoft, 2012). Representanten frå kommunen ser begge sider av dei moglege konsekvensane, der spørsmålet er kven som dreg fordel av eit auka aktivitetskrav. Informanten sett opp dei distriktpolitiske ønska mot økonomisk vekst og kven ein skal legge til rette for.

Som vist i dette delkapittelet kan ein sjå på kongekrabba og tilgangen på den, som ein kystbygdekamp, der politikk og lobbyisme, påverknad og nettverk fort kan verte avgjerande. Om Bugøynes har gode aktørar i slike prosessar er ikkje mi oppgåve å bedømme, det er heller ikkje eit sentralt tema for denne oppgåva. Det som er interessant er at det tilsynelatande er fleire krefter i spel, der tilgangen til kongekrabba ser ut som ei tevling mellom fleire aktørar. Ein av desse aktørane vert sett nærmare på i det neste.

## 7.4 Kongekrabbeturisme – framtidig næring?

Det vert sagt at Sør-Varanger kommune og Kirkenes marknadsfører seg som kongekrabbebyen. «*Det er det man selger i SVK er kongekrabben (...). Det er det som er vårt fortrinn*», sa representant SVK. Aktørane i Sør-Varanger tilbyr ulike typar opplevelingsturisme som kvalsafari, kongekrabbefiske og hundespannkøyring. Det vart fortalt om reiselivsaktørar som tok om lag 1500,- per person for ei aktivitet som inkluderer hundeslede eller snøscooterkøyring og eit kongekrabbemåltid på om lag 300-400 gram kongekrabbekjøt. Mine funn når det gjaldt kongekrabbeturisme viste til ei tevling mellom reiselivsoperatørar, men også i forvaltninga av turistkvotene for kongekrabbe<sup>23</sup>. Representant SVK fortel:

*«Og da sitter jeg (...), kommunen, som i det man kan kalle en klassisk skvis i offentlig forvaltning: Hvem skal man legge til rette for? Skal man gå etter pengene og skatteinntektene så blir det logisk å si at mest mulig skal gå til reiselivsnæringa. Hvis man skal se på bosetting og sysselsetting vil mest mulig gå til kystfiskerne»*

Kven som er mest innbringande av kongkrabbefiskaren og turismenæringa, vert her sett opp mot kvarandre. Kongekrabba som knapp ressurs vert peika på som ei utfordring i forvaltninga, der reiselivsnæringa og kongekrabbefiskarane i Bugøynes begge er avhengig av den. I samtale om kven av desse som får høgare kongekrabbekvote i framtida fortel representant SVK:

*«For hvem skal kvotene gå opp? Turist eller kyst? Og da er det penger som rår eller de med den beste lobbyisten som rår. Men det skal mye til for at en stortingspolitiker, i hvert fall en fra Finnmark, som ser en kystfisker i øyet og sier: «Jeg tar fra deg og gir til en reiselivsleder som tjener tre millioner i året». Du vinner ikke valg på det i Finnmark. Her står regulering sterkt, her står etablerte strukturer sterkt».*

Kongekrabbekvotene for turistfiske og yrkesfiske vert her sett opp i mot kvarandre, der informanten fortel om forvaltningsansvaret og spørsmålet kring kven som får høgare kvote. Prioriterer ein pengar og skatteinntekter aukar kvota i turistfisket, og prioriterer ein busetjing og sysselsetjing, aukar kvota innan yrkesfisket. Sitatet ovanfor viser også til at kongekrabbefiskarar i Bugøynes kan ha fått ein ny utfordrar i reiselivsnæringa, samstundes som ein ser at reiselivsnæringa kan vise til betre profitt per kilo kongekrabbe.

---

<sup>23</sup> Kvota for turistfiske for kongekrabbe er på ti tonn, der ein kan fiske 500 kongekrabber per månad (Fiskeridirektoratet 2019b)

#### 7.4.1 Turisme i Bugøynes

Bugøynes har mange av dei same turisttilboda som i Kirkenes, men på eit anna størrelsesnivå.

I tillegg til dette har ein relativt stort innsig av finske badeturistar i vintersesongen. Ein informant fortel:

*«Så kom disse finske badegjestene. Det er jo 6000, det. Fra november til mars. Den ene bussen er og bader i Mortensand. Og den andre er og spiser fiskesuppe på Bistroen og så bytter dem»* - Informant skuleverk 1

Av informanten vert det forklart at dei fleste av desse er studentar frå alle verdshjørne som kjem med buss frå eit universitet i Finland. Alle desse kjem nødvendigvis ikkje som ein konsekvens av kongekrabben, men ofte for å oppleve den vakre naturen i området. Likevel fortel informanten om folk som kjem langvegsfrå for å ete kongekrabbe i Bugøynes: «(...) folk kjører fra Helsinki for å spise kongekrabbe på Bugøynes». I tillegg vart det fortalt om turistar frå Australia og Frankrike som også hadde same ærend, smake kongekrabba på Bugøynes Bistro.

Frå kommunen vert turismen i Bugøynes sett på som noko positivt, der det er eit par personar som driv turisme på fulltid. Representant SVK fortel om turisme i Bugøynes:

SVK: «*Jeg har troa på mange av de reiselivsprosjektene der. Det har jeg troa på (...), for der er det etablerte markeder. Men om det kommer 6000 turister fra Finland til Bugøynes og det fortsatt ikke er flere helårsarbeidsplasser, så gir det et tegn om... Er det masseturisme eller er det luksusturisme? Det er jo masseturisme.»*

Hans: *Man må skape et segment for luksusturisme?*

SVK: *Det er der pengene er. Vi er et høykostland, sånn er det. Markedet er der. Det kommer skittrike kinesere og asiater hit (...). Men er det noen som er sprø nok og vil satse – det er det.»*

Ein treng nokon som er viljuge til å satse i storskala meiner representanten frå SVK. At dei 6000 turistane ikkje genererer fleire heiltidsarbeidsplassar er for informanten eit teikn om at ein kanskje kunne gått vekk i frå masseturisme og rette seg inn mot luksusturisme. Vidare vert det fortalt at marknaden består av rike asiatiske turistar. Informanten fortalte også at offentlegheita har gjort det ein kan, og at bakgrunnen for fordelinga av kongekrabbekvoter, står mellom busetjing og skatteinntekter.

Ei antaking for denne oppgåva var at kongekrabba si attraktivitet ville henge saman med Bugøynes si attraktivitet. I det neste vil eg vise til mine funn kring forskingsspørsmålet «*Korleis kan Bugøynes forståast som eit attraktivt lokalsamfunn?*»

## 7.5 Bugøynes og attraktivitet

Manglende rekruttering kan sjåast som ein grunn til at ein har satt i gang med økonomiske verkemiddel, der auka attraktivitet er målet. Grimsrud og Båtevik (2016, s. 286) seier at det ikkje er noko enkel oppgåve å nå ut med eit bodskap om at staden er attraktivt, når utgangspunktet for erklæringa er at altfor mange flyttar der i frå.

Som den tidlegare forskinga viser har talet fiskarar på landsnivå gått ned i tida etter andre verdskrig (SSB, 2019a). Først vert det vist til funn når det gjaldt rekruttering. Seinare vil eg vise kva tankar informantane gjer seg om ulike økonomiske verkemiddel. Ei antaking var at tiltakssone og ulike økonomiske ordningar ville fungere positivt for rekruttering og difor attraktiviteten til kongekrabbefisket og Bugøynes

### 7.5.1 Rekruttering til fisket

*«Vår rekrutteringsfilosofi er at vi ønsker mennesker som bor på stedet og at vi kan tilby de faste arbeidsplasser»* –(Dagleg leiar NKC)

Som sitatet viser til, er det eit ønskje frå dagleg leiar i NKC at rekrutteringa til fabrikken skjer lokalt. I 2019 budde alle dei fire tilsette i bygda, der alle var frå Bugøynes og kone/sambuar jobba på omsorgssenteret. Dagleg leiar ved NKC har tidlegare uttrykt at eit høgare aktivitetskrav er ønska, samstundes som dette kan gjere at dei lokale fiskarane ikkje når aktivitetskravet på 200 000 kroner. Ser ein sysselsettjingssystemet Bugøynes under eitt, kan eit ynskje om lokal rekruttering samstundes som ein ynskjer auke i aktivitetskrav, sjåast som eit paradoks. På den eine sida er ein positiv til endringar som kan gjere at lokale fiskarar vert prisa ut, medan ein på den andre vil tilby arbeidsplassar til menneske som bur i Bugøynes. Likevel, dagleg leiar snakkar her om NKC-fabrikken, og ikkje fiskarane i bygda, der det er nærliggande å tenkje at NKC uansett vil få levert kongekrabbe frå dei andre bygdene.

Som vist i tidlegare forsking, er rekrutteringa innan fisket ein avgjerande faktor for å oppretthalde fiskerisamfunnets funksjonar (Jentoft og Wadel 1984b, s. 14-16). Rekrutteringa til bygda generelt, og innan fisket spesielt, er under press i Bugøynes, noko dagleg leiar i NKC fortel:

*«Det er jo dette med rekruttering, å finne mennesker som vil jobbe og bo der. Det er klart det er en kjempeutfordring. Og på fiskersida, alle fiskerne mine i dag er jo, de fleste er jo 50+. Og da er det jo bare å legge på 15-20 år så er jo alle de borte, hvem erstatter de? Det er jo en utfordring.»*

Det vert fortalt at fiskarane i Bugøynes består av eldre og at rekrutteringa er ei utfordring. Det er få av fiskarane i Bugøynes som er under 60 år og dei fleste er pensjonistar (Henriksen 2019a). Dette har ført til eit stort press på rekrutteringa, som dagleg leiar i NKC og alle andre informantar peiker på. Representant frå SVK-administrasjonen seier følgjande:

*«Altså, hvis man ikke klarer å rekruttere folk de nærmeste årene nå, til å gå inn i fisket og etablere seg på Bugøynes, så vil jo bygda dø»*

### 7.5.2 Skule og utdanning

For å finne ut kor dei unge tek vegen, har eg intervjuat to informantar som representerer skuleverket. Mine funn viser at dei fleste elevane held fram med vidaregåande opplæring i Kirkenes. Dette betyr at eleven frå Bugøynes som regel flyttar, noko som verkar som ein meir eller mindre integrert del av å vekse opp i bygda. Alle veit at og når det skal skje. Ein av informantane fortalte at det var få unge som hadde planar om å verte fiskarar, men at det er ein noverande elev som kanskje kunne tenkt seg det. Eit anna funn var at ein allereie på 1980-talet oppfordra sine unge til å ta utdanning:

*«Det var en periode der vi foreldra sa: «Du må utdanne deg. Du må utdanne deg til ikke bli fisker. For all del ikke bli fisker», fordi det var dårlig med fiske» -  
(Representant skuleverk 1)*

Dette var som sagt på 1980-talet i ei periode med lite fisk i havet<sup>24</sup>. Det kan likevel til ei viss grad indikere at rekrutteringa inn til fisket i Bugøynes har vore mangefullt tidlegare.

Etter at dei unge flyttar ut av Bugøynes verkar det lite aktuelt å returnere. Fiskar 2 fortel om moglegheiter for desse ved ein eventuell retur:

*« (...) vi kan si hva vi vil, at vi tror det er teknologiarbeidsplasser og det ene med det andre, ungdommen fer, de kommer ikke tilbake igjen. Så det er noe som skjer globalt, det er ikke noe Bugøynes-fenomen, dessverre. Og det er litt av utfordringen med små steder, at det er det som rammer.... Forgubbinga, det at ungdommen fer og kommer*

---

<sup>24</sup> Sel-invasjon i Varangerfjorden på 80-talet

*ikke tilbake. Det er illusjon, en drøm å tro at dem kommer tilbake, for at det er arbeidsplasser – det er bare å glemme. Det er ikke det som blir å skje.»* (Fiskar2).

Informanten gir uttrykk for at arbeidsmarknaden i Bugøynes ikkje vil vere attraktiv for å få dei unge til å returnere.

**7.5.3 Økonomiske verkemiddel – tiltakssone og oppstartsmiddel til fiske**  
I samtale med representant frå SVK kom det fram at befolkningstalet i kommunen hadde hatt nedgang, noko som vart nemnt i forbindelse med tiltakssona og om den kunne vere med på å få folk til kommunen og Bugøynes:

*«På tross av tiltakssonan så går det jo nedover. På tross av. Penger er ikke alt i livet (...)*

*Det er ikke statelige reguleringer som vil redde småsamfunn som Bugøynes. Det er innovasjon og næringsliv.» - (Representant SVK)*

Representanten frå SVK viser her til at det ikkje er dei økonomiske verkemiddela som vil redde småsamfunna. Det vart sagt at «*(...) offentligheten har tilrettelagt så godt man kan*». Det er andre faktorar som gjer Nord-Noreg, Sør-Varanger og Bugøynes attraktive, der informanten peiker på innovasjon og næringsliv. Vidare vert det sagt:

*«Det er billigere å etablere seg i Finnmark enn i Oslo, så her ligger det til rette»*

For å starte opp med fiske i Bugøynes kan ein søkje om fleire støtteordningar. Representant SVK:

*«( ...) Man kan få tilskudd for å kjøpe båt fra SVK, fra Innovasjon Norge, fra Sametinget, fra Fylkeskommunen. Så skal du kjøpe båt til 800.000, så kan du få 400-500.000 i tilskudd.»*

Det er med andre ord fleire økonomiske verkemiddel som vert nytta for å gjere fisket og busetjing meir attraktivt, men det vert sagt desse ikkje er tilstrekkeleg for å «redde» småsamfunna. Det attraktive kongekrabbefisket, med nemnte verkemiddel, kan med andre ord sjåast på som ikkje attraktivt *nok* for potensielle tilflyttarar.

## 7.6 Oppsummering av funn

Funna viser at kongekrabba har stor betydning for Bugøynes, men er under press frå mellom anna turistnäringa og andre kystsamfunn. Dei kjempar alle om kongekrabbekvota som kan sjåast som ein knapp ressurs. Forvaltninga står ovanfor viktige val når desse skal tildelast. Ein av informantane er i mot det høgna aktivitetskravet, og fryktar det kan skape ein presedens for ei auke til 500 000,- i framtida. I fiskarlagsamanheng seier ein av informantane at dei ikkje vert høyrte, og at dei store aktørane får sine forslag igjennom. Representant frå administrasjonen i SVK peiker på lobbyisme og påverknad innmot forvaltningsorgan. Dagleg leiar i NKC fortel han er positiv til ei auke, noko eg tolkar som informantens generelle haldning innan kongekrabbefisket. NKC vil tilby lokale arbeidsplassar og rekruttere derifrå. Turistnäringa vil ha høgare inntening per kilo enn kongekrabbefiskaren som leverer til mottak. Situasjonen innan rekrutteringa til fisket i Bugøynes synast prekær.


Omsorgssenteret har gjentakande vore utsett for trugslar om kutt og nedlegging. Skulen har ingen trugslar om nedlegging, men har lågt innsig av born. Det er knytt bekymring til framtidig oppretthalting av barnehage. Det er nærliggande at desse om eit par år står ovanfor utfordringar. Om to år er det tolv elevar på skulen og eitt born i barnehagen. Mange av informantane i Bugøynes viste missnøye mot kommunen, der det vart sagt at SVK «ikkje brydde seg» om utkantstrøka.

Tiltaksona sine verkemiddel har hatt liten effekt for Sør-Varanger kommune, og det kom fram at dei har fleire ulike støtteordningar for fiskarar. Folketalet i kommunen har hatt nedgang på 0.3%, og rekrutteringa til Bugøynes er låg. Ein av informantane fortalte at ein på 1980-talet oppfordra unge til å ta utdanning i staden for å verte fiskar.

Turisme i Bugøynes synast som ei potensiell veg å gå, der nokre alt er næringsdrivande. Frå kommunalt hald etterlysast ei satsing mot luksussegmentet, dei rikaste turistane. Turisme kan fungere attraktivt for både sysselsetjing, vitjing og potensielt busetting.

Figuren av sysselsetjingssystemet på neste side viser til 70 av innbyggjarane i Bugøynes. Av desse 70 er 25 born/ungdom eller brukarar på omsorgssenteret. Det gjer at 45 personar er i arbeidsfør alder. Saman med butikken, samt eit par enkeltmannsføretak, kan ein gjette seg fram til at anslagsvis 60 personar i arbeidsfør alder i sysselsetjingssystemet Bugøynes. I ei bygd med om lag 200 innbyggjarar, kan resten dømevis vere pendlarar til andre arbeidsplassar eller vere bustadsregistrert i bygda utan å bu der.

Dei sosiale banda mellom innbyggjarane kan karakteriserast som sterke, der fleire er i slekt. Arbeidslivet i bygda kan sjåast som kjønnsdelt, der det vart fortalt at det ofte var slik at mannen jobba på NKC-fabrikken eller som fiskar, og at kona jobba på omsorgssenteret eller på skulen. Arbeidslivet i bygda kan difor sjåast som kjønnsdelt, der utfordringane i sysselsetjingssystemet vil påverke hushald med to som er sysselsett på kvar av dei to institusjonane.



Figur 19: Sysselsetjingssystemet Bugøynes

## 8.0 Drøfting – ei forståing av lokalsamfunnet Bugøynes som sysselsetjingssystem

På 80-talet sa Svein Jentoft og Cato Wadel (1984a, s. 10) at den pågående avfolkinga i dei fiskeriavhengige lokalsamfunna ville halde fram «(... *dersom ingenting blir gjort*».

Inn frå aust, ut av ingenting, kom kongekrabba til Bugøynes i 1989. Gjennomgang av lokalbøker og mine funn har vist at dette har, så langt, vore redninga til Bugøynes. Likevel er det krefter som utfordrar livet i bygda. Turistnæringa, og andre fiskerisamfunn er blant desse som rettar seg direkte mot kongekrabbefiskarane i bygda. Innbyggjarane i Bugøynes opplev utfordringar mot dei andre institusjonane, men også trugslar som kan kategoriserast som meir overhengande samfunnstendar.

### 8.1 Bugøynes som sysselsetjingssystem

Jentoft og Wadel (1984) og Jentoft (2012) viste som Brox (1966) korleis tidlegare politiske handlingar vart utført var avhengig av synet på den nordnorske regionen har vore inndelt i næringssektorar eller om regionen er inndelt i ulike lokalsamfunn. Dei peiker på at om dersom det politiske synet går ut på å behalde og utvikle lokalsamfunn, vert sektorane og næringa eit middel, og ikkje eit mål i seg sjølv. Om målet er motsett, å utvikle næringa, vert tradisjonelle lokalsamfunn basert på småskala fiskeindustri sett på som ineffektive og ulønsame.

Svein Jentoft (2012) brukar den franske sosiologen Raymond Boudon sine omgrep «funksjonelle» og «interavhengige» sosiale system som utgangspunkt for sine metaforar «fotballag» og «busskø». Kjenneteikna med busskø-metaforen er einsidig konkurranse, utan sosiale fellesskap, medan i fotballag-metaforen vil lokalsamfunna vere prega av samarbeid, arbeidsdeling der alle er del av eit sosialt fellesskap. Dette liknar det Haugen og Villa (2018, s. 18) definerer som eit lokalsamfunn: «samhandlingar mellom personar som kjenner tilhald til området og som har ei felles problemforståing og forpliktelsar». Det er også likt Ferdinand Tönnies sitt *Gemeinschaft*-omgrep. Tönnies sitt motsetnad-omgrep, *Gesellschaft*, representerer det moderne bysamfunn med forretningsmessige forbindelsar og svake relasjonar (Tjora, 2018).

### 8.1.1 Bugøynes som funksjonelt system – ei avklaring

Nordnorske fiskerisamfunn er ikkje enten eller, men litt begge deler seier Jentoft (2012, s. 307). For Bugøynes sitt vedkommande kan ein argumentere for at bygda i større grad er eit fotballag, eit funksjonelt sosialt system. Folk i Bugøynes oppfattast som avhengig av kvarandre, dei har tette relasjonar og mange er i slekt. Dei økonomiske interessene og forretningsmessige forbindelsane kan nok vere ulike for folk også i Bugøynes, men som ein av informantane sa: «*Om renta øker eller går ned, jeg er ganske overbevist om at det er ingen her i bygda som bryr seg*». Mitt generelle inntrykk frå to feltarbeid, saman med dei presenterte funna frå ovanfor, passar Bugøynes best i beskrivinga av eit funksjonelt sosialt system, eit fotballag. Folk i Bugøynes skapar tillitsrelasjonar «... for å berge hjemplassen og hjelpe seg selv» slik som fotballaget til Jentoft (2012, s. 307).

I Bugøynes har eg undersøkt det eg ser på som bestanddelar i ein slikt sosialt system: skulen, Norway King Crab sin fabrikk, fiskarar og omsorgssenteret. Lokalsamfunnet kan også sjåast som eit fiskegarn. Dersom ein tråd i garnet ryk, vil ikkje tråden finne noko feste, og hølet vert større enn knuten. Med bruk av Jentoft (2012) sine metaforar vil eg vise korleis Bugøynes kan sjåast som eit fiskegarn, og trugslane bygda opplev vert noko som kan gjere at trådane i garnet ryk. I det neste vert desse drøfta.

### 8.2 Utfordringar for sysselsetjingssystemet – omsorgssenter

Eg vil starte med det eg anser som den viktigaste delen av sysselsetjingssystemet, omsorgssenteret. Dei er bygdas største arbeidsplass og opplev stort press. Kommunetal henta frå SVK sine nettsider vert brukt. Teoretisk tilnærming i denne delen er New Public Management (NPM) og prosessanalytisk tilnærming for å vise begge sider av saka. Prosessanalysa skal isolere kvart enkelt av dei undersøkte fenomen og setjast saman mot den problematiske heilheit (Brox 1998).

Frå kommunalt hold kjem det fram at omsorgssenteret i 2017 kosta 23 739 kroner per innbyggjar. Dette er høgare enn andre kommunar i Finnmark og landsgjennomsnitt (Sør-Varanger kommune 2018a, s. 59-60). Sør-Varanger kommune skal kutte 21 millionar i helse- og omsorgssektoren, samstundes som det er venta 852 fleire brukarar i 2040 enn i 2018.

Mine funn har vist at Bugøynes omsorgssenter er under sterkt press. Informantane i Bugøynes har gitt uttrykk for ei stor missnøye med dette, der denne hovudsakeleg er retta mot kommunen. Ringverknadane for bygda dersom det vert nedlagt eller gjort kutt i tenestetilbodet, kan bli store. Mange som jobbar på omsorgssenteret har sin livspartner på

kongekrabbefabrikken og i fiskarflåta. Sidan omsorgssenteret har 17 tilsette der flesteparten er kvinner, vil dette leggje press på husstanden – ein annan sentral del i sysselsetjingssystemet. Kva val gjer husstanden dersom berre den eine halvparten er sysselsett i Bugøynes? Vert ein pendlande ein og ein halv time inn til Kirkenes til sin nye arbeidsplass? Flyttar husstanden frå Bugøynes? Dersom omsorgssenteret vert nedlagt eller opplev nedskjeringar, er det difor nærliggande å tru dette vil påverke sysselsetjingssystemet negativt. I det funksjonelle system Bugøynes er alle avhengig av kvarandre, og dersom folk flyttar frå lokalsamfunnet vil det føre til eit problem for fellesskapet (Jentoft, 2012, s. 308).

Christensen (2003, s. 4) seier tidlegare rapportar som har teke føre seg NPM og effektivitet kan få ei innsparing på 15-20%, men at denne innsparinga kan ende i eit nullsumspel, der kostnadane i trygde- og sosialstønadar kan verte den same, og kanskje større. Konsekvensen ved kutt eller nedlegging av omsorgssenteret i Bugøynes vil nok føre til at fleire av dei tilsette går arbeidsledig, noko som vil auke kommunen sine trygdeutgifter. Leiari på omsorgssenteret seier nedlegging kan medføre skyssing av brukarar til Kirkenes og sjukeheimen der, noko som også kan føre til tilleggskostnadar for kommunen. I tillegg kan det også føre til ein generelt vanskelegare kvardag for både brukarar, pårørande og ikkje minst dei resterande tilsette. Den eventuelle sentraliseringa av omsorgstenesta og den lange avstanden frå Kirkenes til Bugøynes, kan føre til at fleire av dei tilsette må flytte frå lokalsamfunnet på Bugøynes. Dette kan styrke sentrum si sysselsetjing og arbeidskraft på bekostning av periferien (Christiansen, 2003, s. 16).

Kutt i offentlege tenestefunksjonar i rurale områder som Bugøynes, kan også oppfattast som ei ulik fordeling av velferdsgoda (Christensen, 2003). Avstanden til eldreomsorga vert lengre, der det for innbyggjarar i Bugøynes blir omlag halvanna times køyring for å ta del av godane ein som skattebetalar har vore med på å finansiere. Dette kan føre til auka sosiale skilnadar og endå til sosial fattigdom (Christensen, 2003, s. 16). Det kan også tenkjast at dei negative mentale førestillingane Paulgaard (2012) og Villa (2016) nemner, vert ytterlegare forsterka og at skilnaden mellom «folk frå Bugøynes» og «folk frå Kirkenes», sentrum-periferidikotomien, vert meir synleggjort.

Villa (2016, s. 180) seier at den dominerande diskursen kring urban og rural, er at det urbane er overlegen det rurale. Det kan vere denne oppfatninga mange av informantane i Bugøynes kjenner på, der makt, politikk og avgjersler tek stad i det urbane Kirkenes.

### 8.2.1 Bekymring kring politisk styring

Den politiske situasjonen og kommuneval kvart fjerde år vert knytt til uro og «mareritt», av ein av informantane. Våren 2019 er Sør-Varanger kommune styrt av Arbeidarpartiet. Ifølgje ein av informantane gjekk partiet ut med lovnad om å ikkje leggje ned omsorgssenteret i Bugøynes i forkant av førre kommuneval. Arbeidarpartiet fekk over 50% av stemmene i bygda. Det vart sagt at dersom eit anna parti vann haustens kommuneval, så kunne ein finne på å leggje ned omsorgssenteret.

NPM-reformene kan sjåast som ideologiske reformar styrt av eit rasjonal ein typisk kan finne på høgresida i norsk politikk (Johnstad, Klausen og Mønnesland, 2003). Informanten si forteljing om Arbeidarpartiet som vann førre kommuneval, med lovnad om å behalde omsorgssenteret, kan difor sjåast i ljós av NPM-reformane dersom ein kategorisk seier desse reformane høyrer til høgreside-politikk. I lesarinnlegget til Høiberget (2018) vart det beskrive stor motstand mot dei føreslegne planane om kutt i bygdas omsorgssenter. Dette vart skrive i februar 2018, medan Arbeidarpartiet hadde fleirtal i kommunestyret i SVK. Dette viser at NPM-reformar, og kutt i offentleg tenesteyting i Bugøynes sitt tilfelle, ikkje naudsynt skjer som eit resultat av den politiske fargen kommunen har. Det er meir nærliggande å tru at Sør-Varanger kommune sine utfordringar med mellom anna kommunegjeld<sup>25</sup>, har ført til forslag om økonomiske kutt, uavhengig av politisk ideologi.

Som Hermansen (2011), Berg (u.d.) og Johnstad, Klausen og Mønnesland (2003) viser har ein ideologisk sett innan norsk politikk, bevegd seg frå sterk marknadsstyring til nyliberalisme. Denne generelle høgredreininga i norsk politikk sett også krav til effektivitet og innsparing, noko som kan ha vore gjeldande for Sør-Varanger kommune. Ny offentleg styring kan forståast som ei tung samfunnssendring, noko som er naturleg å inkludere i ei analyse av Bugøynes som opplev truslar om kutt og nedlegging. Det er dette Johnstad, Klausen og Mønnesland (2003) meiner med at NPM-reformar er ein global trend. Kutt i offentleg sektor for å effektivisere kan ifølgje dei forståast som trekk ved *heile* vårt samfunn, ikkje noko som er særeiget for omsorgssenteret i Bugøynes eller andre offentlege tenestefunksjonar i SVK.

Det same kan gjelde for politikken på nasjonalt nivå, som har fått kritikk for både fylkesreform, nærpoltireform, kommunereform og sjukehusreform. Dei er ein del av eit verdssamfunn, ein verdspolitikk som Johnstad, Klausen og Mønnesland (2003) seier er prega av ein global NPM-tendens. Dette kan ein også sjå i Hermansen (2011, s. 43) som seier NPM-

---

<sup>25</sup> 1,4 milliardar i 2018, ser ut til å stige til 1,5 i 2019 (Celsius, 2018).

reformar og nyliberalismen har sett fokus på effektivisering og målretting i den offentlege verksemda. Den har med andre ord fylt eit behov. Ser ein frå det ideologiske perspektivet, vil også parti på venstresida, som i større grad støttar offentleg styring, verte tvungen til å leve under dei same samfunnsendringane. Dreiinga kan difor tolkast dit at kutta i omsorgssektoren i Sør-Varanger kommune kan ha kome uavhengig av politisk farge. Det vert også interessant å sjå om Arbeidarpartiet, som vann årets kommuneval, vil halde lovnaden frå førre val om å unngå kutt i omsorgssenteret.

### 8.2.2 Budsjettfordeling med lokalsamfunn som tapar?

Som det kom fram i Stian Celius (2018) sin leiarartikkel, mars 2018, ser Sør-Varanger kommune ut til å auke si gjeld frå 1.4 til 1.5 milliardar i 2019. Vidare kjem det fram at det har vorte bygd badehall og ny barne- og ungdomsskule i Kirkenes. Det har også vorte bygd ny barnehage utanfor Kirkenes sentrum. I SVK sin *Budsjett og økonomiplan 2018-2021* (Sør-Varanger kommune 2018c) vart det vist at ein i 2018 innførte eigedomsskatt i kommunen. Samstundes vart det vedteke kutt i omsorgssektoren på 21 millionar kroner i løpet av 2020 (Sør-Varanger kommune 2018b). I 2040 er det venta 852 fleire brukarar enn i 2018 (Sør-Varanger kommune 2018a).

Brox (1998, s. 64) seier vi må gå bak aktøren og sjå på aktørane sine verdiar, «... *hva de er ute etter, målet for deres strev, det som gir deres beslutninger retning*».

Ei av oppgåvas svakheiter er dei manglande spørsmål til det offentlege angåande kutt i omsorgssektoren. Difor vil eg drøfte kommunens handlingar uti frå teori om det attraktive lokalsamfunn og mine antakingar basert på feltarbeida og intervju. Dette inneberer eit forsøk på å sjå kvifor kommunen driv kostnadskutt i helsesektoren, samt å vise korleis dette kan henge saman med SVK sitt ynskje om å vere eit attraktivt lokalsamfunn. Attraktiviteten vert her sett i ljós av Lysgård og Cruickshank (2016, s. 98) sin kategori som omhandlar motivasjonsfaktorar for migrasjon, det eg vel å kalle *motivasjon for migrasjon*. Mi påstand er at det kommunale rasjonal kan sjåast som eit resultat av deira antakelse om at nemnte byggverk vil fungere som motivasjon til migrasjon – at det er ein samanheng mellom byggverk, attraktivitet og tilflytting. Det kan gjerne vere andre grunnar til dette valet vart gjort frå kommunen si side<sup>26</sup>. Mi forståing av SVK si tilnærming til rekruttering er gjort på bakgrunn av låg befolkningsvekst.

---

<sup>26</sup> Denne analytiske svakheita kallar Lysgård og Criuckshank *parikularistisk* (2016, s. 98).

Å bygge barnehage, badehall og barne- og ungdomsskule synast som tiltak SVK har gjort for å stå fram som eit meir attraktivt lokalsamfunn. Lysgård og Cruickshank (2016, s. 97) seier at «*lokalsamfunnets utvikling avgjøres (...) i en stadig økende konkurransen mellom steder og regioner om å tiltrekke seg velutdannet arbeidskraft*». Å kalle SVK for eit «lokalsamfunn» kan argumenterast, men ut i frå Kjølsrud (2014) Haugen og Villa (2016, s. 18), som ser lokalsamfunnet som eit «*(...) sted og sosialt miljø innen et mindre område*», kan dette legitimerast. For då vert ein ståande ovanfor spørsmålet om kva som er «et mindre område». Som vist på side 32 kan også lokalsamfunnet definera på fleire måtar. SVK vert tolka som eit lokalsamfunn for å understreke følgjande poeng:

Lokalsamfunnet SVK tek del i eit sosialt system (Brox, 1998; Vike, 2010) der tevling om arbeidskraft synast viktig, som vist ovanfor. Arbeidsledigheita i kommunen viser seg likevel å vere låg, berre 1,7% i slutten av oktober 2018 – det lågaste i Finnmark (Wollmann, 2018). Befolkningsnedgangen mellom 2017 og 2018 var som tidlegare vist på 0,3%, noko som kan indikere at bygging av nemnte institusjonar, trass gjeld på 1,5 milliard, kan forståast som eit forsøk på å få nye folk inn til kommunen. Sidan arbeidsfør befolkning i stor grad er sysselsett, forklarar dette at ein kanskje vil ha nye folk inn. Ein ventar ei ytterlegare eldre befolkning, der Nord-Noreg mistar 40% av arbeidskrafta innan 2030. Ein kan tolke at SVK er bekymra for etterveksten, slik Angell (2013) seier ein kanskje burde vere i tiltakssonan.

Dette kan vere ei av fleire årsaker til at ein har bygd alle dei nye bygga, trass den økonomiske situasjonen i SVK. Det kan også tenkjast at konsekvensen av ønsket om å vere attraktiv, er at ein kuttar i helse- og omsorgssektoren. Dette går sannsynlegvis ut over mellom andre Bugøynes omsorgssenter.

Brox (1998) seier verdiane bak handling må settast opp mot den *problematiske heilheita*. I dette tilfelle ser ein korleis effekten av kutt kan forklara frå kommunen si side. Dei treng folk fordi dei moglegvis ser at innbyggjarane vert eldre og befolkningsveksten går sakte. Mi tolking av SVK sine kutt, vert at dei vel å bygge, trass gjeld.

Signalet det gir at ein bygg badehall og skule i tillegg til kommunegjeld, samstundes som ein kuttar i omsorgssektoren, kan forklare missnøya hjå folket i Bugøynes. Eit tenkt scenario kan også vere at folk i frå Bugøynes lettare vel å flytte til Kirkenes, der desse bygga ligg, som Christiansen (2003) er inne på. Om den utrygge arbeidssituasjonen i Bugøynes vert det sagt: «*Selv vi som er her i Bugøynes, vi observerer: "Ah... vi har fått en mulighet i Kirkenes, skal vi flytte?"*» - (Mann 3).

Kombinert kan dette verte sett på som ein endå betre grunn å reise frå Bugynes: det offentlege trugar eller legg ned, samstundes som dei legg nye skular og andre offentlege tenestetilbod nær Kirkenes sentrum. Attraktiviteten til Kirkenes går dermed opp, det motsette med Bugøynes. Frå Bugøynes kan sitat som «*De bryr seg ikke om utkantstrøkene i det hele tatt*», forståast i ljós av omsorgssenteret sine stadige trugslar, at det er venta 852 fleire brukarar innan 2040, samt bygging av badehall i Kirkenes. Frå SVK, der kostnadane innan helse- og omsorgssektoren er høgst i Finnmark, i tillegg til kommunegjeld og befolkningsnedgang, kan ein difor sjå rasjonale bak kutta og påfølgjande bygging.

### 8.3 Kongekrabbe og kystbygdekamp

I denne delen av oppgåva vert ein anna del av sysselsetjingssystemet Bugøynes undersøkt.

*Fiskar 2, Representant SVK og Dagleg leiar NKC* sine opplevingar vert drøfta opp mot tidlegare utvikling innan fisket, der det kan sjå ut til å vere likheitstrekk. Aktivitetskravet vert særleg belyst, der det auka frå 100 000,- til 200 000,- i 2019. Informant *Fiskar2* gav uttrykk for ei negativ haldning til dei kystbygdene som vil auke aktivitetskravet. Det var fortalt at ein i Bugøynes vil halde dette lågast råd, og fiskarane i bygda såg på utviklinga med skepsis, sidan ti av Bugøynes-båtane kunne forsvinne dersom aktivitetskravet auka.

I ljós av Jentoft (2012, s. 306) sine metaforar kan kystbygdekampen som opplevast med dei nemnte nordnorske kystsamfunna minne om eit interavhengig sosialt system, ei busskø. Det handlar om den knappe kongekrabbe-ressurs, der tevlinga i mellom bygdene dreiar seg om å kome først i busskøa. Regelen er at dess færre ein er, dess betre. På fiskefeltet vil det verte mindre tront og færre å dele kvotene på. For dei som vert igjen, vil inntektene gå opp.

Gevinsten den eine opplev, vil for den andre vere eit tap, og konkurrentar er noko ein helst vil bli kvitt (Jentoft, 2012, s. 307). Relasjonane ein har til kvarandre i denne bygdekampen mellom Bugøynes og andre fiskerisamfunn, ser heller ikkje ut til å stikke særleg djupt.

Likevel er en i bygdene avhengige av å koordinere kongekrabbefisket, slik som busskøa. Ein er avhengig av eit felles sett reglar alle partar følgjer, viss ikkje ender det i allmenningens tragedie. Koordineringa i kongekrabbefisket kjem i form av fiskerimyndigheter og Fiskarlaga, der Fiskarlaga i nord har alle si stemme. Her vart det fortalt at dei mindre aktørane opplevde å ikkje bli høyrt når avgjersler skulle takast.

Det vert etterlyst generelle fellesskapsverdiar, noko som vil harmonere därleg til konkurranse-tilstanden Jentoft (2012) viser til i busskøa. Verdiane informanten viste til, minner i større grad om fotballag-metaforen, det funksjonelle system som vektlegg samhandling, arbeidsdeling og samarbeid. Utsegna kan vise til at informanten i Bugøynes sjølv tek vare på naboane sine, medan dei andre kystsamfunna kjempar seg fram for å presse opp aktivitetskravet slik Bugøynes-fiskarane ikkje får ta del i kongekrabbefisket. Sidan informanten seier Fiskarlaget sine stemmer vert for små i dei demokratiske avstemmingsprosessane, kan det sjå ut til at Bugøynes-fiskaren tek del i ei tevling ein ikkje har moglegheit å hevde seg i. Bugøynes er etablert som eit funksjonelt system, eit fotballag, der Bugøynes-fiskarane er viktige spelarar. Dei andre fiskeribygdena kan i større grad sjåast som interavhengige busskø, der tevling er viktig. Med dette kan Båtsfjord, Kjøllefjord og Gamvik forståast som ulike lokalsamfunn enn Bugøynes, der ulike verdiar er gjeldande.

Frå busskø-perspektivet, og kvifor dei handlar som dei gjer (Brox, 1998), kan dette forståast som den einaste måten dei andre bygdene kan handle på. Ifølgje Jentoft (2012, s. 307) gir busskø-perspektivet betre inntening for dei som har blitt igjen, der næringa vil vere tent på å slanke seg. Bakgrunnen for deira handling kan vidare vere at deira fiskerisamfunn får eit tryggare økonomisk grunnlag, stabilisering i talet fiskarar, noko som kan «(...) føre til en konsolidering av bosettingen på kysten» (ibid.). Konflikten ser tilsynelatande å kome uansett, sidan Bugøynes er i same kvoteområde og i same marknad. Informanten seier ein ikkje vert hørt i Fiskarlagsamanheng, noko som kan bety Bugøynes hamnar sist i busskøa, sidan dei manglar gode nok *koordineringsdugleikar* i avrøystinga i Fiskarlagssamanheng. På eit landsdelsnivå kan bygdekampen om retten til tilgangen om kongekrabba forståast på ein slik måte.

8.3.1 Utviklingstendensar i kongekrabbefisket – utfordring for sysselsetjingssystemet? Funna om profesjonaliseringa av fisket, der aktivitetskravet aukar, vart sett på som ønskeleg av dagleg leiar i NKC, sidan det kan føre til meir stabilitet og kanskje få fleire unge kongekrabbefiskarar til bygda. Dette har blitt tolka som eit meir generelt inntrykk av informanten sine tankar kring aktivitetskrav. Det er med andre ord ikkje spesifikk for Bugøynes-fiskaren sitt til felle. Dagleg leiar i NKC fortalte at målet ein fiskar har, er å fiske meir, skaffe seg større båt og etter kvart kome opp i ei større båtklasse. Dette var ifølgje informanten den riktige og einaste vegen. Det vert også nemnt at aktivitetskravet handlar om ei stabil og forutsigbar næring, der ei profesjonalisering kan føre til spesialisering av fisket. Dette kan gjere at ein legg opp til meir tevling, slik som i det interavhengige system vist i (Jentoft 2012). SVK og NKC sine utsagn kan i større grad tolkast imot eit rasjonal som handlar om tryggleik økonomisk.

Dette viser til ei haldning som kanskje spelar i Bugøynesfiskarane sin disfavør, som vil halde aktivitetskravet lågt. Det stirr også mot Brox (1966) sitt syn på lokalsamfunnet, der han meiner kystsamfunnet må forståast som fleire lokalsamfunn i større grad enn eit næringsområde. Brox sa det var lokalsamfunn ein burde ta utgangspunkt i, ikkje næringar. Ei endring eller reversering vekk frå næringsperspektivet i dag kan sjåast utenkjeleg. Utsegna frå representant SVK og dagleg leiar NKC visar kanskje til ei realistisk tilnærming til den økonomiske utviklinga fisket og storsamfunnet har vore gjennom. Dette ser ein kan harmonere med Johnsen, Vik og Sønviksen (2013) si forsking på feltet, der transformerande krefter i det norske velferdssamfunnet dreg fiskaren mot ei meir regulert liv. Overgangen frå

eit ustabilt og usikkert sesongfiske til eit forutsigbart heilårsfiske har ofte vore sett på som eit ynske, noko ei profesjonalisering med auke i aktivitetskravet kan føre til. Konsolideringa kan føre med seg positive ringverknadar, der Jentoft (2012) seier det vil føre til eit økonomisk tryggare lokalsamfunn.

Den norske reguleringspolitikken, som har vist seg meir og meir marknadsbasert sidan tida etter andre verdskrig, kan kanskje rettmessig møte bekymring hjå Bugøynes-fiskaren, dersom utviklinga held fram på same måte. Ved bruk av Jentoft sine metaforar ser denne politikken tilsynelatande ut til å ha omdanna fleire fiskerisamfunn frå å vere funksjonelle til interavhengige system. Fiskerisamfunna langs kysten har gått frå å vere eit fotballag til å verte som ei busskø (Jentoft, 2012, s. 309). Dette kan også vere gjeldande for mine funn i Bugøynes, der ein tilsynelatande ser ut til å halde på fellesskapsverdiane. Det som vert fortalt, og som tidlegare allereie har blitt vist, er at medan dei andre lokalsamfunna *tevlar* om kongekrabberessursen, viser Bugøynes-fiskaren til verdiar som i større grad harmonerer med Jentoft sin fotballag-metafor.

### 8.3.2 Mot eit nytt fiskeripolitisk paradoks?

Det vart sagt at somme fiskerisamfunn ville gagne på at fiskarane i Bugøynes ikkje nådde eit eventuelt høgna aktivitetskrav i framtida. Ein av de aktive kongekrabbefiskarane fortalte at fleire av båtane i Bugøynes ikkje hadde fiskekvotar som tilsvarte 500 000, noko som gjer at desse vil miste tilgangen til kongekrabbefisket. Dette ser ut som utviklingstrekk som i etterspelet av torskekrisa i 1990. Der staten nærast gav mektige aktørar gratis kvoter av ein ressurs eigd av det norske folk, kan det auka aktivitetskravet – kravet for å ta del i kongekrabbefisket – sjåast som eit resultat av sterke aktørar sin kamp bak lukka dører. At fiskeripolitikk har store element av lobbyisme er inga overrasking. Likevel synast utviklinga i fisket etter andre verdskrig, og tendensen i kongekrabbefisket å vere lik. Trondsen (2013, s. 356) seier dei sterke aktørane innan fiskerinæringa deler nettverk med byråkratar i fiskeriforvaltninga, noko mine funn til ei viss grad kan støtte.

Satt oppimot dei nasjonalpolitiske målsetjingane om likt bustadsmønster, som har vore gjeldande sidan 1970-talet, samt Deltakarlova og Havfiskelova, kan diskrepansen mellom nedfelte målsetjingar og realiteten, også tenkast utspele seg innan kongekrabbefisket. Målet med Langtidsplan for norsk fiskerinæring frå 1977 var: «(...) å bevare bosettingsmønsteret

*langs kysten, samt å sikre gode og trygge arbeidsplasser med inntekter på linje med andre næringer»* (Hallenstvedt, 2018). Dersom dei sterke stemmene i mellom anna Båtsfjord og Kjøllefjord får i gjennom sine ynskjer om eit auka aktivitetskrav til 500 000, kan ein stå i fare for å halde fram med og handle annleis enn kva dei viktigaste styringsdokumenta i norsk fiskeripolitikk seier ein skal gjer. Ein kan med dette seie Bugøynes-fiskarane ikkje har tilstrekkeleg påverknadskraft på sentrale fiskerimyndigheter når avgjersler skal takast. Den tilsynelatande gjentakande prioriteringa av dei større aktørane innan fiske, trass distriktpolitiske målsetjingar, kan vise til informanten si oppleving om at ein ikkje vert høyrt i Fiskarlagssamanheng. Det kan også problematisere rekrutteringa ytterlegare, som eg i det neste vil gå gjennom.

## 8.4 Rekruttering til Bugøynes

I førre kapittel vart utfordringane i sysselsetjingssystemet belyst, der ein ser press både innan kongekrabbenæringa og kommunale innsparingsstrategiar for dei offentlege institusjonane. Dette kapittelet vil gå nærmare inn på korleis Bugøynes kan forståast som attraktivt, og startar med korleis rekrutteringa av dagens unge i Bugøynes kan vere utfordrande. Til slutt vil attraktivitetsomgrepet diskuterast, der det vert undersøkt korleis Bugøynes kan vere attraktive for tilflyttarar, folk på vitjing og bedrifter (Vareide m.fl. 2013).

### 8.4.1 Rekruttering av unge i fisket og bygda

Nærleiken til fisket vert sett på som ein viktig del av rekrutteringa innan fisket og i sysselsetjingssystemet i fiskerisamfunn (Johnsen, Vik og Sønviksen 2013; Jentoft og Wadel 1984b). I starten av dette kapittelet vert nærleiken til fisket drøfta opp i mot Bugøynes si historie, i ein kontekst då bygda la seg sjølv ut for sals. Skulen si rolle vert også via noko plass.

I eitt av intervjua vart det påpeikt at unge på 1980-talet vart oppmuntra til å ta seg ei utdanning, noko som i Bugøynes betydde at ein må reise vekk ifrå bygda. Dermed har ein mista nærleiken til fiskeriet som står sentralt i Jentoft og Wadel (1984b) si forklaring. Tek ein derimot utgangspunkt i Bugøynes på 1960- og 70-talet, der meir eller mindre «alle» jobba i fiskeindustrien, kan ein i større grad forstå den naturlege sosialiseringa inn i fisket. Dette kan ha gjort at ein fekk eit naturleg og faktisk forhold til industrien, og ikkje minst inntrykket av at det var ein berekraftig leveveg. Dette kan føre til positive konnotasjonar og nærleik, noko som opprettheldt rekrutteringa. Samanlikna med i dag vil det vere rimeleg å anta at fisket på denne tida hadde ein mykje større plass i lokale born og unges bevisstheit.

Fisket i Bugøynes på slutten av 80-talet kan seiast låg nede med brekt rygg, noko som igjen påverka det lokale sysselsettingssystemet og kontakta med fiskeriet (Johnsen, Vik og Sønviksen, 2013, s. 306). På denne tida var fisket i Bugøynes ei blindgate og mine funn viser at unge vart manøvrert vekk frå bygdas fiskeindustri, grunna dårlige framtidsutsikter. Dette er noko Hetland (1984, s. 45) også peika på, der fiskeyrkjet var hardt og foreldre oppmuntra dei unge til å ta utdanning, sidan det kunne vere lurt å ha noko å falle tilbake på. Hetland seier foreldra gjorde dette sjølv om dei visste at lokalsamfunnet var avhengig av rekruttering til fisket. Dette kan forklare den same ambivalens og paradoks som står bak Bugøynes-foreldre si oppfordring om utdanning: sjølv om ein ynskjer at lokalsamfunnet skal bestå, vil ein at

borna skal ta utdanning og leve «framgangsrike» liv, fordi fiskaryrket er eit tøft levemåteyrke. Dette kan ha fått dei unge ut av bygda og dermed undergreve rekrutteringa til fisket (Gerrard 1975 I Helland 1984, s. 43; Kramvig 2011, s. 113).

Innføringa av niårig obligatorisk skulegang har også vorte sett på som ein negativ faktor til rekrutteringa av fiskarar. Tiller (1984, s. 49) seier dette er eit av dei største innhogga for den naturlege rekrutteringa, der problemet var at skulen ikkje var tilpassa typiske fiskeridistrikt som dømevis Bugøynes. Etterslepet av skulen si distansering frå fisket på 1970-talet kan tenkast å ha spelt ei rolle for manglande rekruttering – der tidlegare generasjonar ikkje fekk same nærleiken til fisket som sin foreldregenerasjon. Det same kan seiast dersom fleire av foreldra i Bugøynes oppfordra sine born til å ta utdanning på 1980-talet. Effekten av at førre generasjons potensielle fiskarar vart oppmuntra til utdanning, er mogleg ein ser resultatet av i Bugøynes i dag.

Funnet om at ein vart oppfordra til å *ikkje* verte fiskar ser eg på som interessant. Ein går vekk i frå eit ynskje om at borna vert verande i bygda, noko som ein veit kan gå på bekostning av bygdelivet. Oppfordringa til det å verte fiskar har nok endra seg til i dag, der det seiast ein har fleire valmoglegheiter. Skulen sin overgang til niårig i 1969 vert også sett i samanheng med manglande rekruttering i fisket (Hetland 1984). Johnsen, Vik og Sønviksen (2013) viser til ei naturleg utvikling der færre og færre vert rekruttert inn i fisket ettersom talet på fiskarar har gått ned. Nærleiken til fisket synast avgjerande, der familien kan sjåast som viktigaste rekrutteringsarena<sup>27</sup>

Valet om å verte fiskar kan difor seiast er påverka av dei nærmeste. Men sidan Bugøynes har relativt mange fiskarar i forhold til innbyggartal, og havet som nærmeste nabo, skulle vel dette tilseie at rekrutteringa var god?<sup>28</sup> Og at nærleiken kan føre til ei oppretthalden rekruttering, som vidare skulle føre til at det er attraktivt? Sidan 1990 har stat og regjering brukta økonomiske verkemiddel for å få folk til å bu i landsdelen gjennom tiltakssona. I tillegg til dette kan ein få tilskot frå SVK, fylkeskommune og Sameting, samt oppstartsordningar gjennom Inovasjon Noreg. I gjennom kongekrabbefisket kan ein også tene: «*(...) en 500-550 000,- på en ukes arbeid*», ifølgje dagleg leiar i NKC. Burde ikkje dørene inn til fiskeri- og kongekrabbenæringa i Bugøynes stå vidopne og ungdommen i kø? Likevel er det er

---

<sup>27</sup> Tal frå 2007 viser at 97% av nordnorske fiskarar rekrutterast gjennom familie eller heimkommunen (Johnsen, Vik og Sønviksen 2013)

<sup>28</sup> Om lag 20 fiskarar og 200 innbyggjarar

tilsynelatande få lokale på veg inn i fisket, noko som ikkje kan forklarast økonomisk, eller med geografisk nærleik. Kva då med den familiære, som Johnsen, Vik og Jørgensen (2013) seier er viktig for rekruttering?

Ulrich Beck (2004) seier dei sosiale posisjonane ein får tildelt frå sine foreldre ikkje lengre utgjer klare navigeringspunkt i jakta på identitet. Han seier ein sjølv har valet til å gjere slik ein vil, og at individualisering er resultatet av forvitringa av før-moderne navigeringspunkt som familie og klasse. I det deregulerte, destandardiserte og destabiliserte moderne samfunn får ein sjølv valet til å gå vekk frå sine tilskrivne sosiale posisjonar, gjerne basert på sine foreldre sine yrkesvegar. Med dette kan ein seie at unge kanskje har eit større moglehetsmangfald, noko som stoppar rekrutteringa i fisket til Bugøyne.

Morten Strøksnes (2006, s. 71-2) har drøfta tendensar innan nordnorske fiskerisamfunn og seier at individualiseringsprosessen handlar om å «finne seg sjæl». Han nemner at dei valmoglegheitene som finns for unge i dag, gjer at ungdommar vert førstepilotar i sitt eige livsprosjekt som skal føre til gull og grøne skogar. Med valmoglegheiter kan ein oppleve fridom, men fridommen kan også skape usikkerheit. Dette nemner også Beck, der ein i moderniteten er dømt til å velje, som kan minne om ei slags normativ tvang, der unge *skal* eller *bør* sjølvrealisera i havet av moglegheiter. Unge sitt val om å velje *rett* vert ei utfordring. Strøksnes (2006, s. 72) seier at dersom ein vert verande i den nordnorske heimbygda og tek over garden eller fiskarbåten til familien, vil den unge sjåast på som ein tapar – uansett kor økonomisk fornuftig det er å bli verande. Dette seier Strøksnes er fordi ungdommen ikkje har velt sjølv, ein har velt på *andre*, sine foreldre, sine premissar.

Ottar Brox (1966) og Strøksnes skil seg frå kvarandre her, kva som er bakgrunnen til individets handling (Brox 1998). Der Brox (1966) meinte det var vanskelege økonomiske tider som dreiv ungdommane ut av bygda, er det for Strøksnes den moderne og individualistiske tankegangen. Strøksnes (2006, s. 71) skriv: «Dessuten er unge sunne mennesker sultne på verden», og dei forventast å gripe og omfavne dei valmoglegheitene velferdsstaten har skapt. Moglegheitene til personleg utvikling denne fridommen har skapt vert for han ei mogleg forklaring. På Brox si tid hadde ikkje unge denne moglegheita, der det kan tenkjast at velferdsstaten ikkje var ferdigutvikla. I dag vert unge på bygda næraast «tvungne» til å reise ut (Strøksnes 2006). Utdanning var ikkje naudsynt for å få seg jobb i fiskeriindustrien, men sidan den tradisjonelle industrien i større eller mindre grad er forsvunnen, står det igjen få jobbar utan krav til formell kompetanse. Dette kan ein sjå i Bugøyne, der dei fleste unge reiser ut fordi vidaregåande opplæring kan sjåast som eit

normert krav, for å leve «framgangsrike liv» i kunnskapssamfunnet (Kramvig 2011). Dette kan vere ein bakgrunn for dei unge sitt val (Brox 1998).

Det har openbart vore ei eller anna form for endring mellom då Brox (1966) og Strøksnes (2006) skreiv sine bøker med same tittel. Det same kan seiast om dei unge i Bugøyne. Om «modernitet» aleine kan forklare kvifor Bugøyne ikkje har tilstrekkeleg tiltrekkingsskraft på dagens unge, synast lite truleg. Til det er biletet nok for komplisert. Likevel har ei endring skjedd, der utdanningsmogleheitene stort sett finnast i urbane områder, noko den seinare Brox (2011, s. 158) peiker på som ein faktorane for småsamfunns rekrutteringssvikt. Om dette er gyldig eller ikkje for unge i Bugøyne i dag er usikkert, men det kan vise til at utdanning, kunnskap og skuleverket er meir vektlagt i vår samtid.

#### 8.4.2 Bugøyne som attraktivt lokalsamfunn?

Som Lysgård og Cruickshank (2016, s. 98) viser, kan kva som oppfattast attraktivt variere etter posisjon i samfunnet. For å kunne seie noko om korleis Bugøyne kan forståast som eit attraktivt lokalsamfunn, vil det vere nærliggande å sjå attraktivitet opp i mot rekrutteringa i arbeidslivet og kor mange som moglegvis kunne tenkje seg å flytte dit. Dette er den tradisjonelle måten å tilnærme seg migrasjon, at tilgang til arbeid er det viktigaste motiv for migrasjon (Sørli, 2012). Denne tilnærminga var den som vart mest vektlagt av informantane. Dette betyr at dersom det vert etablert fleire arbeidsplassar, vil fleire busetje seg i Bugøyne. Av dei arbeidsplassane i Bugøyne som har vore undersøkt i denne studia, er omsorgssenteret og fiskarflåta begge utsett for press. Omsorgssenteret opplev trugslar om kutt, medan fiskarflåta opplev det nye aktivitetskravet som eit trugsmål mot tilgangen til kongekrabba. Tidlegare i oppgåva har det vore argumentert at desse to delane av sysselsetjingssystemet, samt NKC-fabrikken, heng saman og vil påverke kvarandre, der husstanden vil møte utfordringar dersom ein av dei to i hustanden mistar arbeidet. Dette vil spele negativt inn for Bugøyne si attraktivitet, der det kan føre til fråflytting frå lokalsamfunnet, og det blir færre til å fylle viktige funksjonar i det funksjonelle systemet (Jentoft, 2012, s. 308). Ei von for omsorgssenteret kan vere eldrebølgja, og difor større behov for arbeidskraft, noko som kan fungere som attraktivt på sikt. Sørli (2012) sitt resonnement om større konkurranse om arbeidsplassar i byen, kan også opne for at migrasjonen til rurale områder aukar. Samstundes seier Sørli (2012) at motivasjonen bak migrasjon har endra seg, der stadsattraktivitet og mogleheter på staden sett på som viktigare enn før (Sørli, 2012). Dette problematiserer

tilflyttinga til Bugøynes: kven skal syte for stadsattraktivitet og moglegheiter på staden dersom det til slutt ikkje er att folk der?

Eit interessant poeng når det gjeld tilgangen til kongekrabba, er at Måsøy kommune hadde positive ringverknadar av å bli innlemma i kvote-sona – det meir innbringande kongekrabbefisket (Klo 2017; Måsøy kommune 2017). I denne samanheng kan Måsøy sjåast som eit lokalsamfunn som har opplevd auka attraktivitet grunna tilgangen til kongekrabba. Kvifor Måsøy kommune har opplevd befolkningssauke etter dei vart del av kvote-området kan ha fleire årsaker, men det vert vanskeleg å samanlikne Måsøy på kommunenivå, medan Bugøynes er ei bygd under kommunenivå. Om ein skal sjå nærmare på dette, bør ein sjå på dei ulike lokalsamfunna Måsøy består av, jfr. Brox (1966) og Wadel og Jentoft (1984). Eit anna poeng kan vere at sidan kvoteområdet har auka, og kongekrabba moglegvis kan spreie seg sørover, kan kanskje fleire kommunar på sikt ta del i kvoteområdet. Spørsmålet då vert om potensielle tilflyttarar som flyttar grunna kongekrabba, vurderer andre stader over Bugøynes.

Når det gjeld turisme, eller det Vareide (m.fl. 2013, s. 20) kallar vitjing til staden, vert denne målt utifrå om vitjinga gir grunnlag for å oppretthalde eller vidareutvikle lokalsamfunnet. Ut i frå mine funn om turisme i Bugøynes kan ein seie at turisma til Bugøynes i 2019 er med å på oppretthalde staden si attraktivitet. Sidan det er om lag 6000 finske badeturistar som kjem til Bugøynes i turistsesongen, betyr dette at Bugøynes er attraktivt for turistane, samt at det sysselsett nokre av dei fastbuande. I tillegg er det mindre turistaktørar som driv småskala kongekrabbeturisme som konkurrerer med dei større aktørane i Kirkenes. Med dette kan ein seie at vitjinga i Bugøynes *opprettheld* lokalsamfunnet, men at den ikkje naudsynt vidareutviklar det. For at det skal vidareutviklast og vere attraktivt for ytterlegare næringsdanning bør kanskje satsinga aukast ytterlegare, slik representant frå SVK-administrasjonen foreslår.

Innan tiltakssona er det generelt eit stort behov for folk i aldersgruppa 18-40 år. Kor denne aldersgruppa flyttar har stor regionalgeografisk betydning, sidan det er denne gruppa som stort sett føder born (Angell m.fl. 2012, s. 53). For at ein skal kunne få fleire småbarnsfamiliar til Bugøynes og betre sysselsetjingssystemet, kan Triangelsambandet mellom Vadsø, Bugøynes og Kirkenes kanskje bidra til fleire arbeidsplassar. Dette prosjektet er i gang der Fylkestinget i Finnmark gav si tilslutning mars 2019 (Pedersen, 2019).

## 8.5 Oppsummering av rekruttering og attraktivitet

I delkapittelet ovanfor har eg vist at skulen si rolle frå 70-talet, saman med eit interessant funn om at unge i Bugøynes vart oppfordra til utdanning på 80-talet, kan ha vore medverkande årsaker til at rekrutteringa til fisket i dag er lågt. Generasjonskløfta som har gått i mellom desse fiskarane synast å samsvare med den generelle nedgangen i fisket ein har sett i nord, men også nasjonalt (Zachariassen og Christensen, 2014, s. 352; SSB, 2019a).

Kunnskapssamfunnet er eit omgrep som viser til korleis utdanning i dag har vorte meir veklagt, og nytta saman med Strøksnes, Beck og Brox for å kaste ljós over at endringane i fisket kan ha ein samanheng med ei samtid der familie og nære relasjonar ikkje fungerer deterministiske i like stor grad som i industrisamfunnet. Svakare familierelasjonar, større tryggleik, og i Noreg – ein «varm» velferdsstat – kan ha gjort levemåte-yrket fiske mindre interessant (Johnsen, Vik og Sønviksen 2013, s. 314; Strøksnes 2006, s. 71).

Moglegheitsmangfaldet for unge i dag kan ha gjort at fisket i Bugøynes ikkje har klart å oppretthalde rekrutteringa, spesielt når ein mistar nærleiken ved å gå på vidaregåande skule i Kirkenes. Dette kan ha gjort små fiskerisamfunn sårbare, og kan kanskje sjåast på som ei av mange samansette årsaker til at Bugøynes står ovanfor rekrutteringsutfordringar i dag. Dette kan igjen svekke Bugøynes si attraktivitet.

Men kan ein berre peike på desse hendingane som årsak til at Bugøynes opplev utfordringar? Kongekrabba var tenkt å representera ei moglegheit og håp for bygda, noko den definitivt var i tida etter bygda la seg ut for sal i 1989. I Bugøynes synast det ein gjort det beste for å gjere seg gjeldande med dei ressursane ein har hatt tilgjengeleg.

Bugøynes sine utfordringar kan gjere staden mindre attraktiv for potensielle tilflyttarar, der lokalsamfunnet har låg tilflytting. Fiskarflåta er aldrande og det synast som tilgangen til kongekrabba moglegvis vert vanskelegare i framtida. Sidan det er knytt usikkerheit til kongekrabba si spreiling, kan fleire fiskerisamfunn som Måsøy verte inkludert i kvoteområdet. Dette kan gjere at Bugøynes får fleire konkurrentar når potensielle tilflyttarar skal velje kor ein skal busetje seg. Omsorgssenteret kan oppleve auka behov for arbeidskraft grunna eldrebølgja, men dette det utfordra av moglege kutt frå kommunen. Difor kan kommunen sine kutt i omsorgssektoren gjere Bugøynes til eit mindre attraktivt lokalsamfunn. Fleire arbeidsplassar er ifølgje informantane ynskjeleg, der Triangelsambandet mellom Kirkenes, Vadsø og Bugøynes kan føre til auka tilflytting.

## 9.0 Avslutting og konklusjon

I denne oppgåva har eg ønska å seie noko om kva konsekvensar kongekrabba har hatt for Bugøynes. For å finne ut av dette har eg gjennomført to besøk til staden, der det etter det første vart interessant å sjå nærmare på kva utfordringar Bugøynes hadde. Desse utfordringane har handla om potensielle kutt i helse- og omsorgstenesta, auka i aktivitetskrav for kongekrabbefiskarane og ei aldrande befolkning i lokalsamfunnet. Ambisjonen har mellom anna vore å undersøkje om Bugøynes sitt innbyggjartal har vorte påverka av kongekrabba – om det har vore ein samanheng mellom tilflytting og nærleik til kongekrabbefisket i bygda, og om Bugøynes på nokon måte har gått imot dei meir generelle demografiske trendande for fiskeribygder i Nord-Noreg. For å finne svar på dette har eg jobba ut i frå overordna problemstilling: «*Kva konsekvensar har kongekrabba hatt for Bugøynes?*» og forskingsspørsmåla: «*Kva utfordringar har sysselsetjingssystemet Bugøynes?*» og «*Korleis kan Bugøynes forståast som eit attraktivt lokalsamfunn?*». Gjennom to feltarbeid i bygda og intervju med totalt 12 informantar, har eg satt funna oppimot Wadel og Jentoft (1984) sitt sysselsetjingsomgrep, utviklingstrekk som auka målstyring i offentleg sektor, attraktive lokalsamfunn, samt nord-norsk demografisk og den historiske utviklinga innan fisket.

Tilnærminga til den overordna problemstillinga har vore gjennom dei to forskingsspørsmåla.

Det første forskingsspørsmålet har handla om sysselsetjingssystemet Bugøynes sine utfordringar, der det har vore eit forsøk å setje Bugøynes og deira utfordringar, inn i ein regional og nasjonal kontekst. Mange av utfordringane bygda står ovanfor ser ut til å ha kome trass kongekrabba. Eg har argumentert for at det kan sjå ut som Bugøynes 2019 møter dei same utfordringane som då bygda la seg ut for sal i 1987. Denne gong handlar det ikkje om at fiskarbruket har gått konkurs, men om utfordringar frå fleire hald. Mine funn viser at informantane uttrykker bekymring for sviktande rekruttering innan fisket, kutt i offentleg tenesteyting, at dei unge kjem ikkje tilbake, låge fødselstal i bygda og lite tilflytting. Dette ser ut til å henge saman i sysselsetjingssystemet Bugøynes, og gjer at informantane viser bekymring for framtida. Eg har argumentert for at utfordringane sysselsetjingssystemet Bugøynes står ovanfor kan sjåast som ein sum av vår samtid. Familien sitt ynskje om stabilitet, kan vise til ei endring i verdiar og haldninga. Det same kan seiast om moglegheitene dei yngre har i dagens samfunn (Strøksnes, 2006). Mine funn viser til ei oppleving av tevling, der «busskø» har forrang for omsorg, samarbeid og «fotballag». Færre varme hender på omsorgssenteret kan føre til eit kaldt og nedlagt lokalsamfunn. Presedensen

auka i aktivitetskravet kan føre til, kan gå ut over fiskarane og deira familiarar i Bugøynes. Det er nærliggande å anta at NKC-fabrikken også vil verte påverka. Det låge talet på born gir klart teikn til at barnehagen har utfordringar, noko som heng saman med elevtalet på skulen. På oppvekstsenteret vil ein innan to år ha gått frå 17 til 12 elevar. Dette kan igjen føre til færre lærarar. Det låge talet på unge, samt rekrutteringa inn til bygda, synast som dei største utfordringa for Bugøynes i 2019. Om to år er det eitt barn i barnehagen. Utfordringane til Bugøynes ligg ikkje berre to år fram i tid, men det synast at den er den fremste i rekka. Ein treng fleire folk i bygda om den skal overleve.

I oppgåva sitt andre forskingsspørsmål har eg argumentert for at dei opplevde trugslane institusjonane innan «fiskegarnet» Bugøynes, heng saman med bygda si attraktivitet. Denne kan forståast gjensidig påverkande, der attraktiviteten speglast i den usikkerheita sysselsetjingssystemet står i. Dette kan gjere at folk som potensielt kan kome inn for å styrke trådane i fiskegarnet, vurderer dette ned. Ustabilitet i bygdas institusjonar er korkje tiltrekkande eller attraktivt. Dette gjer at forskingsspørsmåla i denne studia må sjåast i samband med kvarandre: størsteparten av Bugøynes sine utfordringar har kome *fordi* dei ikkje er attraktive. Eit unntak ser ut til å vere turisme. Å klare å få turistane fra Kirkenes og til Bugøynes, og skape ytterlegare lokal sysselsetjing bør difor vere ei målsetjing for turistaktørar i Bugøynes.

På kommunalt nivå har SVK befolkningsnedgang og høg kommunegjeld, der det har vore argumentert for kommunens rasjonalitet, deira verdiar bak handling. SVK sine handlingar vert deira val om å kutte i omsorgstenesta for å best mogleg ivareta kommuneøkonomien, samt at dei vel å plassere dømevis symjehall og skular i nærleiken av Kirkenes sentrum. Ut i frå mine funn ser dette ut til å utover Bugøynes omsorgssenter, og fører til ein forsterka sentrum-periferi-dikotomi.

Oppgåvas overordna problemstilling har vore: «*Kva konsekvensar har kongekrabba hatt for Bugøynes?*»

I eit komplekst samspele har kongekrabba gitt og haldt liv til offentlege institusjonar som omsorgssenter, skule og barnehage i Bugøynes dei tre siste tiåra. Dersom ein legg informantane sine spådommar til grunn, kan vegen vidare sjåast på som utfordrande.

